

Den ikkje-biologiske mora

Sosiale mødrer i Sigrid Undset sine forteljingar



Sara Hjelmaas Matland

Mastergradsoppgåve i nordisk litteratur

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar

Universitetet i Bergen

Vår 2023

Takketid

Først vil eg takke rettleiaren min, Christine Hamm, for uvurderleg rettleiing og god tru på prosjektet mitt. Etter ein samtale med deg føler eg meg alltid inspirert og motivert.

Takk til gode venner på studiet og lesesalen. Det siste året hadde ikkje vore det same utan alle kaffi-, te- og skravlepausane. Takk for at eg har fått lov til å klage, og takk for alle gode innspel, både i masterforum og elles.

Til slutt vil eg takke familien min. Takk til mamma, Markus og Sofie. Eg hadde trass alt ikkje vore den eg er i dag utan dykk! Takk for at de alltid heiar på meg og oppmuntrar meg når det trengs. De har på kvar dykkar måte sørga for gode avbrekk i masterskrivinga, både heime på Karmøy og her i Bergen. Særleg takk til mamma og tante Hildegunn som har lese korrektur på oppgåva mi.

Bergen, mai 2023
Sara Hjelmaas Matland

Innhaldsliste

1 Innleiing	1
2 Undset-forskinga	7
2.1 Undset i litteraturforskinga	7
2.2 Forskingsitteratur som omtalar forteljingane	10
2.3 Moderskap hjå Undset	15
3 Teoretisk bakgrunn	17
3.1 Moderskapet og debatten kring det i Sigrid Undset si samtid	17
3.1.1 Kvinnenesaka som kontekst	17
3.1.2 Debatten om moderskapet	19
3.2 Feministiske moderskapsteoriar	24
3.2.1 Simone de Beauvoir: Den kvinnelige kroppen i sentrum	25
3.2.2 Sara Ruddick: Moderskapet som praksis og tenking	27
3.2.3 Patrice DiQuinzio: Å unngå essensielt moderskap	30
3.3 Teori om ikkje-biologisk moderskap	31
3.3.1 Ikkje-biologisk moderskap som illegitimt moderskap	32
3.3.2 Den ikkje-biologiske morskroppen	33
3.3.3 Det betalte morsarbeidet	35
4 Betalt moderskap i «Frøken Smith-Tellefsen»	37
4.1 Forteljaren og framstillinga av Aasta	37
4.2 Betalt moderskap og vanskelege grenser	39
4.3 Aasta som mor: «disse barna er jeg jo paa en maate i mors sted for»	45
4.4 Motstemmar i teksten: Essensialistiske syn på moderskap	49
4.5 To syn på barneoppdragning og familieliv	51
4.6 Skuggesidene ved betalt morsarbeid	55
4.7 Kva har Undset fortalt oss om den betalte mora?	58
5 Den omsorgsfulle pleiemora i «Thjodolf»	59
5.1 Komposisjon og forteljar	59
5.2 Helene er ufrivillig barnlaus	61
5.3 Helene som nybakt pleiemor	66
5.4 Den biologiske mora er ikkje den beste mora	72
5.5 Undset sine to kvinnetypar	77
5.6 Kven er mor?	80
5.7 Kva har Undset fortalt oss om pleiemora?	82
6 Stemora sine utfordringar i «Gunvald og Emma»	84
6.1 Komposisjon og forteljar	84
6.2 Gunvald: Ein far som gjer morsarbeid	86

6.3 Den biologiske mora si avgjerande rolle	88
6.4 Moderlegheit er uavhengig av moderskapet	89
6.5 Morsrolla: Ei rolle som krev ansvar.....	91
6.6 Betydinga av biologi	99
6.7 Dei to kvinnetypane: Hore og madonna	102
6.8 Kva har Undset fortalt oss om stemora?	105
7 Avslutning	106
Litteraturliste	111
Samandrag.....	116
Abstract	117
Oppgåva si profesjonsrelevans	118
Tilhøyrande litteraturliste.....	119

1 Innleiing

I forteljinga «Thjodolf» frå 1918 lar Sigrid Undset pleiemora Helene få høyre at morserfaringane ho gjer seg ikkje kan samanliknast med korleis morskjærleiken vert opplevd av den biologiske mora: «Men kjære, De er da bare hans pleiemor – det er da ikke som han var Deres egen. De som selv er saa glad i ham, De maa da kunne sætte Dem ind i hans virkelige mors følelser →» (Undset, 1918, s. 73). Med dette sitatet peikar Undset på ei erfaring mange kvinner kan kjenne seg igjen i. Familien i dag er kjenneteikna av mangfald, og mange vil oppleve å vere i familie med menneske dei ikkje har biologiske band til. Det er ikkje lenger berre graviditet og fødsel som gjer ei kvinne til mor. Ho kan òg verte mor som til dømes stemor, fostermor, og adoptivmor, som lesbisk medmor, eller gjennom medisinsk assistert eggdonasjon. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser oss blant anna at i 2022 hadde omtrent ein tiandedel av norske barnefamiliar minst eitt særkullsbarn (Statistisk sentralbyrå, 2022a), at det same året budde 7800 barn i fosterheim (Statistisk sentralbyrå, 2023), og at totalt 288 barn vart adoptert i 2021 (Statistisk sentralbyrå, 2022b). Avisartiklar og kronikkar med titlar som «Året som fosterforeldre ble vår verste tid» (Kumano-Ensby & Flyum, 2014), «Bonusfamilier i lovløst terreng» (Tigerstedt, 2022) og «Mine, dine og våre barn: Slik unngår du arvekonfliktene» (Ingebrigtsen, 2022), viser oss samstundes korleis livet i «den moderne familien» – som ein ofte likar å kalle det, òg kan vere prega av ei rekke særeigne utfordringar.

Det er lett å få intrykk av at slike familierelasjonar først og fremst er typisk for i dag, men Sigrid Undset si skriving på starten av 1900-talet viser oss samstundes korleis ikkje-biologiske familierelasjonar òg må ha vore eit tema ho har opplevd som aktuelt for rundt hundre år sidan. Som ein del av sin tidlege samtidslitteratur ga Undset ut fire forteljingssamlingar. Til saman inneheld *Den lykkelige alder* (1908), *Fattige skjæbner* (1912), *Splinten av troldspeilet* (1917) og *De kloge jomfruer* (1918) femten forteljingar av varierande lengd, og gjennomgåande er det at dei knyter an til aktuelle debattar om moderskapet, farskapet, og generelt kvinna si stilling og rolle i samfunnet. Samanlikna med andre verk av den nobelprisvinnande forfattaren, er forteljingane lite kommentert i litteraturforskinga, og det føreligg heller ingen lengre vitskaplege arbeid om dei.¹ Medan mykje har vorte skrive om til dømes *Kristin Lavransdatter*

¹ To hovudoppgåver er skrivne om *Fattige skjæbner*: Ragnhild Øverland si *Sigrid Undsets novellesamling «Fattige skjæbner»: En motiv- og tema-analyse* frå Universitetet i Bergen (Øverland, 1973) og Solvor Hellesvik si *Vi har spadd i samma have i aar: Sigrid Undset: Fattige skjæbner og Nini Roll Anker: De Vaabenløse* frå Universitetet i Oslo (Hellesvik, 2003). Ingen av desse er imidlertid tilgjengelege for offentlegheita.

og *Jenny*, er berre eit fåtal artiklar via til forteljingssamlingane. Men forteljingane er interessante å undersøke nærmare, og det er særleg fordi Undset her presenterer lesaren for eit så stort mangfald av nettopp familiar, mødrar og fedrar. I «Den lykkelige alder» møter vi til dømes Uni som gir opp skodespelarkarrieren sin for ekteskap og barn, medan Fru Iversen i «Et halvt dusin lommetørklær» opplever å ikkje strekke til som mor, då arbeidsbyrda hennar er for stor. I «Simonsen» er det farskapet som vert tematisert når Undset skildrar samspelet mellom ein omsorgsfull, men arbeidslaus far og den «uekte» dottera hans.

Det er likevel måten Undset vel å skrive om dei kvinnene som tek seg av barn dei ikkje har født sjølv som spesielt vekker ei interesse hjå meg. Ein forfattar som av mange har vorte avskrive som ein reaksjonær antifeminist, løftar her fram kvinner som elles ikkje hadde ei stemme i samtidia. Undset stilte seg kritisk til den moderne utviklinga og mykje av den kvinnekampen som følgde med. Ho kritiserte kvinnedoktrinen og saka deira, og kallar seg sjølv reaksjonær i etterordet til artikkelsamlinga *Et kvinnesynspunkt* (Undset, 1919, s. 113). Men det er tydeleg at Undset var interessert i kvinnene. Medan kvinnedoktrinen på denne tida særleg kjempa for dei ugifte aleinemødrene sine rettar, er Undset på same tid òg opptatt av mødrar i ekteskap som på ein eller annan måte bryt med den etablerte norma. Ho viser oss at moderskapet kan vere noko anna enn berre det livslange forholdet mellom ei mor og barnet ho har født. Ho presenterer oss for ei utvida moderskapsforståing, der det vert tydeleg at ho ikkje ser på moderskap som biologisk bestemt. Det er difor korleis Sigrid Undset framstiller den sosiale, ikkje-biologiske mora i forteljingane sine som vil vere fokuset for avhandlinga mi.

Eg har valt ut tre noveller frå to av samlingane: «Frøken Smith-Tellefsen» frå *Fattige skjæbner* (1912), og «Thjodolf» og «Gunvald og Emma» frå *De kloge jomfruer* (1918).² Med desse tre forteljingane nyttar Undset høvet til å vise fram nokre av den ikkje-biologiske mora sine moglege situasjoner. I løpet av desse tre forteljingane møter lesaren ei kvinne som får betalt for morsarbeidet ho utfører, ei pleiemor med ei sterkt lengt etter eit barn å ta seg av, og ei kvinne som vert stemor gjennom ekteskapet. Det er nærliggande for meg å spørje kva det er som gjer at lesaren les desse kvinnene som mødrar om det ikkje er biologi. Kan desse i utgangspunktet

² Det er naudsynt å legge til ei klargjering kring sjanger og omfang på skjønnlitteraturen. Undset sjølv har gitt dei ut som forteljingssamlingar, men sekundær litteraturen omtalar dei like ofte som noveller (Rieber-Mohn, 1978, Hamm, 2017). Forteljingane er òg av ei viss lengd: Medan «Frøken Smith-Tellefsen» nærmar seg seksti sider, er dei to forteljingane frå *De kloge jomfruer* på kring åtti sider kvar. Med bakgrunn i dette har Elisabeth Aasen valt å kalle «Thjodolf» og «Gunvald og Emma» for kortromanar (Aasen, 1985). Eg kjem til å bruke både forteljing og novelle som omgrep for å omtale tekstane, på same måte som det er gjort av andre.

barnlause kvinnene i det heile kallast mødrer? Er nokre av morserfaringane dei gjer seg spesifikke for dei som ikkje-biologiske mødrer? Og kva spesielle utfordringar møter dei, som kanskje ikkje andre kvinner møter? Eg vil òg lese dei tre novellene med utgangspunkt i ein tanke om at dei vil kunne avspegle noko av dagens situasjon, og difor spør eg: Kan Undset sine hundre år gamle skjønnlitterære refleksjonar kring ikkje-biologisk moderskap òg vere interessante og lærerike for oss i møte med desse mødrene i dag? Kva er det som karakteriserer situasjonen til den sosiale mora?

Avhandlinga spring ut frå ei interesse i det feministiske forskingsfeltet. Feminismen sitt forhold til moderskapet er prega av å vere omstridt. Medan nokre meiner det er moderskapet som er sjølvé årsaka til at kvinna har vorte avgrensa og undertrykt, meiner andre at det er i moderskapet ein finn kvinna si rette identitet, og at det bør oppvurderast som arbeid. Uansett posisjon er det eit viktig poeng at feminismen heller ikkje kan oversjå moderskapet. Patrice DiQuinzio formulerer det slik i innleiinga til *The Impossibility of Motherhood* frå 1999:

To the extent that mothering, in all its diverse forms, remains an important aspect of many women's lives and that decisions about whether, when, and how to mother continue to face almost all women, feminism cannot claim to give an adequate account of women's lives and to represent women's needs and interests if it ignores the issue of mothering (DiQuinzio, 1999, s. xi).

Uansett om ei kvinne er eller ikkje er, ønsker å verte eller ikkje ønsker å verte mor, vil moderskapet angå henne på den måten at det ikkje er mogleg å sjå feministiske tema som kjønn, kropp, begjær og undertrykking som separat frå det.

Mange feministiske teoretikarar har skrive om moderskap, og dei siste tiåra har moderskapsstudiar òg vekse fram som eit distinkt og etablert forskingsfelt. Her står målet om å kunne analysere og teoretisere opplevingar av moderskapet, slik det vert opplevd av mødrene sjølvé, sentralt. Elizabeth Podnieks & Andrea O'Reilly står bak antologien *Textual Mothers/Maternal Texts: Motherhood in Contemporart Women's Literatures*, der det vert undersøkt korleis forfattarar har brukt litteraturen som ein stad for å både utforske og utfordre tradisjonelle førestillingar om moderskapet (Podnieks & O'Reilly, 2010). Dei legg til grunn ein viss samanheng mellom tekst og det verkelege livet, der tanken er at dei tekstlege representasjonane kan bidra til å reflektere rundt og redefinere verkelegheita av det å vere mor. Lesingane som vert gjort seiast å vere matrifokale, fordi dei tar hand om og framhevar morstemaet i den gitte teksten (Podnieks & O'Reilly, 2010, s. 3). På same måte som i Undset

sine forteljingar, er det snakk om skjønnlitterære tekstar der lesaren kjem tett på mora og hennar erfaringar gjennom anten ein førstepersonsfoteljar eller ein personorientert tredjepersonsfoteljar. Lesinga mi av «Frøken Smith-Tellefsen», «Thjodolf» og «Gunvald og Emma» vil særleg framheve framstillinga av den ikkje-biologiske mora, noko som sjølv innan moderskapsstudiar har vore lite gjort tidlegare. Nettopp det at den ikkje-biologiske mora har vorte oversett sjølv i moderskapsforskinga står òg som ein særleg motivasjon bak prosjektet.

Forteljingane kjem til å lesast opp mot det feministiske feltet sine moderskapsstudiar. Medan ein stor del av moderskapsforskinga i all hovudsak har lagt til grunn dei biologiske banda mellom mor og barn (Kristeva, 1986, Rich, 1976, mfl.), har eg valt meg ut tre moderskapsstudiar som eg meiner opnar for ei forståing av moderskapet som òg kan inkludere dei ikkje-biologiske mødrane. Felles for Simone de Beauvoir, Sara Ruddick og Patrice DiQuinzio er at dei vektlegg moderskapet som noko sosialt, og dei bidrar på kvar sin måte med omgrepssverktøy som kan nyttast til å seie noko om desse kvinnene som mødrer. For best mogleg å fange opp det spesifikke ved dei ikkje-biologiske mødrane sin situasjon, vil det vere naudsynt òg å sjå til andre fag- og forskingsområde. Fagartiklar frå felt som sosiologi og kulturstudiar bidrar med innsikt som tilseier at det ikkje-biologiske moderskapet på mange måtar er likt det biologiske i måten det deler både emosjonelle og kroppslege erfaringar. Samstundes vert det verande eit viktig poeng korleis ikkje-biologiske mødrer ofte opplever å verte nedvurdert som mødrer, fordi dei ikkje er «ekte». Å få til ein dialog mellom det historiske materialet til Undset og denne nyare faglitteraturen meiner eg kan vere med på å belyse det ikkje-biologiske moderskapet på nye måtar.

Det kan sjå ut som at Undset har ei personleg interesse i det ho skriv om i desse tre forteljingane. I tida ho skriv og gir ut forteljingane, er livet på heimebane prega av det å vere mor (Slapgard, 2007). I tillegg til sine biologiske barn, var ho òg stemor for dei tre barna ektemannen, Anders Svarstad, hadde frå eit tidlegare ekteskap. Samstundes som vilja hennar til omsorg er stor, viser det seg at omveltingane vert store i det stebara på tretten, elleve og åtte flyttar inn hjå dei og vert ein fast del av familien. I eit brev til Ragna Nielsen 8. oktober 1917 skriv Undset følgande om situasjonen: «Det er ofte saa fortvilet vanskelig at være stedmor for store barn, som dessuten har sin mor i live, stadig er sammen med hende og under hendes påvirkning» (gjengitt i Slapgard, 2007, s. 188). Undset har sjølv fullt rolla som ikkje-biologisk mor, og med forteljingane vert det openbert at det har vore viktig for henne å utforske erfaringane ho gjorde

seg òg litterært. Spesielt i «Gunvald og Emma» kan ein kanskje sjå nokre av dei personlege erfaringane att, når Undset gir lesaren innsikt i stemora sin situasjon.

Moderskapet står altså som eit sentralt tema i Undset sitt forfattarskap. Så vel som i forteljingane kan ein sjå dette att i både romanane og sakprosaen hennar. Christine Hamm har blant anna skrive boka *Foreldre i det moderne*, der ho hovudsakleg tar føre seg Undset sine romanar, og undersøker framstillinga av både mødrer og fedrar i desse (Hamm, 2013). På same måte som for Hamm, vil eit sentralt anliggande i avhandlinga mi òg vere å lese novellene opp mot Sigrid Undset sine eigne meininger, slik dei hovudsakleg har vorte formulert i sakprosaen hennar. Her kan ein sjå at Undset stadig går hardt ut i meiningsane sine i debattar som dreier seg om kvinna si rolle og moderskapet i samtid, noko som òg har bidratt til antifeminist-stempelet. Innlegga hennar ligg heile tida i bakgrunnen for det ho skriv om i forteljingane, og difor ønsker eg òg å løfte dette fram. Den moderskapsforståinga ho formulerer i essaya sine er den same som gjer seg gjeldande i skjønnlitteraturen, men det vil vere eit poeng korleis ho her ser ut til å vise seg som meir nyansert. Om ein les forteljingane og sakprosaen meiner eg det tydeleg kan vise oss at Undset har ei forståing av moderskapet som tydeleg ikkje er avgrensa av biologi.

For nokre har Undset si interesse for moderskap i seg sjølv vorte tolka som antifeministisk. Bakgrunnen for dette finn ein i den tidlegare feminismen sitt problematiske forhold til moderskapet, der dette fram til starten av 70-talet utelukkande vart sett på som ståande i vegen for ei kvinne si frigjering.³ På 70- og 80-talet klagar blant anna feministane Jofrid Eriksson og Susanne Knudsen Undset for med skjønnlitteraturen sin å fremme ein farleg moderskapsideologi som seier at moderskap er det einaste rette for kvinne (Eriksson, 1977, Knudsen, 1985). Sjølv om dette forutinntatte synet på Undset etterkvart ser ut til å ha forsvunne til fordel for større nyanseringar, meiner eg at ei lesing av forteljingane hennar med fokus på dei ikkje-biologiske mødrane kan bidra som ytterlegare eit argument mot det antifeministiske stempelet. I forteljingane viser Undset oss at kvinne *har* eit val, og dette gjer ho gjennom tre kvinner som aktivt vel å verte mødrer og ta seg av andre sine barn. Ho viser oss korleis moderskapet for Aasta, Helene og Emma er noko etterlengta og ønska – noko ei ufrivillig barnlaus kvinne, både før og i dag, kan gå langt for å realisere for seg sjølv.

³ Sjå til dømes Simone de Beauvoir si bok *Det annet kjønn* frå 1949 (Beauvoir, 2000) og Shulamith Firestone si *The Dialectic of Sex: The Case for Feminist Revolution* frå 1970 (Firestone, 2003).

I kapittel 2 vil eg ta føre meg korleis Undset har vorte handsama i litteraturforskinga, og med det òg seie noko om bakgrunnen for formuleringa av prosjektet. Eg vil i same kapittel gi eit overblikk over det som finst av tidlegare forsking på forteljingane, samt kva som er skrive spesifikt om moderskap hjå Undset. I kapittel 3 er målet å presentere den teorien eg vil lese forteljingane opp mot. Eg vil argumentere for at Undset si skriving må kontekstualiserast, og vise korleis ho skriv seg inn i ein pågåande debatt om både kvinne si rolle i samfunnet og moderskapet i samtidia si. Deretter vil eg presentere dei feministiske moderskapsteoriane til Simone de Beauvoir, Sara Ruddick og Patrice DiQuinzio, som seinare skal vere ein dialogpartnar i utforskinga mi av dei ikkje-biologiske mødrene hjå Undset. Den teoretiske bakgrunnen vil òg vise til eit utval av fagtekstar frå andre fagområde, der målet er meir spesifikt å vise til den ikkje-biologiske mora sin situasjon. Analysane av forteljingane vil ordnast kronologisk etter slik dei er utgitte av Undset sjølv. I kapittel 4 presenterer eg analysen min av «Frøken Smith-Tellefsen» frå *Fattige skjæbner* (1912), der det betalte moderskapet er det sentrale motivet. I Kapittel 5 vert pleiemora sin situasjon eit tema når eg presenterer analysen min av «Thjodolf» frå *De kloge jomfruer* (1918), og i kapittel 6 viser eg korleis Undset presenterer oss for nokre av stemora sine utfordringar i «Gunvald og Emma» frå same samling. Til slutt, i kapittel 7, vil eg samle trådane og presentere dei avsluttande refleksjonane mine.

2 Undset-forskinga

2.1 Undset i litteraturforskinga

Sigrid Undset var ein forfattar med stor skjønnlitterær produksjon, i tillegg til det ho produserte av essay, brev og gjendiktingar. Undset er ein betydeleg skikkelse i den norske litteraturhistoria etter 1900-talet, og forskingsarbeidet som allereie er gjort kring henne er difor naturlegvis omfattande. Det er òg tydeleg at Undset-forskinga rommar breitt. Ulike tema har vore gjenstand for ulike lesingar av forfattaren. Ho vann nobelprisen i 1928 for mellomalderromanane sine. Desse står sentrale i forfattarskapet og har vorte mykje undersøkte. I tillegg til litteraturvitenskaplege lesingar (Engelstad, 1940, Steen, 1959), har dei òg vorte lesne frå eit historisk perspektiv (Mørkhagen, 1995, Solberg, 1997). Òg det religiøse står sentralt i fleire av verka, og mange av bidraga til Undset-forskinga tar føre seg denne dimensjonen i ulik grad (Winsnes, 1949). Noko som er interessant å sjå er at Undset sitt forfattarskap på grunn av den tydeleg katolsk-religiøse profilen òg har vore ein del av katolsk teologisk forsking (Rieber-Mohn, 1982, Oftestad, 2003). I tillegg har kjønnsperspektivet sjølv sagt ofte gjort seg gjeldande i møte med Undset sine verk (Bliksrud, 1988, Hamm, 2013). Det føreligg òg eit fleirtals biografiar som på kvar sin måte seier noko om livet og virket til personen og forfattaren Sigrid Undset. Desse er skrive av blant anna venninner (Anker, 1946), litteraturvitarar (Bliksrud, 1997) og journalistar (Slapgard, 2007).

Trass den breie interessa for Undset sitt forfattarskap viser det seg likevel at ho var tydeleg dalande i den norske litteraturvitenskapen ved inngangen til 2000-talet. I 2004 erklærer Erik Bjerck Hagen i boka *Litteraturkritikk: En introduksjon* at Sigrid Undset sin skjebne som del av den norske kanon er høgst usikker (Hagen, 2004, s. 57). I artikkelen «Norsk utakt. Sigrid Undset i litteraturvitenskapen» tar Undset-forskar Liv Bliksrud utgangspunkt i observasjonen at Undset dei siste åra synes å ha vore høgare vurdert i utlandet enn i Noreg (Bliksrud, 2005). Bliksrud stiller spørsmålet om kvifor det er slik at den i utgangspunktet verdsberømte, nobelprisvinnande forfattaren står så svakt i den norske litteraturvitenskapen. I artikkelen presenterer ho tre moglege forklaringar på kvifor det kan ha vorte slik. Den første moglege årsaka ho trekk fram, er at Undset er ein del av den norsk middelkulturen heller enn den høgkulturen som oftast har gjort seg til gjenstand for akademia (Bliksrud, 2005, s. 73). Medan middelkulturen er lett tilgjengeleg, yter høgkulturen motstand, og slik vil dei høge lesartala Undset framleis har kunne vitne om at det heller er vanlege folk enn litteraturvitarar som les henne. Det sosiologiske

aspektet ved det vert difor slik at dei som ikkje ønsker å identifisere seg med middelkulturen held seg unna Undset (Bliksrud, 2005, s. 74). Den andre årsaka Bliksrud vel å argumentere for, er at Undset på grunn av si katolske tru og verdiar er i utakt med den norske mentaliteten (Bliksrud, 2005, s. 74f). Ifølge Bliksrud vil mange norske litteraturvitarar velje å oversjå det katolske i Undset sine verk. Slik vert dette berre studert av dei med spesiell interesse for det, og ofte vil slike lesingar difor heller vere katolsk teologiske enn litteraturvitenskaplege. Vidare kan ein sjå korleis Undset i litteraturvitenskapleg forsking særleg før har vorte sett på som politisk reaksjonær og antifeministisk, noko som igjen fører med seg ein utakt mellom henne og den feministiske litteraturforskinga (Bliksrud, 2005).

Ein tredje mogleg årsak til at Undset har vorte fortengd frå den norske litteraturvitenskapen, er at ho er i utakt med kva den norske litteraturvitenskapen interesserer seg for (Bliksrud, 2005, s. 78). Christine Hamm har peika på at den allmenne litteraturvitenskapen hovudsakleg har favorisert modernistisk litteratur, som til forskjell frå Undset sin realisme opplevast interessant både form- og innhaldsmessig (Hamm, 2013). Slik vert Undset ståande som ein kjedeleg representant for episk og etisk realisme, og opplevast ikkje aktuell for dagens lesarar. Hamm spør likevel om problemet heller er at litteraturvitenskapen sitt bilete av det moderne ikkje har plass til Undset sitt forfattarskap, og argumenterer for eit utvida syn som betre rommar dei kvinnelege forsøka på redefinere seg sjølv innafor det moderne (Hamm, 2013). Under same årsak skriv òg Bliksrud at frå eit akademisk perspektiv vil mykje av Undset sin mest kjende mellomalderlitteratur krevje kompetanse i litterære genre som kan vere med på å kontekstualisere dei, og at mangelen på slik kompetanse har bidratt til at litteraturvitenskapen har mista interessa for dei (Bliksrud, 2005, s. 78). Når òg nordiskfaget får ein stadig meir allmennlitterær karakter går dette dessverre på kostnad av blant anna folkedikting, norrønt språk og norrøn mellomalderlitteratur, noko som òg kan bidra til mindre interesse for både historiske forfattarskap og historiske romanar i den norske litteraturen (Bliksrud, 2005, s. 79).

Cecilie Naper stiller òg spørsmålet om korleis Sigrid Undset ser ut til å splitte den norske litteraturvitenskapen. Ho plukkar opp det Liv Bliksrud skriv innleiingsvis i sin artikkkel: At samstundes som Undset har fått ein renessanse både hjå lesarar og i akademia i utlandet, står forfattarskapet heller under press her heime. I artikkelen «Kampen om Sigrid Undset – Eller hvem har rett til å tale når estetiske dommer skal felles» skriv ho at det norske litteraturfeltet har vore delt allereie sida utgivinga av *Kristin Lavransdatter* i 1920 (Naper, 2009). Medan diskusjonen fram til 1970-talet gir meining ut i frå aktuelle strømmingar og ideologiar, har den

sidan vore vanskelegare å forstå seg på ut frå liknande faktorar. For Naper er det verdt å merke seg at Undset-debatten dei siste tiåra ser ut til hovudsakleg å ha vorte utkjempa mellom kvinnelege litteraturforskarar og forfattarar på den eine sida, og mannlege på den andre (Naper, 2009, s. 162). Undset har alt i alt flest kvinnelege lesarar, og etter kvinner fekk åtgang til akademia er det òg desse som står for dei fleste litteraturvitenskaplege lesingane av verka. Ho skriv: «Samtidig har mannlige litteraturforskere sluttet å forske i forfatterskapet. Etter A.H. Winsnes' Undset-bok fra 1949 er det bare én mannlig litteraturforsker, nemlig Olav Solberg (1997), som har arbeidet med Undset» (Naper, 2009, s. 166). Forsvararane av Undset, i kampen som dreier seg om kva som er god litteratur og kva som skal verte ein del av norsk kanon, er ifølge Naper kvinnelege litteraturforskarar frå forskjelle generasjonar og med ulike livssyn (Naper, 2009).

Det har, som nemnt, vore nærliggande for mange å stemple Undset som politisk reaksjonær og antifeministisk. Denne resepsjonen av Undset gjer seg spesielt gjeldande når ein henne frå eit kjønnsperspektiv, slik som i denne oppgåva. I stor grad er utgangspunktet for denne oppfatninga Undset sin eigen sakprosa, spesielt essaya ho ga ut i samlinga *Et kvindestsynspunkt* (1919). Ho kallar seg sjølv reaksjonær i «Efterskrift», og i fleire av essaya kritiserer ho kvinnesakskvinner direkte (Undset, 1919). Tidlegare var det vanleg å kople det antifeministiske og reaksjonære hjå Undset til den katolske trua hennar. I kapittelet «Litterær antifeminisme» frå *Den norske kvinnebevegelses historie*, skriv Anna Caspari Agerholt at det var forventa at Sigrid Undset til slutt skulle stille seg i antifeminismens rekker (Agerholt, 1937, s. 298). Ifølge henne vart det allereie primitive og konservative hjå Undset ytterlegare forsterka då ho konverterte til katolismen. Dette ser ein blant anna i korleis Undset ifølge Agerholt «har klart for øie at for de fleste unge kvinner er det å realisere sig selv som kvinne, d.v.s. å bli hustru og mor, det eneste, det absolutte krav til livet» (Agerholt, 1937, s. 299). Agerholt påstår videre at kvinnene i Undset sin litteratur sjeldan finn glede i noko anna enn dette, verken i arbeid eller å skape noko. Kvinner og menn skal ikkje ha dei same rollene i samfunnet. Dei skal ifølge Undset heller ikkje ha like rettar og pliktar, noko som for Agerholt er meininger som tydeleg tilhører antifeminismen (Agerholt, 1937). Liknande kritikk kom frå det litteraturvitenskaplege kvindeforskningsmiljøet på 70-talet då Undset-forskinga fekk ei feministisk vending. Hjå både Jofrid Eriksson og Susanne Knudsen tolkast Undset si interesse for moderskap og familien, som nemnt, antifeministisk i seg sjølv (Eriksson, 1977, Knudsen, 1985).

Dei siste åra har dette synet endra seg. Liv Bliksrud sin artikkel «Feminisme og antifeminisme i Sigrid Undsets forfatterskap» har vore eit viktig bidrag til dette (Bliksrud, 1981). I artikkelen lar ho Undset sjølv uttale seg gjennom essaya og breva ho skreiv, og Bliksrud vurderer desse opp mot ulike forståingar av feminismomegrepet. Ifølge Bliksrud er det tydeleg at Undset legg til grunn at kvinner er likestilte menn når det kjem til praktiske og åndelege evner og anlegg (Bliksrud, 1981). Men det betyr ikkje at kvinner og menn er like. For Undset er det forskjell på kjønna både biologisk og psykisk, samstundes som det ikkje er slik at ein kan kalle eigenskapar som varme, ømheit og liknande kvinnelege. Bliksrud brukar Undset sine moderskapsskildringar til å vise korleis myta som seier at alle kvinner er gode mødrer er falsk. For Sigrid Undset er moderskapet et fysisk faktum gjennom at kvenna føder og pleier barnet, noko som òg kan føre med seg fysisk tilfredsstilling. Men i motsetnad til det Agerholt skuldar Undset for, nemleg at den einaste lukka for kvenna er moderskap, viser Bliksrud at Undset meiner at dette berre er éin av dei erfaringane ein kan gjere som kvenne (Bliksrud, 1981). Bliksrud gjer det òg tydeleg at Undset sin polemikk mot kvinnedøkena trass alt må førast tilbake til den store skepsisen hennar ovanfor den moderne samfunnsutviklinga, og konkluderer med at ein bør sette eit spørsmålsteikn ved dei gamle antifeministiske og reaksjonære oppfatningane av Undset (Bliksrud, 1981, s. 39). Ein liknande konklusjon finn vi hjå Ebba Haslund som argumenterer for at ein må lese Undset ut i frå kvinneemansipasjonen slik den var i samtida hennar, og ikkje ut i frå nåtidige føresetnadar (Haslund, 1982, s. 19). Òg Christine Hamm går tydeleg imot ideen om Undset som antifeminist. For Hamm er det eit sentralt mål å vise korleis Undset si bevisste interesse for moderskapet må sjåast som ein del av ei interesse for kvenna sin situasjon. I *Foreldre i det moderne* viser ho tydeleg korleis Undset presenterer lesaren for eit mangfold av både mødrer og fedrar, og korleis ho slik òg står som representant for eit ikkje-essensialistisk syn på kjønn (Hamm, 2013).

2.2 Forskingsitteratur som omtalar forteljingane

Trass i at Undset-forskinga er stor og rommar breitt, viser det seg at dei fire forteljingssamlingane hennar av mange har vorte oversett til fordel for både romanar og sakprosa. Det finnes likevel både artiklar og bokkapittel som tek føre seg *Fattige skjæbner* og *Kloge jomfruer* eller forteljingar frå dei, og les dei på forskjellege måtar. I det følgande vil eg ta føre meg kva som tidlegare har vorte skrive om dei to samlingane generelt og dei tre utvalde forteljingane spesielt.

I 1978 skriv den katolske teologen Hallvard Rieber-Mohn artikkelen «Gjensyn med Fattige skjæbner», der han meir enn seksti år etter utgivinga av novellesamlinga *Fattige skjæbner*, kan slå fast at den tidlege samtidssiktinga til Sigrid Undset både har bleikna og kome på avstand for folk. Forklarings vert at den har vorte overskygga av seinare utgivingar, kanskje særleg middelalderromanene, der ho ifølge Rieber-Mohn får vist sitt «episke geni» (Rieber-Mohn, 1978, s. 2). Eit anna problem for Rieber-Mohn er at trass nærleik i tid, opplevast samtidslitteraturen til Undset som nærast historisk lesing, fordi så mykje i samfunnet har endra seg i løpet av dei seksti åra det er snakk om. Likevel argumenterer han med artikkelen for at den tidlege skjønnlitteraturen ikkje må oversjåast, men heller lesast på eigne premiss som starten på forfattarskapet (Rieber-Mohn, 1978). Han viser vidare at det er nettopp det at ho levandegjer sitt eige Kristiania som gjer novellene interessante. Trass i at Undset sjølv hadde ein annan sosial bakgrunn, uttrykker ho ifølge Rieber-Mohn «et stillferdig og usentimentalt hjertelag for de svake i tilværelsen» (Rieber-Mohn, 1978, s. 4), og ho viser truskap til røynda når ho skildrar både tids- og miljøbiletet. Gjennom fleire av novellene frå *Fattige skjæbner* viser Undset spesielt skjebnen til dei einslege kvinnene. Rieber-Mohn skildrar Aasta frå «Frøken Smith-Tellefsen» sitt liv der draumen om eigen mann og familie både er sterk og innan nær rekkevidde, men som forsvinn frå henne i eit plutseleg oppbrot. Slutten er langt ifrå lukkeleg, akkurat som røynda i samtida: «Frøken Smith-Tellefsen har bare savnet, minnene om sitt store ‘nesten’, et langsomt tålmod mot graven og mange tårer i vente.» (Rieber-Mohn, 1978, s. 10).

Som hjå Rieber-Mohn, er det eit poeng hjå litteraturhistorikaren Ellisiv Steen at Undset i forteljingane, og dei tidlege samtidsskildringane sine generelt, skriv om noko ho har kjennskap til (Steen, 1982). Men Steen argumenterer i motsetnad til Rieber-Mohn for at ein ikkje skal sjå den tidlege diktinga som noko på vegne mot resten. Utgangspunktet hennar er tendensen til å lese òg den tidlege litteraturen til Undset som steg på vegne mot det religiøse gjennombrotet som kjem seinare, sjølv om Undset på denne tida ikkje ein gong sjølv var klar over kor ho skulle ende (Steen, 1982). Steen skriv at til og med i seg sjølv dannar den tidlege samtidssiktinga til Undset nærast eit heilt forfattarskap, og står som tydelege bidrag til den norske nyrealistiske litteraturen (Steen, 1982, s. 37). Utanom overordna betraktnigar om forteljingane på generell basis, går ikkje Steen djupare inn i dei enkeltvis. Men ho plukkar likevel ut nokre interessante observasjonar som ho meiner går igjen i fleire av forteljingane. I novellene får lesaren møte menneske frå dei lågare sosiale laga. Som Rieber-Mohn trekk òg Steen fram dei ugifte kvinnene sin sentrale plass i fleire av forteljingane, og nyttar «Selma Brøter» og «Frøken Smith-

Tellefsen» som døme. Tematisk dreier mange av novellene seg om spenninga mellom kvinner som lever for nokon andre eller av nokon andre – «den evig gamle kontrast mellom ‘madonna’ og ‘skjøge’» (Steen, 1982, s. 43), slik vi spesielt skal sjå i «Gunvald og Emma» og «Thjodolf».

Ei liknande todeling av kvinnedikkelsene finn vi i Elisabeth Aasen si lesing av Undset (Aasen, 1985). I artikkelen «Kloke og dårlige jomfruer: Forhold til arbeid, kjærlighet og barn» tar ho føre seg forteljingssamlinga *De kloge jomfruer*. Med utgangspunkt i forteljingane frå denne, samt romanen *Ida Elisabeth*, viser ho korleis Undset skildrar to ulike typar kvinner som viser seg som tydelege motsettingar. Gjennom dikotomien dårlige og kloke jomfuer forklarer Aasen at det er forholdet kvinnene har til «bruksverdien» av kjønnnet sitt som avgjer atferdsmonsteret deira (Aasen, 1985, s. 81). På den eine sida har vi kvinnene med liv prega av orden, moderlegheit og omsorg, medan vi på den andre sida har kvinnene som representerer det kaotiske og driftsstyrte. Slik står òg moderskap som tema sentralt i Aasen si lesing av novellene. I Undset sine essay kjem det fram eit skilje mellom moderskap og moderlegheit, der eigenskapen å vere mor ikkje naudsynt er det same som berre det å føde barnet. Dette viser Aasen med dei to kvinnene Helene og Fanny frå novella «Thjodolf». Sjølv om det er Fanny som har født Thjodolf, er det Helene som held han i live: «Hun kan gi liv til et barn, men ikke holde liv i det» (Aasen, 1985, s. 84). Endå tydlegare meiner Aasen at dei to kvinnetypane kjem fram i «Gunvald og Emma». Her er det Klara som er den därlege jomfrua, medan Emma er den gode: For Klara er kjærleik lik det erotiske, medan for Emma er kjærleik omsorg.

I avhandlinga *Natur og normer hos Sigrid Undset* gjer Liv Bliksrud lesingar av delar av Undset sitt forfattarskap med utgangspunkt i omgrepsparket «natur» og «normer» (Bliksrud, 1988). Ho ser Undset si forståing av natur i og utanfor mennesket i samanheng med naturfilosofien til Carl von Linné, spesielt kjent for sitt arbeid med taksonomi. Gjennomgåande vert kvinner og erotikk tema for lesingane, saman med eit fokus på Undset sin kritikk av det moderne samfunnet. Sjølv om hovudfokuset til Bliksrud er *Jenny og Kristin Lavransdatter*, kjem ho òg innom andre Undset-verk frå dei same periodane. I innleiinga til eit kapittel om *Fattige skjæbner* skriv ho korleis forteljingssamlinga er ei kollektiv tilstandsskildring, der flukt frå verkelegheita vert eit trekk ved kulturbiletet (Bliksrud, 1988). Bliksrud argumenterer for at innleiingsnovella «Første møte» og avslutningsnovella «Nikkedukken» med sine dukkemotiv er med på å skape denne tematiske ramma som dreier seg om nettopp å nekte for og kamuflere verkelegheita. Menneska vi møter i novellene spelar alle roller for å skjule både einsamheita si og den audmjkande livssituasjonen dei finn seg i, og i sitt mest ekstreme gjer dei dette som direkte «stand-ins» for

dei eigentlege rolleinnehaverane (Bliksrud, 1988, s. 158). Bliksrud trekk blant anna fram Aasta i «Frøken Smith-Tellefsen» som eit tydeleg døme: ho «opptrer i roller som frue, forelsket ungpike og som mor, men uten fast ansettelse» (Bliksrud, 1988, s. 158). I *Fattige skjæbner* vert skjebnane styrt av utanforståande faktorar, og gjennom møte med desse, ifølge Bliksrud svakt utrusta og einsame menneska, ønsker Undset «å få bukt med avskyen for det uskjonne og ufullkomne og innlemme det i sitt virkelighetsbilde» (Bliksrud, 1988, s. 166).

Bliksrud gjer òg lesingar av utvalde noveller fra *De kloge jomfruer* (Bliksrud, 1988). Igjen er det dei to kvinnetypane til Undset som vert eit fokusområde. Bliksrud gjer dette med henvisingar til Carl von Linné sin taksonomi. Sjølv om dette er noko som går igjen i heile forfattarskapet til Undset, påstår Bliksrud at det aller tydelegast er å finne i nettopp «Gunvald og Emma» og «Thjodolf». Eit viktig poeng hjå Bliksrud er at når Undset skriv om desse kvinnene er det ikkje snakk om ei form for moralisering, «bare en demonstrasjon av hvorledes naturen selv eller livet, frembringer helt ulike eksemplarer av kvinnekjønnnet» (Bliksrud, 1988, s. 57). Bliksrud les òg «Gunvald og Emma» som eit klart uttrykk for det ho kallar «inkongruensen mellom ‘kultur’ og lidenskap» (Bliksrud, 1988, s. 173). Kring 1914 har Undset ifølge Bliksrud ei oppfatning av kultur som beståande av tre kriterium: Barmhjertigheit, slektskjensle og sjølvdisiplin. Med utgangspunkt i denne må mennesket bruke fornufta si for å ta val som held oss på rett kurs, nokre gonger trass naturlege dragnadar (Bliksrud, 1988, s. 171). Bliksrud gjer det òg tydeleg at fornuftsmoralen hennar på denne tida vanskeleg kan foreinast med diktinga hjå Undset. Dette kan ein sjå i verk som *Våren* fra 1914 og *Splinten av trollspeilet* fra 1917, der lidenskapen vert fortrent til fordel for eit forsterka oppsedingsaspekt. I «Gunvald og Emma» derimot, lar Undset kulturen gi tapt for lidenskapen og naturen, skriv Bliksrud (Bliksrud, 1988, s. 174). Det er gjennom karakteren Gunvald, som vert stilt mellom Klara og Emma, last og dyd, at dette realiserast. For sjølv etter han har gifta seg på nytt med Emma verkar den fornuftsstridige kjærleiken til avdøde Klara inn på han (Bliksrud, 1988, s. 174). Med fornufta si veit Gunvald at det er forskjell på dei to kvinnene, men medan Klara rørte ved det heilt inste hjå han, rører kulturmennesket Emma berre det ytste (Bliksrud, 1988). I avslutninga vert novella sitt poeng tydeleg: Mennesket kan ikkje verte metta av berre fornuft, kultur og dyd (Bliksrud, 1988, s. 175). Med utgangspunkt i lesinga av denne novella viser Bliksrud korleis Undset på dette tidspunktet i forfattarskapet sitt står ved ei grense, den til nå fortrente dimensjonen, lidenskapen, vert lagt under lupa.

Det seinaste som har vorte publisert om Undset sine forteljingar er Christine Hamm sin artikkel «Fortellinger om mødre, fedre, barn: Sigrid Undsets reaksjon på debatten om De castbergske barnelovene» (Hamm, 2017). Her viser ho korleis det er tematiske samanhengar mellom aktuelle debattar i samtida og skjønnlitteraturen Undset produserer. I 1915 vedtok Stortinget «De castbergske barnelovene» som ga barn født utanfor ekteskapet like rettar som ektefødde barn. Lovene vart naturlegvis ein del av den offentlege debatten i samtida. Eit sentralt poeng hjå Hamm er at trass i at ein gjerne har fokusert på sakprosatekstane når ein har diskutert Undset sitt forhold til kvinnesaka, vil lesing av dei skjønnlitterære tekstane moglegvis kunne bidra med eit meir nyansert bilet av synet og meiningsane hennar (Hamm, 2017, s. 264). Ho argumenterer for at novellene frå *Fattige skjæbner* og *De kloge jomfruer* viser oss kor aktuell debatten faktisk var, ved at dei lar lesaren møte familiar som finn seg i situasjonar som vedkjem barnelovene: «Novellene vitner om at problemene som ledet til lovene var akutte, og at de befant seg langt fremme i de fleste menneskers bevissthet» (Hamm, 2017, s. 264). Særleg er det novella «Simonsen» frå *Fattige skjæbner* som vert fokus, då det er denne som tydelegast kan sjåast i direkte samanheng til «De castbergske barnelover». I novella møter vi Simonsen som bur saman med Olga og den uekte dottera deira Svanhild, og det er i følge Hamm her Undset skriv seg inn i debatten (Hamm, 2017, s. 272). Ved å skrive frå Simonsen sitt perspektiv, kommenterer Undset faren og faren sin situasjon. Undset viser gjennom Simonsen og Svanhild betydninga av samvær med far, og novella kan slik lesast som eit innlegg om far sine rettar (Hamm, 2017, s. 273). Eit anna ankepunkt Hamm meiner vi kan lese ut frå novella, er det sentrale poenget hjå Undset at lovendringar ikkje vil endre menneske: «Lovene kan sikre lille Svanhild inntekt, men ingen far, så lenge faren selv ikke vil eller kan ta ansvar for eget liv» (Hamm, 2017, s. 274). Faren sitt perspektiv var ikkje sett på som viktig av kvinnesakskvinnene, noko Undset viser seg ueinig i.

Samstundes er det òg interessant å sjå kva Hamm skriv om dei andre novellene frå dei to samlingane, nettopp fordi ho her kjem innom det som er tema for mi oppgåve – det ikkje-biologiske moderskapet. Novella «Thjodolf» viser i følge Hamm eit skilje mellom gode og därlege mødrer, og her er det heller den sosiale enn den biologiske mora som er den beste for barnet (Hamm, 2017). I tillegg trekk ho ut «Frøken Smith-Tellefsen» og «Gunvald og Emma» som døme på det same: «Også i andre fortellinger i de to samlingene er Undset opptatt av å vise hvordan sosialt moderskap byr på spesielle utfordringer, og hvordan nettopp holdningen til andres barn kan avsløre høy moral hos kvinnene» (Hamm, 2017, s. 267). Utanom å formulere

problemstillinga, går ikkje Hamm djupare inn i desse novellene eller temaet sosiale mødrer i artikkelen sin.

Det må til slutt òg nemnast at det finst det ei lesing av «Frøken Smith-Tellefsen» i *Gymnadenia*, medlemsbladet for Sigrid Undset-selskapet. Her ser masterstudenten Jennie Pedersen på noko av det same som eg er interessert i å undersøke ved denne forteljinga, nemleg den betalte morsarbeidaren. Pedersen vektlegg til forskjell frå meg ikkje dei kroppslege morserfaringane, og går heller ikkje i dialog med debatten kring moderlønn (Pedersen, 2021).

2.3 Moderskap hjå Undset

Det er ikkje tvil om at Undset interesserte seg for moderskapet, og difor vert òg moderskapet både eit direkte og indirekte tema for mange lesingar av henne. Det er Christine Hamm som har arbeidd mest konsentrert og inngåande med moderskap hjå Undset. I boka *Foreldre i det moderne: Sigrid Undsets forfatterskap og moderskapets grammatikk* les ho ni av Undset sine tekstar,⁴ med fokus på mødrer og fedrar, der målet er å vise «utviklingen i Undsets estetiske tenking rundt moderskapet» (Hamm, 2013, s. 11), samt det ho kallar moderskapets grammatikk. Hamm slår fast at moderskap er eit tema som går igjen i heile Undset sitt forfattarskap, uavhengig av sjanger (Hamm, 2013). Når ho vel hovudsakleg å ta utgangspunkt i romanane, er dette fordi romankarakterene opplever større autonomi i eigne liv. Romanforma gir betre plass til nyanseringar og refleksjonar kring romankarakterane sine val, og dei narrative strukturane i romanen gir Undset større moglegheiter til variasjon når det handlar om å få fram utfordringane ved moderskapet (Hamm, 2013, s. 13). I innleiinga skriv ho likevel korleis òg forteljingane er interessante å undersøke nærare, nettopp på grunn av forma si: «Ja, kanskje blir hennes syn på fedre og mødre særlig tydelig i fortellingene, takket være den mer konsentrerte formen» (Hamm, 2013, s. 11). I tillegg er forteljingane interessante fordi dei viser korleis moderskapet er for kvinner som finn seg i lågare samfunnslag – til forskjell frå borgarskapsfamiliane eller storbøndene i romanane.

I søken på moderskapets grammatikk, drøftar Hamm òg kva som ligg i omgrepet «mor». Med utgangspunkt i daglegspråksfilosofien argumenterer ho for korleis òg skjønnlitteraturen og den

⁴ Hamm les åtte Undset-romanar gitt ut mellom 1907 og 1937, i tillegg til den sjølvbiografiske forteljinga *Lykkelige dager* frå 1942.

sin språkbruk kan bidra til undersøkingar av omgrepet moderskap og kva kriterium som ligg til grunn for det: «Å lese litterære tekster kan hjelpe oss å finne ut hvordan ordet *mor* kan brukes; hvilke fenomener vi omtaler når vi bruker ordet *mor*» (Hamm, 2013, s. 41). Målet er ikkje å finne eit fast omgrep om moderskap, men heller å undersøke omgrepene og kva det kan innehalde. Òg her opnar Hamm for at forteljingane til Undset kan vere viktige bidrag i tillegg til romane. Ho skriv at desse saman viser eit mangfald av mødrer og ulike kriterium for moderskap, då kanskje spesielt i måten dei tydeleg viser barnlause kvinner som er mødrer for andre sine barn, i tillegg til biologiske mødrer som ikkje strekk til (Hamm, 2013, s. 12).

På grunn av tekstuvalet, får naturlegvis ikkje det ikkje-biologiske moderskapet ein dominante plass hjå Hamm. Men ho kjem likevel innom det i eit par av kapitla. Hamm skriv at skildringa av mødrer i *Kristin Lavransdatter* viser oss at det ikkje berre er dei biologiske kriteria som bestemmer kva ei mor er (Hamm, 2013, s. 153). Moderskapet er eit stort tema i romansyklusen, trass i at det har vorte lite undersøkt. I *Kristin Lavransdatter* får vi skildringar av Kristin sine sterke, kroppslege band til eigne barn, men vi vert òg kjent med henne som stemor til Erlend sine barn og som omsorgsytar ovanfor andre sine barn. Ifølgje Hamm er det for Undset ein vesenforskjell mellom biologiske og ikkje-biologiske mødrer, men utan at det eine naudsynt er betre enn det andre (Hamm, 2013, s. 139). I *Kristin Lavransdatter* ser vi likevel korleis det biologiske *kan* vere heilt sentralt i forståinga av morsomgrepet (Hamm, 2013). Dømet Hamm trekk fram for å vise dette er Kristin som reflekterer over forholdet til sonen medan ho er på pilegrimsreise, der ho fysisk må bære han inntil seg og amme han på vegen.

I *Den trofaste hustru* vert det ikkje-biologiske moderskapet eit tema i møte med hovudpersonen Nathalie som i sitt seksten år lange ekteskap framleis er ufrivillig barnlaus. Når mannen får barn med elskarinna si utløyser dette sterke kjensler hjå Nathalie, noko som i følge Hamm «får utmerket frem hvordan diskursen om kvinnernas fødeevne som det definerende for kjønnet, undertrykker Nathalie» (Hamm, 2013, s. 233). Romanen sluttar med at Nathalie har vorte adoptivmor for ein gut. Ho slår seg igjen saman med den gamle ektemannen sin, som no har vorte aleinefar, slik at dei kan oppdra barna saman. Romanen bidrar slik med eit vidare perspektiv på moderskap (Hamm, 2013).

3 Teoretisk bakgrunn

3.1 Moderskapet og debatten kring det i Sigrid Undset si samtid

Sigrid Undset var involvert i kvinnesaksdebatten i samtida si, blant anna gjennom artiklane ho skreiv. Nokre av dei vart samla i *Et kvinde-synspunkt* i 1919,⁵ og når ein les desse får ein eit tydeleg bilet av at Sigrid Undset var kritisk til både kvinnesaka og moderniseringa ho var ein del av. Undset går i dialog med fleire sentrale kvinnesakskvinner og deira meininger, og går hardt ut i kritikken mot dei. Som det har vorte gjort klart, er det i stor grad det Sigrid Undset skriv i desse artiklane som har bidrige til synet på henne som reaksjonær antifeminist. I boka *Hvis kvinner ville være kvinner. Sigrid Undset, hennes samtid og kvinnespørsmålet* skriv Kristin Johansen fram ein kontekst for Sigrid Undset sine utsegn om kvinnesaka (Johansen, 1998). Ho skriv at «[...] sakprosaen er lenket fast i en historisk samanheng. Artiklene og avisinnleggene ble skrevet inn i en debattsituasjon og aktualisert i forhold til en samtid, de kan hentes frem, men de bærer preg av at de er deler av en helhet som er blitt historie» (Johansen, 1998, s. 9). For å få eit heilskapleg bilet av det Undset skriv vert ein altså nøydd til å ta føre seg større delar av kvinnesaksdebatten som Sigrid Undset inngjekk i. Johansen skriv at frå 1880-åra vart kvinnesaka satt på dagsordenen som ein del av større moderniseringsprosesser i samfunnet (Johansen, 1998). Men ein bør òg vere klar over at det er snakk om ei tid der mange ulike førestillingar om kvinner og kvinneleighet er i omløp samstundes, og side om side eksisterer både desse moderne tankane og det tradisjonelle samfunnet med sine syn.

3.1.1 Kvinnesaka som kontekst

Frå starten av 1880-åra kan ein snakke om ei organisert kvinnesak i Noreg (Hagemann, 2005). Dette inneberer blant anna stiftinga av kvinnesaksforeiningar som Skuld, Norsk kvinnesaksforening og Kvinnestemmeretsforeningen, oppretting av debattforum og tidsskriftet *Nylende*. Saka dei fremma var i hovudsak like rettar for kvinner og menn, samt frigjering for kvinna slik at ho skulle kunne forsørge seg sjølv. Måla for dei mest engasjerte og høgletalde kvinnesakskvinnene var så ekstreme og fjerne frå det typisk kvinnelege at det var vanskeleg for andre å stille seg bak dei (Hagemann, 2005). Samfunnsendringar på slutten av 1800-talet la til

⁵ Utgåva eg refererer til vidare er ein del av Aschehoug sin serie *Sigrid Undsets samlede verker* (2004-2007). *Essays og artikler 1910-1919* er den første av fire bind som inneheld alle Undset sine trykte sakprosatekstar (Undset, 2004).

rette for at enkelte kvinner kunne velje å leve livet som ugifte. Tone Hellesund skriv i doktorgradsavhandlinga *Den norske peppermø: Om kulturell konstituering av kjønn og organisering av enslighet 1870-1940* korleis peppermøen bryt med heteronorma i samfunnet (Hellesund, 2001). Denne gruppa av ugifte kvinner var ifølge Hellesund med på å destabilisere kjønnsnormene i samtida si, nettopp fordi dei verken inngjekk i heterofile relasjonar eller vart biologiske mødrer. Dei bryt med dei etablerte forventingane av det å vere kvinne, og viser difor variasjonane som finst innafor kategorien kvinne. Men det bør òg nemnast at samstundes som den ugifte kvinnen kunne vere eit slags kvinnesaksideal, har òg peppermøen vorte møtt med både stigma og motstand. Trass kva kvinnesaka sa og meinte, var det ikkje kvinnen sitt eigentlege mål å verte sjølvstendig: «ugifthet ble sett på som et personlig nederlag i forhold til det å realisere kvinnens egentlige kall som hustru og mor» (Melby, 2005, s. 262). Ifølge den rådande samfunnsnorma skulle ein altså framleis verte gift husmor. Sjølv om kvinnene i dei tre forteljingane kan lesast som døme på kvinnelegheit som på ulike måtar bryt med den rådande norma, gjer Undset det, som vi skal sjå, tydeleg korleis det framleis er ekteskap og moderskap alle tre inst inne lengtar etter i si sjølvrealisering.

Den vanlege framstillinga av den norske kvinnekampen, slik den veks fram på siste del av 1800-talet, er at han var tydeleg dominert av ønsket om ei formell likestilling mellom menn og kvinner i det offentlege rom. Men det må leggast til at kvinnesaka var meir enn berre Norsk Kvinnesaksforening og dei ugifte, sjølvstendige kvinnene. Som historikar Gro Hagemann peikar på, skal det òg ha gått føre seg kvinnekamp i mindre lokallag rundt omkring i landet der ein fremmer og arbeider for fleire rettar for kvinnen (Hagemann, 2005). Kristin Johansen skriv at i tillegg til berre å dreie seg om ein felles sak mot mannen og patriarkatet, dreidde kvinnekampen på denne tida seg samstundes òg om kvinner som skulle definere kvinneleg identitet og kvinnen si sosiale rolle seg imellom (Johansen, 1998, s. 55). Det eksisterte fleire kvinnesaker side om side, og desse kom frå ulike kvinnekampperspektiv. Johansen meiner difor at òg husmorsaka må reknast med om ein skal få eit fullstendig bilet av kva kvinnesaka bestod av (Johansen, 1998, s. 81). Sjølv om kvinnesaka var aktuell, var kvinnene sin reelle situasjon på denne tida i aller størst grad som husmødrer (Hagemann, 2005, s. 251).⁶ Husmorsrørsla vart dratt i gang på 1890-talet av gifte kvinner som var engasjert i kvinnesaka, men som ikkje

⁶ Framstillinga av kvinnesaka må heile tida nyanserast, fordi kvinner i røynda fant seg i svært forskjellige situasjonar. Hagemann understrekar med det same korleis det finst tydelege unntak til regelen, og trekk fram den veksande gruppa av ugifte yrkeskvinner som måtte forsørge seg sjølv (Hagemann, 2005). Ein kan òg nyansere ved å sjå korleis husmødrer ofte kunne gjere eit inntektsgivande arbeid, men at dette likevel får status som ikkje-arbeid i tråd med eit ideal om at kvinnen skulle vere frikopla det produktive (Hagemann, 2005, s. 252).

naudsynt kunne kjenne seg igjen i den slik den vart framstilt. Sjølv om dei kunne støtte dei ugifte kvinnene i retten til sjølvstende, angjekk dette idealet om autonomi i mindre grad dei sjølve. Eit mål for husmorrørsla var at kvinner skulle arbeide i sine eigne heimar, og ein av måtane dei gjorde dette på var å gje husmødrer opplæring i hus- og barnestell på ein nærast vitskapleg måte. Fordi husmorsaka på mange måtar var i samsvar med den rådande sosiale orden, fekk den òg mange tilhengjarar utanfor kvinnerørsla (Johansen, 1998, s. 82). Men for dei kvinnesakskvinnene som nettopp ville overskride kjønnsforskjellane, er det naturleg at det var vanskeleg å akseptere husmorsaka som ein del av kvinnesaka.

Nettopp her ligg noko av nøkkelen til kanskje betre å forstå Sigrid Undset sitt forhold til kvinnesaka. Gro Hagemann understrekar i *Med kjønnsperspektiv på norsk historie* at kvinnesaka ikkje var like einskapleg som historieskrivinga gjerne har ein tendens til å framstille henne (Hagemann, 2005, s. 245).⁷ Realiteten var heller kvinner som fann seg i mange ulike situasjoner og posisjonar både som del av, men òg utanfor, kvinnesaka. At Undset sjølv set eit skilje mellom det ho kallar kvinnesak og konesak, viser igjen at ho har eit medvite forhold til den offentlege diskusjonen ho gjer seg til ein del av (i Krane, 1970, s. 139).⁸ Undset si kritiske stemme var berre ei av dei mange kritiske stemmene retta mot den borgarlege kvinnesaka (Johansen, 1998, s. 55), og når Undset i den skjønnlitterære skrivinga si vektlegg ekteskap og moderskapet, er det tydeleg korleis ho med det same representerer eit fleirtal av kvinner i samtidia si. Som eg snart kjem nærrare inn på var det eit mål for Undset å fremje kvinnene og moderskapet på ein slik måte at ein samstundes kunne ta vare på historisk medvit.

3.1.2 Debatten om moderskapet

Det er naturleg at ein finn debatten om moderskapet som eitt blant dei mange tema på kvinnesaksagendaen. Kvinneleighet og moderskap er unekteleg knytt til kvarandre, og ved inngangen til 1900-talet ligg det som nemnt til grunn ei forventing om at moderskapet skulle vere eit kall for alle kvinner. Større demografiske endringar bidrog til at mykje av familielivet

⁷ Ho skriv blant anna at venstresida si kvinnesak kan ha vorte overvurdert på kostnad av tydelege kvinnesakspionerar på høgresida i politikken. I tillegg trekk ho fram dei bygdefeministiske strømmingane, der til dømes avhaldsrørsla og misjonsrørsla kan sjåast som døme på feministiske strømmingar (Hagemann, 2005, s. 245)

⁸ Inndelinga av kvinnesak og konesak vert gjort i eit innlegg i Aftenposten 12. mai 1904 underteikna «Ogsaa en ung Pige». Sjølv om dette ikkje inngår i Undset-bibliografien, er det all grunn til å tru at det er Sigrid Undset som står bak innlegget (Krane, 1970, s. 138). Borghild Krane har vald å gje det att i sin heilskap i biografien *Sigrid Undset: Liv og meninger* frå 1970.

var i endring på denne tida (Melby, 2005), og moderskapet vart gjort til tema for offentleg debatt gjennom diskusjonar om blant anna fallande fødselstal, barneavgrensing og prevensjon. Moderskapet som tema var i vinden, og det var nok her Undset var aller mest engasjert i perioden fram til 1925. Ved å lese innlegga ho skreiv som del av debatten, kan vi sjå korleis ho posisjonerer seg.

Undset går heile tida i dialog med andre sine meiningar, og to sentrale kvinnesakskvinner som på kvar sin måte meinte noko om omorganiseringa av moderskapet og heimen på denne tida, var Charlotte Perkins Gilman og Ellen Key. Amerikanske Charlotte Perkins Gilman sine feministiske tenkemåtar fekk stor innflytelse i feministiske miljø i heile Europa. Tekstproduksjonen hennar var stor, både innan skjønnlitteratur og sakprosa, og temaa for skrivinga er heile tida kvinne og hennar situasjon. I diktet «In Duty Bound» (Gilman, 1884) skildrar ho ein kvinneleg situasjon prega av utilfredsheit, medan ho i den kjente novella «The Yellow Wallpaper» (Gilman, 1892) skriv om, ein truleg sjølvopplevd, fødselsdepresjon.

I sitt kanskje viktigaste sakprosaverk, *Women and Economics* (1898), tek ho føre seg problem knytt til ekteskap, moderskap og arbeid, og viser korleis den mannlige dominansen vart forsterka av dei økonomiske systema på 1800-talet. Slik situasjonen er i samtidene er kvinne økonomisk avhengig av mannen, samstundes som ho er utestengt frå alt offentleg lønnsarbeid. Eit av argumenta som har vorte nytta for å halde kvinne heime er at moderskapet er så konsumerande av både tid og energi, at det ikkje finnes overskot for henne å arbeide. Men som Gilman viser, er ikkje dette tilfellet, fordi utanom moderskapet bruker mora òg mykje tid på andre typar kvinnearbeid (Gilman, 1898). Mora arbeider i realiteten nok til å skulle tene til sjølvstende, men fordi ein tenker at moderskapet utelukkar dette, vert ho nekta denne moglege sjølvstenda: «the human female, the world over, works at extra-maternal duties for hours enough to provide her with an independent living, and then is denied independence on the ground that motherhood prevents her from working!» (Gilman, 1898, s. 21). Moderskap og ekteskap skal ifølgje Gilman ikkje hindre kvinner i å kunne delta i betalt arbeid og samfunnet. I boka *The Man-Made World; or Our Androcentric Culture* argumenterer Gilman for at alle kvinner har ei ibuande moderlegheit, på same måte som alle dyr av hokjønn (Gilman, 1911). Til forskjell frå menn er kvinner kjærlege og omsorgsfulle, og gjennom kvinne si deltaking i samfunnet vil desse moderlege eigenskapane komme alle til gode.

Svenske Ellen Key på si side, stiller seg kritisk til at mødrer skulle arbeide utanfor heimen, og ønsker heller ei oppvurdering av moderskapet som arbeid (Key, 1905). Ho kritiserte deler av kvinnesaka for at det tradisjonelle kvinnelege arbeidet i heimen hadde vorte lågare rangert enn lønnsarbeidet, og at mange kvinner som ei konsekvens prioriterer å sjølvrealisere seg gjennom arbeid utanføre heimen framfor det viktige moderskapet. I kapittelet «Frihed for moderskab» i boka *Kærlighed og Ægteskab* argumenterer Key for at løysinga på dei fallande fødselstala i samtid er ei oppretthalding av den tradisjonelle kjønnsdelinga av arbeidet, der kvinne si viktigaste samfunnsoppgåve er som mor i heimen (Key, 1905). For Key er kvinne si sjølvutvikling heilt avhengig av det å vere mor, samstundes som òg barna er heilt avhengig av å ha mora si i heimen. Moderskapet er eit samfunnsviktig arbeid, og løysinga er ei oppvurdering gjennom betalt moderskap: «Spørgsmalet om gift Kvindes Erhvervs-Arbejde kan kun løses, idet Samfundet paatager sig at forsørge de Kvinder, som ved vel opfyldt Moder-Pligt skaber Samfundet den højste Værdi» (Key, 1905, s. 367). Det er i samfunnet si eiga interesse å betale mødrer for morsarbeidet ho gjer.

Ein liknande syn er i Noreg representert ved Katti Anker Møller. Som ei av Noregs fremste kvinnesakskvinner sette ho moderskap og barneomsorg på den offentlege agendaen. Ho har vorte kjent for å stå bak viktig opplysningsarbeid, mødrehygienekontor, og ho var ein viktig pådrivar for opprettinga av mødrefag og husmorskulane (Mohr, 1968). Gjennom samarbeid med svogeran sin, Johan Castberg, står ho bak fleire viktige sosialpolitiske reformer. Blant desse finn vi «De Castbergske barnelover», som skulle sikre alle barn like rettar ved å gi barn født utanfor ekteskap rett til både faren sitt namn og arv. Møller arbeider kring starten av 1900-talet fram eit tydeleg moderskapspolitisk program (Melby, 2005, s. 292). Ho argumenterer ut i frå ein marxistisk tankegang der det er eit mål at kvinne sjølv skal kunne kontrollere produksjonen av «varen» barn, og i foredraget «Kvindernes fødselpolitik» frå 1919 argumenterer ho for mødrelønn (Møller, 1974). Den gifte kvinne med barn er den därlegast stilte i heile samfunnet, samstundes som arbeidet ho gjer både er omfattande og viktig (Møller, 1974). Møller bruker argumentet at ingen andre yrker hadde godtatt å berre verte betalt i glede ved arbeidet (Møller, 1974, s. 45). Å gi kvinne betalt for arbeidet ho gjer i heimen er òg eit viktig steg i retninga å gjere kvinne uavhengig av mannen sin (Møller, 1974, s. 46). Ifølge Møller er det slik at hustrua på denne tida er «mer mandens elskerinne end mor for sit barn» (Møller, 1974, s. 53), nettopp fordi ho er avhengig av mannen næraast som ein arbeidsgivar som gir ho dei pengane ho treng. Gjennom mødrelønn, samt større regulering av fødslar gjennom

ulike former for prevensjon, vil moderskapet få ein høgare rang og kvinna ein større fridom, ifølge Møller.

Debatten mellom Sigrid Undset og Katti Anker Møller viser seg tydeleg når Undset svarar på føredraget med artikkelen «Begrepsforvirring» (1919). Her går Undset til det som gjerne har vorte kalla eit direkte angrep på Anker Møller. For Undset er det heilt uforståeleg korleis nokon kan føreslå mødrelønn som ein moglegheit, sidan resultatet av dette blant anna vil verte at staten fungerer som ein barneoppkjøpar (Undset, 2004, s. 335). For Undset er ikkje moderskapet arbeid, men heller noko som medfører både arbeid og plikter. Ho meiner at Anker Møller i sin argumentasjon fullstendig har gløymd det ho kallar «morshjertet» (Undset, 2004, s. 336). I denne samanhengen kjem òg sitatet «moderskapet er *livet*», som ofte vert trekt fram når ein drøftar Undset sitt syn på moderskapet. Mødrer og fedrar flest ønsker ikkje å unnvere erfaringa det å vere foreldre bringer med seg, uansett om dei er gode eller därlege. Alle som har barn har, ifølge Undset, opplevd «livsførelsens fortsettelse til den høyeste intensitet alminnelige mennesker erfarer» (Undset, 2004, s. 336). Gjennomgåande kan ein sjå at Undset er svært kritisk til det å blande privat familieliv og politikk, noko som tydeleg hadde vore tilfelle dersom pengar skulle blandast inn i barneoppdragninga på denne måten. Det er interessant å sjå korleis Undset også kommenterer dette med forteljingane sine. Særleg i «Frøken Smith-Tellefsen» og «Thjodolf» kan Undset sitt syn på mødrelønn gjere seg gjeldande, fordi mødrener her faktisk får betalt for morsarbeidet dei utfører, om enn på ein annan måte enn hjå Møller. I sin biografi om Katti Anker Møller skriv dottera Tove Mohr at årsaka til den oppheta debatten mellom Møller og Undset må dreie seg om at det er nettopp to vidt forskjellege livssyns som møtast. Sjølv om begge ønsker å fremme mødrener og deira situasjon, er ikkje det personkonsentrerte individualistiske livssynet til Undset foreinleg med det samfunnsmessige hjå Anker Møller (Mohr, 1968, s. 185).⁹

Det er ikkje tvil om at Undset set moderskapet høgt, og lesing av andre essay kan også bidra med å seie oss noko meir om Undset sitt syn på moderskapet kring tida då novellesamlingane kom ut. Ho er involvert i debattane, og skriv til dømes innlegg som svar på både Hamsun sine utsegn om barnemord, og i samband med innføringa av Castberg sine barnelover. I svaret til Hamsun

⁹ Debatten utløyst av Møller sitt föredrag slutta ikkje her, men består etterkvart av fleire innlegg frå fleire aktørar. Møller og Undset utvekslar fleire svar og motsvar med kvarandre, og tar gjennomgåande motsette posisjonar i debattane kring kjønn, kvinner og barn (Johansen, 1998, s. 207).

skildrar ho morslykka slik ho meiner kvinner flest opplever ho, for så å bygge argumentet at enkelte kvinner opplever det annleis: Graviditeten kan vere tung, barnefaren hatar ho kanskje, og ho veit at ho ikkje har råd til å fostre opp barnet utan hjelp frå fattigkassa. For Undset er det på denne tida¹⁰ forstædeleg at til dømes livssituasjon kan påverke dei kjenslene ei kvinne har kring det å verte mor: «Så føder hun et barn. En heslig, rå kjøttklump. Et nyfødt menneskebarn er intet annet, uten for dem som har elsket det før det kom til verden» (Undset, 2004, s. 154). Moderskapet vil ikkje opplevast likt for alle kvinner, og Undset er, som vi skal sjå, i mot generaliseringar. Om ei kvinne som ser seg nøydd til å ta livet av barnet sitt hadde vorte ei god eller därleg mor kan ein ikkje vete, for ei slik handling handlar om heilt andre ting enn mørseigenskapar.

I essayet «Det fjerde bud» tolkar Undset det fjerde bodet frå Bibelen «Du skal hedre din far og din mor». Det som er interessant å merke seg er korleis dette bodet ifølge Undset først og fremst inneberer foreldra sine forpliktinga ovanfor barna sine, heller enn barna sine forpliktingar til foreldra (Undset, 2004, s. 129). Både mødrer og fedrar skal måtte gjere seg fortente til heider frå barna sine, og det er ikkje nok å berre vere forelder: «Det er like lite noen grunn til å hedre et menneske fordi det har fullbyrdet forplantningens funksjon, som for at det har spist og drukket og dets stoffskifte funksjonert i ett år eller tyve eller åtti» (Undset, 2004, s. 135). Å vere forelder er viktig kulturarbeid, og det krev yting i form av å både lære bort og å etterleve god moral. Gjennom denne forståinga opnar Undset heilt tydeleg for at foreldreskap kan vere noko sosialt heller enn biologisk, og slik gjer essayet seg direkte gjeldande i det eg i det vidare skal sjå korleis Undset si moderskapsforståing kjem til uttrykk i dei tre novellene.¹¹

Noko ein kan lese ut i frå essaya og artiklane til Undset, som òg vil ha særleg relevans for lesing av novellene med fokus på ikkje-biologiske mødrer, er korleis ho synes å skilje mellom moderskap som eit fysisk, biologisk faktum og dei meir sosiale sidene ved moderskapet. I artikkelen «Noen kvinnesaksberetninger» skriv Undset som svar til Charlotte Perkins Gilman og hennar *The Man-Made World* (Gilman, 1911). For Perkins Gilman er som nemnt eigenskapen moderlegheit eit døme på det spesielt kvinnelege, og noko som vil kunne komme

¹⁰ Svaret til Hamsun er skrive i 1915. Då Undset i 1919 ga ut *Et kvindestsynspunkt* skriv ho i «Efterskrift» at dette er ei sak ho ser annleis enn då ho skreiv artikkelen. Ho grunngjev det med ein kristen tanke om at foreldra forvaltar barna som Gud sin eigendom heller enn å eige dei sjølve (Undset, 2004, s. 399).

¹¹ Det er påfallande at Undset i essayet ikkje skil mellom mødrer og fedrar, men heller bruker nemninga foreldre og med det viser at dei begge har det same kulturelle ansvaret. Christine Hamm nemner dette i ein diskusjon av foreldra sine forpliktingar i *Våren* i boka *Foreldre i det moderne* (Hamm, 2013, s. 121).

samfunnet til gode. Til dette erklærer Undset seg skeptisk. Dei positive omsorgseigenskapane er ikkje knytt til kvinnen sin fysikk eller biologi, og når ein snakkar om moderskap i ein slik utvida forstand viser det seg at det først og fremst kanskje er dei barnlause kvinnene som gjer det største arbeidet: «Moderlighet i videre forstand – omsorgen for de svake og hjelpelege i samfunnet, for forsømte barn, for gamle og syke – har, når den har vært utført av kvinner, i alle fall ikke i særlig høy grad vært utført av mødre, men tvert imot vesentlig av barnløse kvinner» (Undset, 2004, s. 88). Den oppofrande kjærleiken som ein tenker at følger med moderskapet, er ifølge Undset stort sett avgrensa til å gjelde eigne barn, og eksisterer kanskje til og med på kostnaden av andre (Undset, 2004). I «Etterskrift» kjem ho med det same poenget, og illustrerer forskjellen mellom det biologiske moderskapet og den sosiale omsorga med eit døme: «Mangen lærerinne for eksempel føler mere for de barn som er betrodd henne, enn moren gjør, er villigere til en anspennelse for deres skyld enn moren er» (Undset, 2004, s. 392). Vidare skriv ho at det mellom mora og lærerinna sin kjærleik til barnet vil vere ein vesensforskjell, men ikkje ein gradsforskjell. Vesensforskjellen er for Undset den kroppslege forbindinga mellom mor og barn: «Mangen kvinne har lidt mere ved å se et fremmed barn bli såret enn dets mor, men selv da ser den ene kvinne ramme, og den andre føler kniver i sitt eget kjød» (Undset, 2004, s. 392). For den biologiske mora vert barnet si smerte òg ei fysisk smerte for henne sjølv, kanskje nesten til den grad at ein kan snakke om ei form for egoisme.

3.2 Feministiske moderskapsteoriar

Oppgåva mi vil som nemnt forholde seg til det feministiske feltet sine moderskapsstudiar. Sentralt her finn ein eit mål om å kunne analysere og teoretisere opplevelingar av moderskapet, ofte slik det opplevast av mødrane sjølve. Sjølv om moderskapsstudiar som eit avgrensa og distinkt felt er relativt nytt, har moderskapet alltid vore gjenstand for feminismen. Moderskapet er unekteleg knytt til så mange av dei opplevingane ein gjer seg som kvinne, anten ein har barn, ønsker seg barn, eller ikkje. Feminismen sin teorisering kring moderskapet har til ulik tid både hatt ulike fokus og posisjoneringar, noko ein òg kan sjå av utvalet mitt. Ved å ta føre meg Simone de Beauvoir, Sara Ruddick og Patrice DiQuinzio sine moderskapsundersøkingar, ønsker eg å introdusere moderskapsstudiar som felt, samstundes som eg meiner desse òg kan nyttast til å seinare belyse det ikkje-biologiske moderskapet. I framstillinga av teoriane vil eg legge særleg vekt på å formidle dei aspekta ved dei som framstår som særleg relevante for òg å kunne forstå det ikkje-biologiske moderskapet.

Medan eg har valt Beauvoir fordi ho tydeleg viser oss kor nært moderskap har vore bunde saman med ideen om det kvinnelege, har eg meir spesifikt valt ut Sara Ruddick og Patrice DiQuinzio fordi dei introduserer omgrep og/eller tenkemåtar som kan bidra med noko til forståinga av det ikkje-biologiske moderskapet. Begge desse argumenterer for å utvide forståinga av moderskapet slik at det kan inkludere andre typar mødrar, gjennom omgrep som morsarbeid, morstenking og essensielt moderskap. Likevel er det slik at særleg Simone de Beauvoir si moderskapstenking tek utgangspunkt i det biologiske moderskapet, og skisserer situasjonar spesifikt knytt til dette. Når eg likevel i gjennomgangen min av teoriane gjer plass til desse delane, er det fordi eg meiner det er interessant å sjå korleis tenkinga kring moderskap som biologisk faktum har vore norma. Dermed kan ein òg sjå korleis det ikkje-biologiske vidare vil skilje seg frå dette – blant anna ved at enkelte deler ikkje vil gjere seg gjeldande. Når eg etterkvart bevegar meg vidare og vil sjå på teori som meir spesifikt tar føre seg dei ikkje-biologiske mødrane, ser ein korleis det nettopp er eit poeng at desse i stor grad definerer seg ut i frå at dei bryt med den biologiske norma. Det er tydeleg at ting som er heilt grunnleggande i forståinga av biologisk moderskap fell vekk i det ein fjernar det biologiske ved det.

3.2.1 Simone de Beauvoir: Den kvinnelege kroppen i sentrum

Simone de Beauvoir og hennar bok *Det annet kjønn* frå 1949 står framleis i dag som ein av dei viktigaste bøkene innafor det feministiske feltet. Som «Den andre» vert ikkje kvinna definert som noko eige, men heller som noko anna enn og andrerangs av mannen. Ifølge Beauvoir er det tydeleg at kvinna er undertrykt i det patriarkalske samfunnet, og mot slutten av boka argumenterer ho for korleis ho meiner at dette både kan og bør endrast (Beauvoir, 2000). Det er i kapittelet «Moren» Beauvoir presenterer sin analyse av moderskapet. Ho gjer greie for slik ho oppfattar situasjonen for mødrar i samtida sitt Frankrike, og utgangspunktet er at forventningane knytt til moderskapet er med på å undertrykke kvinna i det patriarkalske samfunnet.

Kapittelet startar med den ironiserande påstanden «Gjennom det å bli mor fullbyrder kvinnen sin fisiologiske skjebne; det er hennes ‘naturlige’ kall, siden hele hennes organisme er vendt mot artens videreføring» (Beauvoir, 2000, s. 575). Dette avvisar Beauvoir imidlertid allereie i neste setning, då ingenting i samfunnet er overlatt til naturen. Ho innleiar med dette ein diskusjon kring prevensjon og abort. Sjølv på denne tida då abort var forbode, viser det seg ifølge Beauvoir at det vart utført like mange abortar som fødslar i Frankrike (2000, s. 676).

Gjennom abortspørsmålet kan ein avdekke fleire av dei mørke sidene ved samfunnet. Til dømes viser Beauvoir til korleis samfunnet er så ivrige etter å beskytte embryoet og det sine rettar, men ikkje lenger bryr seg om barna som veks opp i fattigdom og elende etter dei har kome til verda (2000, s. 576). Skamma knytt til uønskt graviditet for ugifte kvinner er stor, og dermed vert både sjølvord og barnemord moglege utvegar. I slike tilfelle er det ifølge Beauvoir òg ofte mannen, forføraren, som overtaler kvinnen til abort (Beauvoir, 2000, s. 580). Medan menn kan ta lett på abort i situasjonar som angår deira liv og fridom, kan det likevel vere vondt for kvinnen. Det at abort i dei aller fleste tilfella vil skape ei splitting i kvinnen, viser oss kor nært graviditet og moderskap er bunde til kvinnelege verdiar:

Hele hennes moralske fremtid blir rystet. For helt fra kvinnen er barn, har hun hørt at hun er skapt for å føde, og alle priser moderskapets fortreffelighet; alt det ubehagelige ved hennes situasjon – menstruasjon, sykdommer, det kjedelige husarbeidet, osv. – alt blir rettferdigjort av det fantastiske privilegiet hun har ved å sette barn til verden (Beauvoir, 2000, s. 583).

Beauvoir konkluderer med at til sjuan og sist er det både fri vilje og tilfeldighet som bestemmer fruktbarheita til ei kvinne (Beauvoir, 2000, s. 584). På den eine sida kan ei kvinne ønske å verte mor, men av ulike grunnar ikkje få det til, og på den andre sida finn ein alle dei kvinnene som er tvungne til å avle barn mot eigen vilje. Gjennom oppveksten vil ei jente stille seg til det å verte mor på ulike måtar (Beauvoir, 2000). Ein kan sjå at allereie som små finn jenter det givande å leke med dokker, og ser fram til den gongen dei skal få eigne barn å eige og bestemme over. Som ungdom vil derimot mange heller føle eit barn som «en trussel mot sin verdifulle integritet» (Beauvoir, 2000, s. 585). Sjølv om unge jenter kan ønske seg barn, fryktar dei det samstundes fordi dei kanskje ikkje er klare for det det inneberer. Som vaksne kan enkelte kvinner ha sterke ønsker om barn, men kjenner på avsky mot sjølve forplantninga og finn seg difor andre måtar å arbeide med barn på. Nokre kvinner, skriv de Beauvoir, er for opptatt med til dømes arbeid og kjærleik til å gjere plass til eit barn, medan andre bekymrar seg for den moglege byrda eit barn kan vere for dei (Beauvoir, 2000). Vidare skildrar Beauvoir dei kvinnene ho kallar for rugemaskinar. Meir enn å vere mødrer er dei heller næraast besett av å bære fram og skape barn – for det er det dei er skapt for (Beauvoir, 2000, s. 589). På same måte som Undset gjer i essaya sine, viser Beauvoir i *Det annet kjønn* at ulike kvinner vil forholde seg ulikt til moderskapet.

I Beauvoir sin gjennomgang av moderskapet står det kroppslege sentralt. Gjennom svangerskapet er barnet ein del av kroppen til mora, men det er samstundes òg ein parasitt. Ho

tar oss gjennom dei ulike stadia av ein graviditet og skildrar med døme korleis desse kan opplevast for ei kvinne. Frå dei første svangerskapssymptoma som ofte kan vere vonde og sjukdomsliknande, vil mange etterkvart finne fred i det å vere gravid. Deretter vil det oppstå ei gradvis separasjon mellom kroppane til mor og barn når fosteret veks, og til slutt gjennom fødselen. I neste omgang vert det så gjennom å amme barnet at den kroppslege forbindinga gjenoppstår. Men det som òg er viktig for Beauvoir i gjennomgangen av desse stadia, er kor ulike alle desse erfaringane kan vere for kvinner. Ho viser korleis den enkelte kvinna gjennom alle stadium av både svangerskapet og moderskapet kan vere prega av stor ambivalens (Beauvoir, 2000, s. 591), og korleis ulike miljøfaktorar kan spele inn på korleis ei kvinne opplever moderskapet: «Et helt sett av økonomiske og følelsesmessige grunner definerer barnet enten som en byrde og en lenke, eller som en frigjøring, en juvel og en sikkerhet» (Beauvoir, 2000, s. 602). Forventingane til barnet og det nye livet som mor er ofte store, men Beauvoir skriv at alle desse kjenslene mora bevisst eller ubevisst har ovanfor det å verte mor kan føre med seg både tristhet og skuffelse i det moderskapet er eit faktum (Beauvoir, 2000, s. 602).

Kapittelet vert runda av ved at Beauvoir trekk fram to falske og farlege fordommar om moderskap som ho meiner å ha motbevist gjennom dei føregåande døma. Den første fordommen er at det å verte mor i alle tilfelle er nok for å gjere ei kvinne fullstendig tilfreds (Beauvoir, 2000, s. 615). Det finnes mange empiriske døme på at dette ikkje er tilfellet skriv ho, og for Beauvoir er det ein føresetnad at moderskapet er både frivillig og oppriktig ønska for at ein skal kunne oppnå tilfredsheit i det å overskride eigen eksistens utan å kunne vente å få noko tilbake frå barnet. Slik vert det vidare òg feil at moderskapet sjåast på som ei plikt for kvinna: «naturen vil aldri kunne diktere oss moralske val, for de innebærer et engasjement» (Beauvoir, 2000, s. 617). Den andre fordommen ho trekk fram er tanken om at eit barn alltid finn sikker lykke hjå mora si (Beauvoir, 2000, s. 617). Det finnes verken ein naturleg «morskjærleik» eller eit naturleg «morsinstinkt» i mennesket. Måten mora forholder seg til moderskapet på vil vere avhengig av situasjonen hennar, og sidan det finnes ugunstige utgangspunkt for mødrane finnes det òg därlege mødrer (Beauvoir, 2000). For Beauvoir er moderskapet sosialt og kulturelt bestemt, og det finst ikkje noko naturleg ved det.

3.2.2 Sara Ruddick: Moderskapet som praksis og tenking

Den feministiske filosofen Sara Ruddick presenterer i boka *Maternal Thinking: Towards a Politics of Peace* sin teori om moderskap, morsarbeid, og det ho kallar for morstenking

(Ruddick, 1989). Ruddick si forståing av moderskap kan, som nemnt innleiingsvis, vere god å nytte for å belyse og forstå sosialt moderskap, nettopp fordi den ikkje legg det biologiske til grunn, men heller fokuserer på det arbeidet det inneberer å vere mor. I boka argumenterer ho vidare òg for korleis ho meiner morstenkinga kan vere forebyggande mot vald og bidra til fred i eit vidare perspektiv. Tankegangen hennar om at det finnes ein direkte kopling mellom ein ikkje-valdeleg moderskapspraksis og ein større fredspolitikk, verkar for meg problematisk. Difor vil eg ikkje nytte meg av denne delen i oppgåva mi.

For Ruddick er moderskapet eit arbeid (Ruddick, 1989). Alle barn gjer krav på å verte tatt vare på, og slik oppstår kategorien morsarbeidet som eit svar til dette. At eit barn krev noko vil i stor grad vere eit biologisk faktum. Ruddick summerer eit barn sine krav til å dreie seg om dei tre overordna krava bevaring, emosjonell og intellektuell vekst, og sosial akseptabilitet, der det i neste omgang er desse som dikterer kva morsarbeidet inneberer.¹² Kravet om bevaring og beskyttelse kan seiast å vere det meist grunnleggande av dei tre. Menneskearten sine barn er sårbare og avhengige av vaksne menneske i lang tid. Ei mor vil sjå at eit barn treng denne beskyttande pleia og så velje å gi barnet den pleia det treng som ein del av moderskapshandlinga. Å oppfylle dette første kravet krev verken entusiasme eller kjærleik frå mora, det handlar først og fremst om å sjå sårbarheita til barnet og å svare med pleie (Ruddick, 1989, s. 19). Det tar heller ikkje lang tid før eit andre krav vil melde seg hjå barnet, nemleg at vaksne må bidra til den emosjonelle og intellektuelle veksten deira. Eit barn vil overleve utan at dette kravet vert oppfylt, men ifølge Ruddick vil ei mor oftast bidra til å hjelpe barnet å finne ut av kompleksiteten i dei opplevingane det gjer seg (Ruddick, 1989, s. 21). Det tredje kravet til Ruddick, dreier seg ikkje først og fremst om barnet sine eigne behov, men er heller eit krav frå dei sosiale gruppene mora sjølv er ein del av. Dette dreier seg om mora sitt ansvar for at barnet vert forma etter kva som er akseptabelt i samfunnet. Ei mor vil ønske at barnet hennar skal verte eit menneske som dei sjølv kan sette pris på, og vil difor, med Ruddick sine ord, måtte trenere barnet sitt til på sikt å internalisere dei ønskelege verdiane (Ruddick, 1989). Ruddick opnar for at det sjølvsagt òg kan vere andre krav enn berre desse tre som utgjer morsarbeidet, men det som i alle fall vert tydeleg ut i frå ei slik kategorisering er korleis konseptet «mor» er heilt avhengig av konseptet «barn» (Ruddick, 1989, s. 22). Mødrer er like forskjellege frå

¹² I løpet av boka problematiserer Ruddick fleire gonger korleis aspekt ved moderskapet, inkludert desse krava, utan tvil vil vere sosialt bestemte og påverka av kontekst, samstundes som ho i den generelle argumentasjonen påstår universalitet.

kvarandre som alle menneske, men dei vert likevel mødrer fordi dei utfører dette morsarbeidet (Ruddick, 1989, s. 17).

Med utgangspunkt i den filosofiske tanken om samanhengen mellom tanke og praksis, utviklar Ruddick omgrepet «morstenking», som for henne er nok ein grunnleggande del av det å vere mor (Ruddick, 1989). Med bakgrunn i den moderlege praksisen vil mødrer òg vere nøydde til å tenke. Morstenkinga vil ifølge Ruddick ha etablerte kriterium for vurdering av morspraksisen, og gjennom denne tenkinga vil ein på same måte som innanfor andre disciplinar, kunne identifisere sentrale spørsmål, metodar og mål knytt til det å vere mor (Ruddick, 1989). I praksis betyr altså dette at mødrer alltid, i tillegg til å berre gjere morhandlingane, òg tenker over det ho gjer og kvifor ho gjer det.

Når ein legg Ruddick si forståing av moderskap til grunn, er det vidare openbert at moderskap er noko anna enn biologi. For Ruddick føreligg det eit viktig skilje mellom det å vere mor og det å føde (Ruddick, 1989, s. xxi). Moderskap inneber for Ruddick eit aktivt og frivillig val om å verte mor, òg sjølv om det oftast er slik at ei kvinne som går gravid med eit barn og føder det i neste omgang òg vel å ta på seg det morsarbeidet det krev, er det ikkje ei sjølvfølge at det er slik. Det er openbert at både graviditet og fødsel er noko svært forskjellig frå det å vere mor. Å vere mor er, til forskjell frå desse avgrensa hendingane, noko konstant. Å vere mor er praksis og tenking, og difor kan kven som helst som gir seg av med dette som svar på eit barn sine krav seiast å vere mor. Slik kan morsomgrepet òg inkludere menn,¹³ i tillegg til personar ein elles ville sett på som barnlause. Ruddick går så langt som å seie at alle mødrer er adoptivmødrer, fordi å adoptere betyr nettopp «to commit oneself to protecting, nurturing, and training particular children» (Ruddick, 1989, s. 51). Sjølv ei kvinne som har født eit barn går gjennom det Ruddick kallar ein sosial adopsjon når ho forpliktar seg til å forsørge det. Alt liv kjem frå graviditet og fødsel, men alt liv er òg avhengig av at nokon er mor for det (Ruddick, 1989, s. 51).

¹³ Det er viktig å merke seg at ein mann som er mor her vil vere noko anna enn ein far. Medan rolla som mor er diktert av eit barn sine behov, er rolla som far, ifølge Ruddick, heller diktert av samfunnet ein er ein del av. Historisk sett inneberer ein far sine oppgåver å forsørge familien, samt å gi dei beskyttelse (Ruddick, 1989, s. 42). Det er naturleg at desse ulike rollene òg vil kunne endre seg historisk. Det er nærliggande å tru at rollene som mor og far ligg nærmare kvarandre i dagens Noreg enn då Ruddick skreiv *Maternal Thinking* i ein amerikansk kontekst i 1989.

3.2.3 Patrice DiQuinzio: Å unngå essensielt moderskap

Patrice DiQuinzio har ikkje utarbeida ein eigen teori om moderskap, og hennar standpunkt er at dette heller ikkje er mogleg å få til. I boka *The Impossibility of Motherhood* gjer ho nærlesingar av fleire feministiske analysar av moderskap, og ser desse i samanhengar ho meiner skaper produktiv diskusjon mellom dei (DiQuinzio, 1999). Ifølge henne er moderskap ein av dei mest aktuelle problemstillingane for feminismen, samstundes som temaet er både omstridt, vanskeleg og motstridande (DiQuinzio, 1999, s. x). Moderskap er uunngåeleg for feminismen fordi det angår alle kvinner uansett, om enn på ulike måtar. Det er nært knytt til alle dei store temaa for feminismen: kjønn, kjønnsidentitet, kropp, begjær, bevissthet, erfaringar, representasjon, undertrykking, likskap, fridom og frigjering (DiQuinzio, 1999), og må difor undersøkast og drøftast.

Særleg er det omgrepa ho introduserer i innleiinga til boka, og som vidare er utgangspunkt for analysane hennar, som gjer DiQuinzio interessant å bruke. Desse omgrepa kan vere fruktbare for å forstå dei ulike måtane vi ser på moderskap. Ho skisserer opp det ho kallar «the impossibility of motherhood», og viser korleis alle forsøk på å teoretisere kring moderskapet er nøydde til å forhandle «the dilemma of difference». «The dilemma of difference» viser hjå DiQuinzio til korleis feminismen og den feministiske teorien er nøydde til å sjå vekk frå kvinner sin skilnad for på ein god måte å kunne argumentere for likestilling, samstundes som dei vert nøydd til å bruke desse forskjellane for å snakke om nettopp det spesifikke ved kvinner sine situasjonar og erfaringar (DiQuinzio, 1999). Den kvinnelege kroppen skil seg frå den mannlege ved at den blant anna kan føde barn, men ved å vektlegge dette risikerer ein samstundes å gjenopprette både ulikskap mellom kjønna og undertrykking av kvinne.

Slik ser ein vidare at ei av dei fellene feminismen viser seg å stadig gå i når det dreier seg om moderskap, er å snakke om det på ein essensialiserande og reduserande måte. Essensielt moderskap er for DiQuinzio ideen om å skulle kunne spesifisere attributt knytt til moderskap, i tillegg til det å definere femininitet ut i frå moderskap (DiQuinzio, 1999, s. xiii). Ifølge essensielt moderskap er moderskapet ein essensiell og uunngåeleg del av den kvinnelege naturen og biologien. Det seier blant anna noko om kva eigenskapar det er ei kvinne skal ha, og at det i neste omgang er desse eigenskapane som gjer kvinnen skapt til å ha omsorg for barn. Essensielt moderskap legg til grunn at alle kvinner både ønsker og bør verte mødrer, og dermed òg at dei kvinnene som anten ikkje vil verte mødrer eller innehavar desse moderlege eigenskapane

er avvikande som kvinner. Essensielt moderskap er uheldig fordi det legg opp ei forståing av moderskapet som det som hindrar kvinner i å ha fridom og kunne ta eigne val.

Løysinga på feminismen sitt moderskapsproblem, vert ifølge DiQuinzio å gå fullstendig vekk frå tanken om eit einskapleg og totaliserande bilet av moderskap, og heller fokusere på spesielle tilfelle og spesielle kontekstar (DiQuinzio, 1999). Ho skriv at «feminist theory will inevitably include multiple accounts of mothering that will contradict each other and nonetheless contribute something important to our understanding of mothering» (DiQuinzio, 1999, s. 247). Ved å opne opp for og inkludere fleire syn på moderskap, vil vi kunne utvide forståinga vår av moderskapet, noko som igjen vil kunne få positive konsekvensar for kvinner. Her kan ein òg sjå korleis undersøking av ikkje-biologiske mødrer vil kunne vere eit viktig bidrag, og slik leverer DiQuinzio på mange måtar eit premiss for det eg ønsker å gjere i denne oppgåva.

3.3 Teori om ikkje-biologisk moderskap

Samstundes som det er tydeleg at moderskapsteori kan opne opp for å inkludere det ikkje-biologiske moderskapet i forståinga si av moderskap, vert dette likevel oftast raskt sett til side til fordel for det normgivande biologiske. Når ein skal seie noko om det ikkje-biologiske moderskapet vert det difor naudsynt òg å sjå på teori som tek føre seg dette meir eksplisitt. Her føreligg det ikkje noko einskapleg og kanonisert teori slik som det gjer for dei generelle moderskapsstudiane. Difor vil det vere naudsynt å hente inn litteratur frå forskjellege fagfelt som til saman kan seie oss noko om dei ulike sidene ved det å vere ikkje-biologisk mor. Tekstar innafor felt som medisin, psykologi, sosiologi, sosialt arbeid og juss viser oss at temaet ikkje-biologiske mødrer både er aktuelt og at det angår mange livsområde samstundes. Men trass det mangfoldige ved forskinga, er det òg nærliggande å ville påstå at den er manglande. Det verker nesten som at dei ikkje-biologiske mødrane samstundes som dei har vorte anerkjente som mødrer, òg har hamna i ei slags blindsone i moderskapsforskinga som felt.

Dei ulike fagfelta vil naturlegvis bidra med ulike fokus og perspektiv på ikkje-biologiske mødrer. Innafor medisinen dreier mykje av den nyare forskinga seg om temaet eggdonasjon (Widerøe, 2017), medan det innan sosialt arbeid hovudsakleg dreier seg om korleis ein skal møte desse kvinnene i dei offentlege systema. Kanskje særleg mykje av den nyare litteraturen

om emnet dreier seg om lesbiske mødrer, då med fokus på erfaringane dei gjer seg av å vere den mora i forholdet som ikkje har biologisk forbindigar til barnet sitt. Funna frå desse undersøkingar vil moglegvis kunne ha overføringsverdi til òg å gjelde andre mødre som ikkje har bore fram og født eigne barn. Til dømes konkluderer studien «Social-emotional functioning in planned lesbian families: does biological versus non-biological mother status matter» frå 2020 med at det heller er den livslange tilknytinga til barnet, samt morstenkinga som følger med, enn dei biologiske bindingane som er av betydning i mor-barn-forholdet (Barone, Carta & Ozturk, 2020).

Det juridiske feltet bidrar med viktig innsikt ved at det minner oss på kor viktige dei juridiske aspekta ved foreldreskap faktisk kan ende opp med å vere. For biologiske mødrer er det forpliktande foreldreansvaret noko som kjem automatisk som følge av det å føde eit barn, men dette vil naturlegvis vere annleis for dei ikkje-biologiske mødrene. Som jussprofessoren David D. Meyer peiker på, var det tidlegare meir openbert kven som skulle få dette ansvaret, men nye familieforståingar og nye familieformer gjer at ein møter på nye problemstillingar i møte mellom menneske og juss (Meyer, 2006). Mange ikkje-biologiske mødrer vert heller mødrer gjennom rettsprosessar enn graviditet, samstundes som òg mange ikkje-biologiske mødrer kanskje aldri vil ha noko juridisk rett og ansvar ovanfor barna dei er mødrer for.

Vidare i dette kapittelet vil eg fokusere på eit utval teori om ikkje-biologiske mødrer som eg meiner kan bidra med fruktbare perspektiv i lesingane eg skal gjere av Undset sine forteljingar. Kvinnene i desse forteljingane har forskjellege utgangspunkt som ikkje-biologiske mødrer. Samstundes som det er openert at enkelte problemstillingar vil vere spesifikke avhengig av om ein snakkar om adoptivmødrer, fostermødrer, stemødrer eller barnepiker, meiner eg òg at mykje av teoriseringa kring det ikkje-biologiske moderskapet vil vere gyldig på tvers av desse underkategoriane av ikkje-biologisk moderskap.

3.3.1 Ikkje-biologisk moderskap som illegitimt moderskap

Sosiologen Gayle Letherby er opptatt av korleis både ufrivillig barnlause kvinner og ikkje-biologiske mødrer vil verte definert som «den andre» i samfunnet (Letherby, 1999). Ved hjelp av Simone de Beauvoir sitt omgrep, som vanlegvis seier noko om kvinna si posisjonering i relasjon til den mannlege norma, viser Letherby her korleis desse kvinnene står ved sida av dei rådande ideala for feminitet i samfunnet. Historisk sett har det vist seg at det er gjennom det å

verte (biologisk) mor at ei kvinne får stadfesta sin eigen kvinnelegheit, fordi det kvinnelege er såpass nært knytt til nettopp fertilitet og reproduksjon. Alle moderne samfunn er ifølge Letherby pronatalistiske ved at den dominerande diskursen kring moderskapet fremmar dette som ei sjølvfølge for alle kvinner (Letherby, 1999, s. 361). Det er på grunn av dette at ein ender opp med å få ei hierarkisk inndeling av typar moderskap, der det berre er det biologiske som er det «ekte».

Den same tanken om at ulikt moderskap kan delast inn hierarkisk finn vi hjå antropologen Pamela J. Downe (2001). Gjennom ein enkel sosiolinguistisk analyse viser ho korleis alle andre mødrer enn dei biologiske får ei presisering framfor tittelen mor: Adoptivmor, fostermor, stemor. Det dette viser oss er korleis tanken om at det normative moderskapet er det som innehold svangerskap, fødsel og genetisk slektskap stadig vert både forsterka og reproduusert i måten vi snakkar og tenker på (Downe, 2001, s. 29). Downe peikar vidare også på eit av dei mange problema ikkje-biologiske mødrer ofte kan møte på, nemleg at dei ikkje vert sett på som ordentlege mødrer. Medan ein mann kan verte forstått som berre ein spermdonor, vil den biologiske mora nesten alltid oppfattast som den «ekte», sjølv om det er ei anna kvinne som gjer morsarbeidet ovanfor barnet (Downe, 2001, s. 32).

Det er klart at det finnes forskjellar mellom det biologiske og ikkje-biologiske moderskapet, på same måte som det er forskjellar mellom alle morserfaringar. Downe fokuserer spesielt på stemødrer og deira opplevingar, og skriv at stemødrer ofte inntar ein liminal posisjon. Samstundes som dei ikkje kan kallast barnlause, viser det seg også å vere vanskeleg å akseptere dei som mødrer. Heteronormativiteten tillet berre éi mor (Comeau i Downe, 2001), og difor vert stemødrer, og kanskje også andre ikkje-biologiske mødrer, ofte usynleggjorte fordi dei berre vert ei andre mor for barnet. For mange mødrer som opplever moderskapet gjennom å vere stemor, er erfaringane deira utan tvil tydelege morserfaringar, med alt det inneberer av omsorg, kjærleik og arbeid. Trass dette vil dei ofte ikkje oppleve å få anerkjenning eller møte forståing for moderskapet sitt, fordi det rår tvil om legitimiteten deira i samfunnet (Downe, 2001).

3.3.2 Den ikkje-biologiske morskroppen

Morskroppen har alltid vore sentral i den allmenne forståinga av moderskap. Brakman og Scholz foreslår at det ligg til grunn eit biologisk paradigme som bidrar til den dominerande forståinga av moderskap, der biologi vert vektlagt som det viktigaste for relasjonen mellom mor

og barn (Brakman & Scholz, 2006). Det biologiske paradigme påverkar måten vi konseptualiserer, snakkar og tenker kring moderskap på, og morserfaringane ei kvinne gjer seg vil kunne verte påverka av dei forventingane det biologiske paradigm legg til grunn:

Among the different elements of a maternity grounded in the biological paradigm, one might find a claim for the existence of a natural connection or bond between mother and child, a plea for the inherent beauty of the pregnancy experience, an appeal to the creative power of the maternal body, or even an assertion regarding the necessity of a genetic connection (Brakman & Scholz, 2006, s. 57).

Brakman og Scholz kritiserer dette paradigmet, og meiner at det er falskt. Ei forståing av moderskapet der den genetiske forbindingsa gjennom svangerskapet er naudsynt, vil ikkje kunne romme mødrar som ikkje har bore fram barnet sitt sjølv. Det vil sjølvsagt kunne vere slik at desse erfaringane, slik dei vert skissert av paradigmet, kan vere deskriptive for den einskilde kvinnen si erfaring på ein god måte. Problemet med tenkemåtane det biologiske paradigm tilordnar oss, er at dei ender opp med å stå som normative verdiar som skal gjelde alt moderskap (Brakman & Scholz, 2006, s. 57). Konsekvensen av det vert difor igjen ei nedvurdering av ikkje-biologiske moderskap som både mindre ekte og mindre bra. Av denne grunnen er det naudsynt med ei ny forståing av samanhengen mellom kropp og moderskap.

Professor i filosofi og kulturstudiar, Shelly M. Park, presenterer moglege tenkemåtar kring den ikkje-biologiske morskroppen i artikkelen «*Adoptive Maternal Bodies: A Queer Paradigm for Rethinking Mothering?*» (Park, 2006). For Park vil kroppen til adoptivmødre kunne karakteriserast som «queer», fordi den skil seg frå den biologiske norma. Kroppen deira har ikkje gått igjennom dei same prosessane knytt til svangerskapet, og dei manglar dei biologiske banda til barnet. Men er det eigentleg forskjell mellom dei to typene morskropp? For Park er det i så fall berre snakk om ein historisk avhengig forskjell (Park, 2006, s. 205). Det er den pronatalistiske tankegangen som gjer at moderskapet ofte vert definert nettopp gjennom svangerskap og fødsel, men med ein gong ein går vekk i frå dette, vil ein sjå at det ikkje er tvil om at biologiske og ikkje-biologiske mødrar deler mange av dei same erfaringane. Ved å skifte fokuset over frå natur til omsorg («*nature to nurture*»), og fokusere på kva som er til stades heller enn kva som manglar, vil ein raskt kunne sjå at alle formar for moderskap inkluderer intense kroppslege erfaringar (Park, 2006, s. 206). Med Aasta, Helene og Emma i dei tre forteljingane viser Undset oss korleis alle mødrar vil kunne kjenne barnet sitt sin hud inntil sin, skifte bleier på det, vaske det, trøyste det, og så vidare. Alle mødrar vil kjenne dei same kroppsleggjort kjenslene av både glede og sorg i relasjonen til barnet sitt. Å sjå på moderskapet

med utgangspunkt i den skeive morskroppen heller enn den biologiske, gjer ifølge Park at vi får fokusere på delar av moderskapet som elles fort kan verte oversett.¹⁴

3.3.3 Det betalte morsarbeidet

Kvinner som får betalt for å utføre morsarbeidet er på ingen måte ei ny gruppe. Vi veit at morsarbeidet har vore delegert til andre kvinner i tusenvis av år, men oftast har desse kvinnene vore lite synleg i både historia og teorien (Coles, 2015). Cameron L. Macdonald tar utgangspunkt i eit morsarbeidomgrep liknande Sara Ruddick sitt når ho argumenterer for at vi må gjere plass for det betalte morsarbeidet i forståinga vår av moderskap (Macdonald, 1998). Morsarbeid er dei daglege oppgåvene knytt til å ha omsorg for barn, både praktisk og emosjonelt, og er utan tvil svært nært knytt til oppfatninga av kva det vil seie å vere mor i daglelivet:

Although separate from motherhood as a social role or identity, mother-work represent a large component of what it means to be a mother and experience mothering. Therefore, the practice of delegating mother-work in the relationship with a paid caregiver might fundamentally challenge our understanding of what it means to mother (Macdonald, 1998, s. 26).

Macdonald introduserer òg omgrepet «shadow motherhood» for å skildre den spesielle situasjonen dei betalte mødrene finn seg i: Desse kvinnene må utføre morsarbeidet, men samstundes skjule at dei gjer det. Årsaka til at dette arbeidet må vere usynleg handlar om at dei gjer desse oppgåvene i staden for ho som er sosialt bestemt til å gjere dei. Ofte har ein sett føre seg ei todeling i typen oppgåver, der dei tilsette berre har ansvar for den eine delen. Medan dei praktiske oppgåvene knytt til barnestell kan utførast av kven som helst, ligg det i vestlege samfunn til grunn ei forventing om at det berre er mora som skal knytte morsband til barnet gjennom den meir emosjonelt involverande oppsedinga (Macdonald, 1998). Det som gjer det betalte morsarbeidet vanskeleg, er at det i realiteten tydeleg ikkje er så enkelt. Som Macdonald peikar på, er det ofte dei praktiske oppgåvene som å mate, holde og disciplinere som er med på å skape dei banda som utgjer eit mor-barn-forhold (Macdonald, 1998, s. 33).

Noko som òg skil det betalte moderskapet frå anna moderskap, er dei særleg tydelege maktforholda som trer fram. Det vil alltid involvere eit tilsettingsforhold der dei biologiske

¹⁴ Det er interessant å merke seg korleis eit slikt fokus på den ikkje-biologiske morskroppen samstundes òg opnar for ei betre forståing av farskapet og dei kroppslege erfaringane ein far kan gjere seg i relasjon til barnet sitt. Det er først når ein legg vekk ideen om dei biologisk avhengige banda mellom mor og barn at moderskapet og farskapet kan sjåast som likeverdig.

foreldra har tilsett nokon for å gjere eit arbeid for dei. Vidare kan ein dermed òg sjå korleis makt knytt til sosial bakgrunn og økonomi kan spele ei rolle. Mykje av litteraturen som omhandlar ikkje-biologisk moderskap er såkalla «life writing», og det denne litteratur- og moderskapsforskaren Elizabeth Podnieks tek utgangspunkt for å kunne seie noko om erfaringane betalte morsarbeiderar gjer seg (Podnieks, 2021). Gjennom lesing av to matroetnografiar¹⁵ viser ho korleis nettopp desse maktforholda vil gjere seg gjeldande, men òg vidare korleis dei betalte morsarbeiderane må balansere kjærleik til barna med plikt og anerkjenning av det faktum at det morsarbeidet dei gjer faktisk først og fremst er ein betalt jobb.

Det er ikkje tvil om at temaet ikkje-biologiske mødrer er aktuelt og angår mange. Sjølv om mange kvinner vil ha direkte erfaringar av å vere mor, med alt det inneberer, for eit barn ho ikkje har biologiske band til, ser ein korleis det stadig viser seg at samfunnet nedvurderer det ikkje-biologiske moderskapet til fordel for det biologiske og «normale». Slik som òg Ruddick og DiQuinzio opnar for, er det naudsynt å utvide forståinga vår av moderskap til òg å inkludere erfaringane til dei ikkje-biologiske mødrene. Argumentasjonen som tydeleg går igjen i faglitteraturen seier at gjennom nettopp det å undersøke desse alternative måtane å vere mor, bidrar ein til å utfordre dei rådande ideologiane kring moderskap, redefinere det og utvide forståinga vi har av det (Letherby, 1999, Park, 2006, Podnieks, 2021). I dei neste kapitla skal eg gjennom analysar av «Frøken Smith-Tellefsen», «Thjodolf» og «Gunvald og Emma» vise korleis Sigrid Undset si framstilling av ikkje-biologiske mødrer frå starten av 1900-talet kan bidra til å betre forståinga vår av moderskapet og utfordringane det bringer med seg, til og med i dag.

¹⁵ Omgrepene sitt eige, og ho forklarar det slik: «The term fuses the prefix matro (Latin root for mater) with ethnography; and further, signals a conflation of matro with the auto (autobiography) in autoethnography, itself a hybrid genre from the fields of life writing, anthropology, and sociology. [...] matroethnographies record maternal subjectivities that are individual and collective, personal and communal» (Podnieks, 2021, s. 337)

4 Betalt moderskap i «Frøken Smith-Tellefsen»

I «Frøken Smith-Tellefsen» fra *Fattige skjæbner* (1912) viser Undset tydeleg korleis den betalte mora kan sjåast som mor. Dette gjer ho gjennom hovudpersonen i forteljinga, frøken Aasta Smith-Tellefsen, som arbeider som husstyrerinne i ingeniørboligen hjå enkemannen Torolf Biørn og barna hans, Laila, Lillebjørn og Bikku. Aasta har hatt postar hjå andre familiar tidlegare, men som eg kjem tilbake til, verker det som opphaldet hjå Biørn skil seg frå det arbeidet ho har gjort tidlegare i måten ho har teke på seg ei meir involverande morsrolle i familien. Frøkentittelen til Aasta, som vert stadfesta allereie i tittelen på forteljinga, seier oss at det er snakk om ei ugift kvinne. Dette er viktig fordi det tydeleggjer for oss at Aasta ikkje har biologiske barn. Slik samfunnet var organisert på 1910-talet, manglar ho den relasjonen som kan gi henne eit barn, og ut i frå det vi les i forteljinga, vil ho truleg heller aldri få det. Den typen moderskap forteljinga tar opp er slik først og fremst det betalte moderskapet, der Aasta får betalt for å utføre morsarbeid ovanfor barna i familien. Som blant anna Cameron L. Macdonald peiker på i artikkelen «Manufacturing Motherhood: The Shadow Work of Nannies and Au Pairs», har det ikkje vore tradisjon for å gi rom for denne gruppa av kvinner i ei generell forståing av moderskapet. Med bakgrunn i ei moderskapsforståing som vektlegg morsarbeidet som heilt grunnleggande for mor-barn-relasjonen (Ruddick, 1989, Macdonald, 1998), vil eg i lesinga mi blant anna undersøke på kva måtar ein likevel kan sjå Aasta som mor.

4.1 Forteljaren og framstillinga av Aasta

Som eit utgangspunkt for den vidare analysen av «Frøken Smith-Tellefsen», og eit grunnlag for å skulle svare på problemstillinga korleis Undset framstiller den ikkje-biologiske mora, er det hensiktsmessig å starte med å sjå korleis forteljaren i forteljinga får lesaren til å sympatisere med hovudkarakteren, Aasta. Forteljinga startar med ei attgjeving av ei samtale mellom Aasta og nabokona, fru Storaker, fortalt frå eit eksternt perspektiv. Aasta pratar mykje utan stopp:

«[...] janei saa herlig det var at De kom opover idag, fru Storaker, uf at ikke pastoren hadde tid at å se indom da – nei hadde vi det ikke hyggelig den aftningen, dere var her efter oppbyggelsen paa Høgste, gid vi var rent oplivet länge etter, baade ingeniøren og jeg – aa ta en kake til da, fru Storaker, ja den er ikke riktig som den skulde være, der er blit litt for mye soda i den, men berlinerkransene synes jeg ikke er værst [...]» (Undset, 1912, s. 168).¹⁶

¹⁶ Vidare i kapittelet vil eg berre vise til sidetal når eg refererer til forteljinga.

Allereie frå starten får lesaren høve til å observere Aasta frå eit utanforståande perspektiv, og gjennom den kvardagslege samtalens får ein eit innblikk i kven ho er. Sjølv om ho pratar eit danna talemål i møte med prestefrua, avslørar ho den sosiale statusen sin i måten ho konverserer på. Temaa ho tek opp i samtalens vitnar om den avgrensa livserfaringa ho har. Ho pratar i veg om bakst, preserverte egg og ingeniøren og barna, og viser med dette òg kor involvert ho er i arbeidet sitt. Samtalen med fru Storaker verker å vere ein av dei få gongene ho faktisk har kontakt med omverda utanfor familien: «hun hadde snakket sig op, saa hun smilte og var glad i øinene» (s. 179). I det fru Storaker går får lesaren overhøyre kva ho fortel mannen sin om Aasta: «‘Hun er da igrunden ikke saa forfærdelig styg,’ sa prestefruen til sin mand. ‘Og et flinkt menneske er hun – stakkars, jeg skulde riktig ønske, det blev noget av med hende og ingeniøren’» (s. 179). Fru Storaker bekreftar inntrykket ein har frå den innleiande samtalens: Det er noko stakkarsleg ved Aasta.

Etter dette ligg den personorienterte tredjepersonsforteljaren sitt perspektiv hjå Aasta, og ein får difor tilgang til både kjenslene og tankane hennar gjennomgåande i forteljinga. På denne måten får lesaren innsikt i dei erfaringane ho gjer seg som ikkje-biologisk mor, både på godt og vondt. Dette dømet viser korleis ho resonnerer når Bikku har feber: «Hun var borte og saa til barnet igjen. Stakkars liten – naa noget farlig kunde det nu ikke være vel. Han sov jo saa godt – sov vel feberen av sig» (s. 181). Som ein moderleg omsorgsperson overvaker ho feberen hans, og når ho avfeiar det som sannsynlegvis ufarleg forstår ein at det er fordi ho skal roe seg sjølv.

Tre gonger i løpet av forteljinga skiftar perspektivet slik at det heller er Torolf sine tankar og observasjonar som vert formidla. Dette skjer når Bikku vert sjuk, til ei viss grad når han er i fjellet saman med fru Hansen, og mot slutten når han har vorte forlova med fru Hansen og Aasta skal reise. Det er relevant for historia kor Torolf posisjonerer seg i forhold til Aasta, og korleis han oppfattar henne som både menneske og mor. Etter å ha slått fast at ho er både snill og flink tenker han følgande medan han ligg i senga: «Desuten likte han hende jo ikke igrunden. Et gammelt jaalete prækeskaft – saa grænseløst som hun irriterte ham altid med den evige blie skravlen sin» (s. 187). Når vi som leserar har tilgang til både interne og eksterne observasjonar kan vi danne oss eit større og meir nyansert bilet av korleis Aasta er, og korleis Undset framstiller den betalte mora. På same måte som fru Storaker, opplever Torolf Aasta som flink i arbeidet sitt, men innvender mot den manglande danninga hennar.

Undset nytta fri indirekte diskurs, noko som gir konsekvensen at det ikkje alltid vert klart for lesaren om det er forteljaren eller personane i forteljinga sine tankar og meininger som kjem fram. Om fru Hansen sitt besøk står det følgande: «Frøken Smith-Tellefsen utstod hende ikke fra første stund. Serianna var ogsaa sint over fru Hansens besøk – hun skulde ha op varmt vand i lange baner baade morgen og kveld og vilde ha havregrøt til frokost hver dag. Hellerikke Laila kunde fordra ‘tante Kari’» (s. 145). Som sitatet viser bidrar denne diskursen til at lesaren må tenke ein gong ekstra over kor påstanden kjem frå. Me får vete at Aasta er skeptisk til fru Hansen, men når forteljaren vidare nemner at både Serianna og Laila er like skeptiske, kan ein stille spørsmål ved om dette eigentleg er forteljaren sjølv eller Aasta sin dom. Den frie indirekte diskursen kan bidra til at lesaren sympatiserer ytterlegare med hovudkarakteren, fordi ein kjem nærrare inn på henne gjennom den subjektive attgjevinga av handlinga.

I artikkelen «Omkring Sigrid Undsets tidlige samtidsskildringer» skriv Ellisiv Steen korleis Aasta Smith-Tellefsen står som representant for ein type i Undset sine forteljingar. Det dreier seg om dei litt eldre jomfruene: «de ugifte, litt tilårskomne kvinnene, gjerne av såkalt god familie det er gått ut med, – en type Sigrid Undset har en særlig ømhet for» (Steen, 1982, s. 43). Samstundes som ho understrekar sympatiene Undset viser for Aasta og typen ho representerer, ser ein igjen at den fattige og stakkarslege skjebnen deira står i sentrum: «Den lykken de har drømt om, er gått dem forbi, og vi aner den trøstesløse alderdom som venter dem» (Steen, 1982, s. 42). Aasta er ei peppermø – ei ugift kvinne over tretti år. Og her ligg nok mykje av årsaka til at lesaren synes synd i henne og typen ho representerer: Sett opp mot den gjeldande samfunnsnorma, der ekteskap og biologisk moderskap er målet for kvinna, er Aasta eit avvik. Gjennom arbeidet sitt får ho tilgang på noko av det ho ønsker seg og saknar, men det er heile tida med eit etterhald om at det ikkje er ekte.

4.2 Betalt moderskap og vanskelege grenser

Arbeidet Aasta gjer hjå Biørn er betalt. Allereie frå starten vert lesaren bevisstgjort dette gjennom samtalen mellom Aasta og prestefrua fru Storaker. Ho får tjue kroner i månaden for arbeidet sitt, og oppgåvene hennar består av det meste av husstell og barnestell:

«[...] De kan tro, fru Storaker, det er ikke bare roser at skulle tjene sit brød ute blandt fremmede. Saan var fru Biørn akkurat ogsaa – naar en hadde betaling for det, saa var det liksom hun aldrig kunde faa lagt nok paa en – og ingenting at takke for, hvor mye en strævet – ha Bikku om natten

og holde istand tøiet til barna og læse abc med Laila og stoppe gardiner og dækketøi og ha et øie med allting – og saa dertil endda den evige striden med maten – ja jeg synes nu just ikke, at tyve kroner maaneden var saa mye for det → (s. 174).

Aasta må blant anna ha Bikku om natta, gjere lekser med Laila og stoppe gardiner. Det vil alltid vere eit maktforhold mellom arbeidsgivar og tilsett, noko Aasta òg ser ut til å vere bevisst. Sitatet over viser korleis ho vert pålagd stadig fleire oppgåver frå arbeidsgivaren sin. Sjølv om ho synes dei er urimeleg mange, er ho nøydd til å føye seg og utføre dei for å få den betalinga ho nok treng. Det ser ut som at Aasta nærast dagleg vert minna om kva relasjonen til familien dreier seg om, nemleg at ho er den som får betaling for å tene dei. Åtteåringen Laila seier det rett ut når Aasta har skjenka henne blåbærvin. Fru Storaker kjem med ein påstand og Laila svarer: «‘Ja den frøken Smith-Tellefsen, hun er nok ordentlig snil mot dere hun –’. ‘Høh – hun har penger for det saa –.’» (s. 174).¹⁷

Det verkar å vere ein vesensforskjell i arbeidet til Aasta før og etter fru Borghild Biørn sin død. Som sitatet òg viser, var det særleg ho som gjorde at arbeidet til Aasta vart eit strev. Ho var høggravid då Aasta fekk posten, og så vart ho sjuk og sengeliggande. Etter dette har Aasta vore den øvste kvinnen i huset dei to siste åra. Sjølv om Torolf framleis er sjefen hennar, har Aasta fått meir autonomi på heimebane. Samstundes som arbeidet til Aasta kanskje har vorte letta av dette, oppstår konsekvensen at grensene mellom arbeid og privatliv har vorte viska bort. Vi ser at etter at Borghild gjekk bort har Aasta nærast flytta inn i huset som ei ny kone og mor. At ho har innreia huset med sine eigne ting viser dette:

«[...] Det er mit alt som er her av denslags, og de aaklærne har jeg da selv brodert til værelset mit, og etageren med alle pyntesakerne og de to vasene paa konsollen og disse blaa kopperne her – det er mit alting – jeg hadde jo samlet noksaa mye slikt. Saa har jeg sat det ind hit da – [...] Ja, saa satte jeg nogen avlæggere da, og det var mig som fik ingenieren til at kjøpe gulvtepper og de to grønne plychtolerne paa auktionen etter pastor Hellesnæs. [...]» (s. 177).

I både seg sjølv og gjennom tinga sine har Aasta bringa med seg husvarme til ingeniørboligen. Aasta har sjølv brodert åkle, sett fram eigne vasar og koppar, og sett avleggarar. I tillegg får vi vete korleis ho både hermetiserer og steller i stand maten. Gjennom desse gjenstandane er ho til stade i heile huset, og dermed vert det òg vanskeleg å isolere det arbeidet ho gjer frå heimen og familien. Heimen og familien til Torolf Biørn er heimen og familien til Aasta. At Aasta har

¹⁷ Med bakgrunn i kor hardt Undset går ut mot tanken om moderskapslønn i polemikken med Møller, kan det vere nærliggande òg å lese novella som ei åtvaring mot det betalte moderskapet. Dette vil eg plukke opp igjen og drøfte i samband med slutten av novella.

samla på slike gjenstandar seier oss òg noko om kva for eit liv Aasta har sett føre seg: Ho har førebudd seg på eit liv som gift husmor. Når dette ikkje har vorte noko av har ho likevel, som vi òg skal sjå vidare, funne noko av det i arbeidet sitt hjå familien Biørn.

Med forteljinga gjer Undset det klart at husstyrerinna sin arbeidskontrakt ikkje naudsynt er eigna til å skilje privatliv og arbeidsliv. Det vert kanskje aller tydelegast i relasjon til barna korleis Aasta har bevegd seg forbi grensene til det ein kan forvente av ei husstyrerinne. I si lesing av matroetnografiar avdekka litteratur- og moderskapsforskar Elizabeth Podnieks korleis det å balansere mellom kjærleik til barna på den eine sida, og plikt og anerkjenninga av at ein gjer ein betalt jobb på den andre, òg ofte vert ein del av sjølve det betalte morsarbeidet (Podnieks, 2021). Videre er det interessant å sjå korleis Borghild moglegvis kan ha sett grenser for Aasta si involveringa medan ho levde, men at dette har endra seg i ettertid. I artikkelen «Manufacturing Motherhood: The Shadow Work of Nannies and Au Pairs» skriv Macdonald om nettopp korleis morsarbeidet fordelast mellom biologiske mødrer og dei betalte morsarbeiderane deira (Macdonald, 1998). Oppgåvene Aasta skildrar å ha fått ansvar for frå Borghild er alle praktiske: «‘[...] ha Bikku om natten og holde istand tøiet til barna og læse abc med Laila og stoppe gardiner og dækketøi og ha et øie med alting – og saa dertil endda den evige striden med maten – [...]’» (s. 175). Eit poeng hjå Macdonald er at medan den betalte mora gjerne kan ha ansvar for praktiske oppgåver knytt til barnestellet, er det ofte eit ønske at berre den biologiske mora skal knytte morsband til barna sine gjennom den meir emosjonelt involverande oppsedinga (Macdonald, 1998). Slik vi òg kan sjå i Undset si forteljing, er det berre rom for ei mor i den heteronormative familien, men når den biologiske mora dør opnar det seg, i alle fall reint fysisk, plass til ei ny. Dette er noko Aasta òg sjølv seier i samtalens med fru Storaker når ho forklarer kvifor ho må verte verande i akkurat denne jobben trass motstanden ho møter: «Men det er jo det, at jeg synes liksom jeg har en opgave her – disse barna er jeg jo paa en maate i mors sted for» (s. 175). Aasta har hatt primæransvaret for både husstell og barna dei siste åra, og som eg kjem tilbake til, er dette oppgåver som er heilt grunnleggande for å konstituere rolla mor gjennom morsarbeidet.

Den moglegvis overskridande emosjonelle involveringa Aasta har i arbeidet sitt gjenspeiler seg òg i forholdet til Torolf. Allereie etter den innleiande samtalens mellom Aasta og fru Storaker anar leseren at det, i det minste for Aasta, er noko meir mellom ho og Torolf enn berre det reint profesjonelle. Orda ho omtalar han med viser oss at ho set han høgt: «Biørn, han er saa kjærlig

og snil igrunden, ja tænk at jeg tror, han har saant bløtt hjerte paa bunden» (s. 170). Aasta påstår også å kjenne han gjennom innsikt i kjenslelivet hans:

«[...] Tænk som han sørget paa fruen sin, ja nu er det over to aar siden hun gik bort, og jeg er sikker paa, han sørger slik endda – ja jeg tror ikke der gaan en dag næsten, som ikke han tænker paa hende, ikke at han snakker om hende da, forstaar De, men jeg ser da ret som det er, at han titter bort paa billedet hendes – aa han ser saan ditbort sommetider, naar vi sitter her om kvelden, at jeg har rent vondt av ham mange ganger [...]» (s. 169).

Her får leseren sjå at ho er merksam på han og det han gjer. Samstundes kan det verke som ho med denne replikken også ønsker å markere ei form for eigarskap over han: Nå er Aasta det mennesket som kjenner han best, og som kanskje har moglegheit til å gjere ting betre for han. Det avgrensa språket ho uttrykker seg i vitnar om ei avgrensa verkelegheitsforståing.

«[...] Jeg har da forsøkt at snakke med ham om konen hans jeg, men han vil ikke indpaa det – jeg syntes det maatte være godt for ham at faa snakke om det med nogen, for jeg er da saa viss paa, det gaar ikke en dag, uten han tænker paa hende [...]» (s. 170).

I same samtale får vi også betre innsikt i Aasta sitt syn på ektestanden. Ho skuldar Borghild for å ha vore «ubehagelig og grætten mot ingenieren» (s. 171), og seier klart og tydeleg at ho sjølv meiner at ei kone skal stille seg til mannen sin:

« [...] Ja min mening er jo den, at har man giftet sig, saa faar man jamen ta følgerne og være fornøiet med at bo der ens mand har sit arbeide, og om en naa synes, en faar litt mange barn, saa synes ikke jeg der er mening i at være ubehagelig mot mand sin for det –» (s. 171).

For Aasta verker reglane for ekteskapet enkle: Kvinna skal følge mannen sin og vere nøgd med det. Det er den oppofrande kona og mora som er Aasta sitt ideal, og det vitnar igjen om ein naivitet hjå henne når det er fullstendig uforståeleg for ho korleis Borghild ikkje kunne vere nøgd med livet sitt når ho var heldig og hadde både mann og barn.¹⁸ Ved å vise oss fru Storaker sin reaksjon på Aasta sine kommentarar, tydeleggjer Undset ytterlegare denne naiviteten hjå Aasta: «Hun vendte ryggen til, for hun hentet en flaske blaabærvin og glas fra buffeten, saa hun saa ikke prestefruens smil – det medlidende smil, som fruer altid skjærer frökener, som snakker om ektestand og hvad dertil hører» (s. 171). Det er interessant å merke seg denne formuleringa: Samstundes som fru Storaker dømmer Aasta, er Undset sjølv også hard i sin dom mot den betrevitande fru Storaker.

¹⁸ Jennie Pedersen peiker på det same i sin analyse av forteljinga. Ho skriv at Aasta har konservative ideal, og at synet hennar på ekteskap er både naivt og tradisjonelt (Pedersen, 2021).

I tråd med eigne ideal vartar Aasta opp for Torolf. Ho hermetiserer, sylter og preserverer, lager fine måltid til han, og vaskar og stellar i stand kleda hans. Dette er naturlegvis ein del av arbeidsskildringa hennar, men for Aasta er det òg snakk om å utføre dei same oppgåvene som ho meiner ei kone har ovanfor ektemannen sin. Trass kva ho seier til fru Storaker om at ho kunne ønske seg bort, får lesaren gjennom forteljinga eit inntrykk av at ho finn både glede og lyst i arbeidet sitt. Ho står på, og legg nok både meir innsats og engasjement ned i arbeidet enn det som er naudsynt. Gjennom arbeidet som husstyrerinne i ingeniørboligen får Aasta høve til å spele rolla som kone og mor. Gjennom eit potensielt forhold til Torolf hadde ho oppnådd livsmålet sitt, nemleg å *verte* kone og mor. Nettopp dette er eit poeng for Liv Bliksrud i hennar analyse av samlinga *Fattige skjæbner*, og deriblant «Frøken Smith-Tellefsen» (Bliksrud, 1988). Med omgrepet «stand ins» viser ho korleis heile forteljingssamlinga tematisk dreier seg om menneske som fyller andre menneske sine roller (Bliksrud, 1988).¹⁹ For Bliksrud får særleg kjertelarra til Aasta ei stor betyding, fordi dei så brutalt uttrykker det overordna temaet å kamuflere sin eigen audmukande livssituasjon. «Denne kontrasten mellom kjertelarrenes heslige virkelighet og Aasta Smith-Tellefsens patetiske forsøk på å skjule dem svarer til motsetningen mellom jeget og selvbildet, mellom mulighet og ambisjon [...]» (Bliksrud, 1988, s. 158).

For Torolf har relasjonen til Aasta ein heilt annan karakter. For han er ho først og fremst ein tilsett som har tydelege oppgåver i heimen hans. I tillegg synes han ho er stygg, og ho både irriterer og fråstøytar han:

Dessuten likte han hende jo ikke igrunden. Et gammelt jaalete prækeskaft – saa grænseløst som hun irriterte ham altid med den evige blie skravlen sin. Saan hun gik og smisket og gned sig opover ham –. Naar han tänkte på kjertlerne hendes, saa grøsset det i ham. Men endda – endda virket hun slik paa ham – (s. 187).

Det finnes òg ein ambivalens i Torolf si tiltrekking til Aasta: Ho har ein verknad på han, og det er nærliggande å påstå at denne verknaden er av seksuell karakter. Det ekle ved Aasta har samstundes òg ein pirrande effekt på Torolf.²⁰ I løpet av forteljinga får vi fleire gonger hint om

¹⁹ Ellisiv Steen peikar på det same i artikkelen «Omkring Sigrid Undsets tidlige samtidsskildringer», men utan at ho går meir i djupna på det. Ho formulerer det slik: «[De] lar seg bruke og kaste, finner kanskje litt erstatningsvarme i andres hjem, øser av sin ubrukte moderlighet over andres barn [...]» (Steen, 1982, s. 43).

²⁰ Eit anna litterært døme på at det ekle kan ha ein seksuelt pirrande effekt finn ein i Amalie Skram sin *Forraadt* (1892). Irene Engelstad skriv om dette i avhandlinga *Sammenbrudd og gjennombrudd: Amalie Skrams romaner om ekteskap og sinnssykdom* (Engelstad, 1984).

at han har behov for å få ei ny kvinne inn i livet sitt. Men det er ikkje kjærleik han har behov for, det er kroppsleg nærleik. I samtale med fru Hansen når dei er på tur i fjellet seier han dette rett ut:

«Det er jo det jeg vet, Karen – bli glad i noget andet menneske end Borghild – det gjør jeg ikke. Aldrig, aldri har jeg været hende utro i mit hjerte – og aldri blir jeg det, det er jeg sikker paa. Men saa er det det da, skjønner du,» sa han lavt. «Jeg er en sund, sterk mana i mine bedste aar – med – ja med de lidenskaber og drifter da, forstaar du, som en mand har. – [...]» (s. 203).

Her vert det tydeleg at Aasta og Torolf ønsker to heilt ulike ting – ho vil ha evig kjærleik, medan han vil ha midlertidig utløp for lysten. Og det er denne rolla Aasta har for han: Kjærleiken han hadde til den avdøde Borghild, er heilt annleis enn den ambivalente tiltrekkinga hans til Aasta.

Mot slutten av novella endrar noko seg for Torolf. Etter at det er bestemt at han skal gifte seg med fru Kari Hansen og at Aasta skal flytte, verkar det på mange måtar som at han har fått eit openberra syn på Aasta og den rolla ho har spelt i familien hans: «Og det dæmret pludselig for Biørn, at egentlig saa hadde hun nu gjort meget mere for barna, end man hadde ret til at forlange av en betalt husbestyrerinde» (s. 211). Det har ein relasjonell verdi for Torolf at Aasta tek seg av barna hans. Sjølv om dei mot slutten kjem nærmare kvarandre, er det hovudsakleg arbeidet hennar han takkar henne for før avreisa: «‘[...] Ja det som De har gjort for disse stakkars barna mine, det vet jeg da, jeg aldri kan faa takket Dem nok for’» (s. 211) «‘[...] Og tak for det De har været for barna og mig! Mange tak for det!’» (s. 213). Forholdet mellom Torolf og Aasta kulminerer i eit kyss: «Da han tok og kysset hende, sanset hun ikke at gjøre motstand, sank bare indtil ham og laa i hans armer, myk og tung og het. Hun gjorde i det hele ikke ringeste motstand, lot ham haandtere hende som han vilde» (s. 212). Ho har ønska dette. Ho gjer seg sjølv passiv, og lar han forsyne seg av det han vil ha. For Aasta handlar det om kjærleik, men for Torolf handlar det framleis berre om erotikk. Når ho ved avskjeden ber han innrømme at han er glad i henne svarar han med å bøye hovudet. Eit romantisk forhold mellom dei to er ikkje ein moglegheit: Aasta er berre ei tilsett husstyrerinne frå ein lågare samfunnsklasse. Som òg vert eit poeng seinare, viser Undset med Torolf sine forhold til dei ulike kvinnene korleis økonomien i hans tilfelle er styrande for driftslivet.

4.3 Aasta som mor: «disse barna er jeg jo paa en maate i mors sted for»

For å argumentere for at ein kan sjå på Aasta som ei mor, vil det vere naudsynt å sjå nærmare på morsarbeidet ho gjer. Ifølge Sara Ruddick er det morsarbeidet som utgjer moderskapet. Eit barn vil krevje mykje, både fysisk og emosjonelt, og morsarbeidet er å svare på desse krava ved å gi barnet det det treng i ein gitt situasjon (Ruddick, 1989). I lesinga av «Frøken Smith-Tellefsen» vil ein lett kunne peike på heilt konkrete døme som viser korleis Aasta utfører morsarbeid som eit svar på barna sine behov. Ho gir dei mat og klede, held dei varme, og gir dei merksemd, trøyst og kjærleik. Eit døme er når ho gjer kveldsstell på Lillebjørn. Etter han har spist kveldsmat skal han legge seg: «‘Er vi færdig vi da, Bjønnemand? Skal vi i lallen vor naa da – og saa træt som denne Bjønnungen er da!’ Hun klasket i hænderne til ham» (s. 181). I tillegg til å utføre dei praktiske oppgåvene ved barnestellet, viser den barnevennlege og kjærlege måten ho snakkar til han på korleis ho òg er emosjonelt involvert i både morsoppgåva og barnet.

Det er det yngste barnet, Bikku, Aasta har knytt dei tettaste morsbanda til. Årsaka til dette er truleg at ho har hatt hovudomsorga for han frå han var født: «‘[...] Ja jeg har jo hat ham ganske alene da, fra han kom til, passet ham fra den første natten han levet –.’» (s. 176). Mora hans, Borghild, døydde kort tid etter han vart født. Bikku i forteljinga er rundt to år, og Aasta er den einaste mora han kan hugse. Utanom sjølve svangerskapet og fødselshendinga, er det ho som har gjort alle oppgåvene moderskapet inneber. Som drøfta ovanfor, er det lett å sjå korleis grensene mellom profesjonelt arbeid og private relasjoner lett forsvinn for betalte mødrer som Aasta. Aasta og Bikku sov på same rom, og ho er på arbeid heile døgnet – akkurat som ei ubetalt mor. Forholdet til Bikku er prega av stor intimitet. Dei ligg i same seng og har moderskapleg kroppsleg kontakt:

«[...] – Nei var det ikke for ingenieren og Bikku liten saa –. Men den ungen er jeg ikke god for at reise ifra, De. – Aa han er saa söt, saa söt og god, fru Storaker. Nei De skulde se om morgenens naar han er vaaken, og saa vil han over til mig i sengen da, og saa rækker han de smaa tykke armene mot mig [...]. Saa sier jeg til ham, hvad er du da, Bikku liten, og saa tar han mig om halsen og smiler saa bedarende og sier tokkelongen te Aasta mei – [...]» (s. 176).

Den kroppslege kontakten mellom mor og barn er unektleg viktig for tilknytinga mellom dei, noko som òg ofte vert trekt inn som eit argument for å vektlegge betydinga av biologi i forbindig med moderskap. I artikkelen «Adoptive Maternal Bodies: A Queer Paradigm for Rethinking Mothering?» argumenterer Shelley M. Park for at forskjellen mellom den biologiske og den ikkje-biologiske morskroppen ikkje er så stor som ein gjerne har ein tendens

til å tenke (Park, 2006). Det viser seg at den ikkje-biologiske mora sjølvsagt òg vil gjere seg mange kroppslege erfaringar i møte med barnet, til dømes gjennom det daglege morsarbeidet (Park, 2006). Dette viser seg tydeleg i teksten når Aasta på dagleg basis kan kjenne varmen av Bikku sin kropp inntil sin.

Ei viktig scene i forteljinga er når Bikku vert alvorleg sjuk med difteri. Vi får sjå korleis Aasta tek seg av han, og scena vert nærast som ei konkretisering av den kjærleiken vi veit Aasta har til guten. Det er ho som reagerer på den valdsame feberen hans, som får Torolf til å ringe doktoren, ho får i han drikke, og dempar hosten hans ved hjelp av varm damp. Til slutt er det òg ho som lar seg isolere saman med han. I motsetnad til fru Hansen som uttrykker bekymring over smitte når ho kjem på besøk, er Aasta heilt villig til å risikere dette for å vere saman med sjuke Bikku.

Ordvala til Aasta i denne situasjonen viser oss vidare korleis ho ser på han som sin eigen. Ho kallar han «Bikku vores» (s. 188), og uttrykkar bekymring over at *ho* skal miste han: «Jeg orker ikke – jeg blir gal, hører De, hvis jeg skal miste Bikku →» (s. 189). I Bikku får Aasta òg gjengjeldt morskjærleiken sin. Vi kan sjå korleis Bikku vel Aasta over faren når han plukkar sonen sin opp for å trøyste.

«Saa Bikku. Det er pappa – kjender du ikke pappa da? Saa aa! Er du ikke bra da – aassen kan du finde paa at bli syk da, Bikku gut?» Barnet sutret noget mellem tænderne – satte i etpar smaa rædde skrik og rakte etter frøken Tellefsen (s. 188).

Relasjonen Bikku har til faren og Aasta er tydeleg ikkje den same. For barnet er det ikkje dei biologiske forbindingane som spelar ei rolle når han skal finne trøyst og tryggleik. Undset sine skildringar gjer det tydeleg for oss at Bikku ser Aasta som mor, fordi det er ho som har utført alt det morsarbeidet han behøver.

Kanskje like viktig for å vise Aasta som mor, meiner eg at relasjonen mellom henne og Laila kan vere. Til forskjell frå Bikku, møter Aasta motstand hjå Laila. Som åtteåring hugsar Laila mora si, og er i større grad medviten kva rolle Aasta har i familien. Allereie første møte med Laila i forteljinga seier oss mykje om både ho og Aasta. Laila kjem inn når Aasta har besøk av prestefrua:

«Kan du si pent goddag til fru Storaker, Lailen min –» Laila rikset litt paa sig og gav haand. Saa forsynte hun sig med berlinerkranser av fatet og dumpet ned i en lænestol: «Du frøken, faa en kop kaffi da!»

«Gaa opp og byt på benene først, ven min – du er vist saa vaat – neimen saan du lugter fjøs da Laila!»

«Jeg gidder ikke bytte. Støvlerne er bare vaate utenpaa forresten –» (s. 173).

Aasta kallar Laila for «Lailen min», eit kjælenamn som indikerer ein nær relasjon mellom dei. Når Aasta ber henne helse på besøket viser det oss at ho tek på seg ei oppdragande rolle. Eit barn treng rettleiing for å sosialiserast inn i samfunnet det er ein del av, og om ein igjen ser til Sara Ruddick kan dette knytast til den delen av morsarbeidet som dreier seg om å møte krav om sosial akseptabilitet (Ruddick, 1989). Medan dei andre delane av morsarbeidet i all hovudsak vil dreie seg om å svare på konkrete behov hjå barnet, vil både samfunnet og mora sjølv ha interesse for at barnet følger normer og verdiar i samfunnet. Sjølv om det er ein heilt grunnleggande del av morsarbeidet, krev det eigentleg ikkje emosjonelt engasjement å ta vare på eit lite barn reint fysisk (Ruddick, 1989). Igjen kan ein sjå at som Macdonald viser i artikkelen «Manufacturing Motherhood: The Shadow Work of Nannies and Au Pairs», ligg òg mykje av denne tenkinga til grunn for fordelinga av arbeidsoppgåver mellom mødrer og dei betalte morsarbeiderane deira (Macdonald, 1998). Alle kan svare på dei fysiske behova til barnet, men med ein gong det vert kravd emosjonelt engasjement, fell det i teorien utanføre den betalte mora sitt ansvarsområde. Likevel ser vi at Aasta tek det oppdragande ansvaret, og med det viser seg som ei mor for Laila.

Aasta innrømmer til fru Storaker at Laila er eit vanskeleg barn, noko vi kan sjå i den barnslege motstanden i Laila sin oppførsel, men òg i måten ho heilt eksplisitt plasserer Aasta i kategorien som betalt husstyrerinne. Gjennom beordringar: «Du frøken, faa en kop kaffi da!» (s. 173), og bevisstheita Laila har om at Aasta får betalt for arbeidet sitt: «Høh – hun har penger for det saa –» (s. 174), vert det tydeleggjort for Aasta korleis Laila forholder seg til henne. På bakgrunn av alderen til Laila er det likevel nærliggande å tenke at motstanda ho viser ikkje berre dreier seg om det at Aasta er ein tilsett i familien, men like gjerne kan dreie seg om ein vanleg familiær opposisjon – lik den òg ei biologisk mor vil kunne oppleve frå ei litt eldre dotter. Trass kva Laila seier til Aasta, får lesaren sjå at ho er emosjonelt involvert i oppsedinga av henne. Aasta oppfattar den emosjonelle avstanden mellom dei som sår:

«[...] Men da kan De skjønne, hvor saart det er, naar en merker, at Laila bryr sig ikke det gran om mig, endda alt jeg forsøker – isch hun er saa trollet og lei og ekkel, og hun sætter op Lillebjørn og – [...]» (s. 175).

Forholdet mellom Aasta og Laila kan vidare sjå ut til å vise nokre av dei poenga Undset kjem med i essayet «Det fjerde bud» frå 1914. Hovudpoenget til Undset her er at forpliktinga foreldra har til barnet er viktigare, og i alle fall meir grunnleggande, enn forpliktingane barnet har til foreldra sine. Desse forpliktingane dreier seg om gjere det kulturarbeidet det er å vere forelder gjennom både å lære bort og å sjølv etterleve god moral (Undset, 2004). Trass måten Laila behandler Aasta på, held Aasta fram med å vere ein morsliknande omsorgsperson for henne. Ho held fram med å korrigere oppførselen hennar, trass dette kan gjere livet vanskelegare for henne sjølv, og ho gjer det fordi det er ein elementær del av det morsarbeidet ho har teke på seg.

Noko ved relasjonen endrar seg i løpet av forteljinga. Gjennom desse endringane vert den kjærleiken Laila sannsynlegvis gjengjelder for Aasta avdekt. Første gong ein kan sjå ei endring er når fru Hansen kjem på besøk. Medan det heile tida har vore naudsynt for Laila å markere avstand til Aasta fordi ho ikkje er den ekte mora hennar, vert Aasta plutselig den trygge vaksne når den ukjente fru Hansen kjem inn i biletet. Som eg òg skal komme tilbake til, har Aasta og fru Hansen ulike syn på barneoppdragning, der kontrasteringa mellom desse på mange måtar forsterkar det inntrykket ein har av Aasta som ei kjærleg mor.

Hellerikke Laila kunde fordra «tante Kari». For hver morgen ved bordet holdt hun paa med at præke om havregrøt, og hvor deilig det var og hvor sundt det var, og maste paa, at barna burde virkelig ha det, de burde tvinges til at spise grøt. Og naar de stod op og naar de la sig, kom hun ind og snakket om renslighet og avrivninger [...] (s. 195).

Når fru Hansen plutselig kjem inn i familien med sine sterke meiningar om barneoppdragning, er Aasta den som ender med å stadig ta barna i forsvar og stå opp for dei. Når fru Hansen til dømes kritiserer at barna sov for lenge om morgonen, er Aasta sitt svar at Laila trass alt har ferie. Gjennom møtet med fru Hansen får Aasta heilt tydeleg vist Laila og dei andre barna at ho både bryr seg om dei og er på deira lag, sjølv om dette kan gjere henne mindre populær blant dei vaksne.

Det er særleg heilt mot slutten, når det er bestemt at Aasta skal reise, at Laila klarer å vise at ho verkeleg er glad i henne. Dette får vi vete når Aasta tenker tilbake på den siste tida si hjemmefra Biørn.

Men det var allikevel saan trøst at huske paa Laila, saa ulykkelig det barnet hadde vært for hun skulde reise – og saa sot hun hadde været den sidste tiden. Stakkars liten, hun var vel ræd for

den stedmoren, hun skulde faa – det var ikke til at kjende igjen, som hun hadde været mot frøken Smith-Tellefsen, siden faren hadde fortalt hende det (s. 217).

Laila har allereie mista den biologiske mora si, og når Aasta skal flytte mistar ho òg den sosiale mora som har vore den primære omsorgspersonen for henne dei siste åra. Det kan sjå ut til at det kanskje heile tida har vore ein forskjell hjå Laila mellom kva ho har sagt høgt og faktisk følt ovanfor Aasta. Det er nærliggande å tenke at dette kan handle om at Laila deler samfunnet si forståing som tilseier at Aasta ikkje er ei mor for henne, og difor heller ikkje tillate seg å behandle ho som ei. Når Laila ser faren behandle Aasta som ei betalt husstyrerinne, er det naturleg at ho vil tilpasse seg omstenda og gjere det same. Når Aasta nå uansett skal flytte er risikoen for Laila mindre, og ho kan omsider tillate seg å vise ekte kjensler. At Aasta kan finne trøyst i Laila si ulykke viser letta ho kjenner over at all kjærleiken ho har hatt for Laila har vore gjensidig, og med dette viser Undset lesaren korleis barn-mor-relasjonen er viktig for mora sitt kjensleliv.

4.4 Motstemmar i teksten: Essensialistiske syn på moderskap

Aasta har eit uttalt morsforhold til dei tre barna ho tek seg av hjå familien Biørn. I løpet av forteljinga både seier og tenker ho at kjærleiken ho har for dei er ein morskjærleik. Første gong ho snakkar om Bikku seier ho følgande: «‘[...] Ja gid, jeg skjønner ikke, aassen man kan være mere glad i et barn jeg, selv om det er ens eget – ja jeg er sikker paa, jeg kunde ikke bli gladere i det, om jeg giftet mig og fik barn selv’» (s. 176). Lesaren har ikkje grunn til å tvile på at Aasta føler det slik som ho seier, spesielt sidan ho òg i handling viser oss korleis denne kjærleiken utartar seg.

Det er gjennom bipersonane i forteljinga at Undset presenterer oss for den dominerande oppfatninga i samfunnet – nemleg at den sosiale mora ikkje er mor. Eit slikt essensialistisk syn på moderskapet vil ekskludere dei mange morserfaringane som fell utanfor «normalen». Faglitteraturen om ikkje-biologisk moderskap peiker på ein tendens til at den ikkje-biologiske mora vert plassert lengre nede i hierarkiet enn den biologiske, og ofte ikkje vert sett på som «ekte» (Letherby, 1999, Downe, 2001). Som ei nyansering her bør det her leggast til at Aasta ikkje har ein morstittel. Det er gjennom arbeidet sitt ho fyller den ikkje-biologiske morsrolla, ikkje gjennom dei meir tydlege morsrelasjonane som adoptivmor, fostermor eller stemor. Sjølv om dette kan forklare noko av dei forutinntatte tankane om Aasta som ikkje-mor, meiner eg at

det er interessant å sjå nærmere på, nettopp fordi det skil seg frå både korleis ho handlar, tenker og snakkar om seg sjølv.

I scenen der Bikku er sjuk vert tanken om biologi som noko opphøgd i forhold til det sosiale tydeleg kommentert. Aasta sin reaksjon på situasjonen er det ein kan kalle hysterisk, og som svar til dette seier Torolf: «Snille Dem da frøken! Det er jo ikke *sikkert*, det er no farlig. Nei nu maa De da ta Dem sammen. Kjære, det er da vel værre for mig, som er guttens far –» (s. 191). Når Aasta ikkje har dei biologiske forbindingane til barna kan ho ifolge samfunnet heller ikkje kjenne på morskjensler ovanfor det.

Eg lurer på om det òg kan vere mogleg å sjå denne episoden som ei forlenging av den tankegangen Undset har kring vesensforskjellen mellom biologiske og ikkje-biologiske mødrer. Gjennom sakprosaen vert det gjort klart at Undset aksepterer og anerkjenner den ikkje-biologiske mora som mor, men med etterhald om ei viss forskjellelighet. I «Efterskrift» frå 1919 skriv ho at sjølv om ei anna kvinne kan føle like mykje, eller meir, for eit barn enn den biologiske mora gjer, vil det eksistere ein vesensforskjell som ligg i den kroppslege forbindiga: «Mangen kvinne har lidt mere ved å se et fremmed barn bli såret enn dets mor, men selv da ser den ene kvinne ramme, og den andre føler kniver i sitt eget kjød» (Undset, 2004, s. 392). Her viser Undset at den biologiske mora nærmast kan verte egoistisk i enkelte tilfelle, i det smarta til barnet først og fremst vert ei fysisk smerte for henne sjølv. Delen av forteljinga der Bikku er sjuk vert fortald frå Torolf sitt perspektiv, og difor får vi ikkje vete kva Aasta føler og tenker, berre kva ho gjer og seier.

Hun kastet seg ned ved en stol og hulket: «Aa Gud, aa gud – aa hjælp os da vel Gud!» Bikku krøket sig pludselig sammen i et voldsomt anfall av aandenød. Det var vondt at høre paa – og frøken Smith-Tellefsen skrek i vilden sky: «Han dør! Aa tænk da paa barnet Deres ingenør – De maa, De maa! Tænk om det er lungebetændelse eller difterit De –. Aa telefoner til doktoren da vel! Jeg orker ikke – jeg blir gal, hører De, hvis jeg skal miste Bikku –» (s. 189).

Er ikkje Aasta sine reaksjonar som hysteri og ukontrollert gret reaksjonar som vitnar om ei kroppsleg smerte? For meg verker det nærmast som at Undset går lengre i skildringa av Aasta enn det ho gjer i sakprosaen sin, og viser oss her korleis òg den ikkje-biologiske mora kan oppleve kroppsleg smerte som ein reaksjon på at barnet ho elskar har det vondt. Ved å vise leseren så tydeleg denne moderlege smarta Aasta kjenner for barnet vil scena fungere som eit motargument mot den samfunnsrådande, essensialistiske tenkinga, slik den òg er representert

ved bipersonane i forteljinga. Den kjærleiken Aasta har for Bikku er her heilt lik den ei biologisk mor har for sine barn, og lesaren forstår her at ho elskar han som ein son.

Øg Fru Hansen kjem inn i forteljinga som ein representant for eit essensialistisk syn på moderskapet. Ho anerkjenner ikkje Aasta som mor, fordi ho ikkje oppfyller krava for å vere det. På same måte som for Torolf, er det biologi som definerer foreldreskap.

«Nu faar De huske paa det da, frøken,» – fra Hansen gliste blidt. «Som De sier, saa er det ikke *Deres* barn. Saa De maa altsaa tillate, at deres familie kommer med et lite raad av og til. – Det er saa rart med det, naar en ikke har hat nogen selv og en kommer til at skulle stelle med barn saan i en litt ældre alder, saa er det ikke saa liketil [...]» (s. 198).

Det frau Hansen impliserer her, er at ho, som er tremenningen til faren, er betre skikka til å ta vare på desse barna enn det Aasta er, berre av den grunnen at ho er i slekt med dei. Aasta er tydeleg i sitt svar når ho seier at dei trass alt begge er barnlause: «‘Ja frau Hansen –,’ Aasta Smith-Tellefsen ranket sig op, ‘– vi har jo hat like mange barn da, De og jeg, saavidt jeg vet’» (s. 199). Når Undset lar Aasta svare på denne måten framstår det heile næraast som ei latterleggjering av frau Hansen og hennar avgrensa syn på moderskapet. Lesaren føler heile tida med Aasta, og har gjennom forteljinga allereie sett ho som ei mor. For meg er det tydeleg at Undset har valt å skrive inn desse eksplisitte fråsegna om forholdet mellom biologi og ikkje-biologi, som eit innlegg i ein debatt om moderskapet. Undset har bevisst gjort dette til eit tema for novella, og viser oss at problemstillinga angår mange. Diskusjonar kring verdet og gyldigheita i det å vere sosial mor angjekk kvinner i like stor grad før som i dag.

4.5 To syn på barneoppdraging og familieliv

Frau Hansen-karakteren har ein viktig funksjon i forteljinga. Frå den augneblinken ho kjem inn i forteljinga vert ho og Aasta sett opp mot kvarandre. Sjølv om motsetnadsforholdet mellom kvinnene i denne forteljinga er svakare og av annan karakter enn det vi skal sjå i dei to andre forteljingane, er det med på å forsterke biletet lesaren har av Aasta som mor. Me får vete at frau Hansen er enke og arbeider som bokhaldarske ved ein fabrikk, og som ei motsetnad til Aasta, skildrast ho som spesielt vakker: «Fru Hansen var det som man kalder et kjækt menneske. Det stod skrevet tversover hendes firkantede ansigt med det krusede blonde haar omkring, den røde og hvite, likesom litt skrubne hud og de lyseblaa, mysende øine, som altid smilte mellem hvite

vipper» (s. 192). Det er interessant å legge merke til korleis forteljaren kallar fru Hansen «et kjækt menneske», når det fort vert gjort tydeleg at ho på ingen måte kan skildrast med eit slikt positivt lada adjektiv.

Når fru Hansen vert introdusert har lesaren allereie vorte kjent med Aasta gjennom første del av forteljinga. Som tidlegare nemnt, legg forteljaren i forteljinga til rette for at lesaren sympatiserer med henne. Måten Undset har valt å skildre fru Hansen på, legg dermed opp til at lesaren skal vere kritisk til både henne og intensjonane hennar. Allereie frå starten er fru Hansen ei ulempe for Aasta. Ho gir henne kommanderingar, kjem med spesielle krav, og pratar til henne på ein generelt nedlatande måte. Posisjonane vert tydeleggjort gjennom det første møtet, der fru Hansen gjerne vil helse på vesle Bikku.

«Nei se der har vi vist Bikku Matti og –. Kom hit og hils paa tante Kari da, Bikku – hvafforno, er han ræd – fy skam for en gut da, Bikku, du er da vel ikke en rædhare, vet jeg –» Men Bikku blev staaende bak frøken Tellefsen og tittet mistroisk.

«Gaa pent bort og hils paa damen, Bikku. Stakkars» – Aasta stråk over hans haar: «Han er ikke vant med fremmede, han.»

«Jeg synes han ser klein ut jeg, frøken – til at være fjeldgut, hva? Aaja det er sandt, han har været syk – aassen er det, her er jo desinficert, skrev min fætter –» (s. 194).

Fru Hansen verker både kald og hard når ho skuldar Bikku for å vere ein reddhare når han ikkje vil helse på henne. Aasta tar han straks i forsvar, samstundes som det nære forholdet mellom dei igjen vert tydeleggjort i den tryggleika og varmen han får frå henne. På dette punktet i forteljinga har lesaren nettopp lese om Bikku sin kamp mot difterien. Lesaren har friskt i minne for kor dårleg han var, men òg i kva grad Aasta viste seg som ei sjølvoppofrande mor i situasjonen. Når fru Hansen plutselig kjem på at guten har vore sjuk er det ikkje Bikku ho først og fremst ytrar bekymring for, men heller seg sjølv og den moglege smittefaren. Når ein deretter får vite at Aasta ikkje kan utstå fru Hansen, vert førsteintrykket ein har av henne ytterlegare stadfesta.

I spenningane mellom Aasta og fru Hansen oppstår spørsmålet om kva ei mor er. Dialogen mellom dei to i forteljinga går i all hovudsak ut på at fru Hansen kritiserer Aasta og måten ho behandler barna på, medan Aasta vert nøydd til å forsvare både seg sjølv og barna.

«Men vet De, jeg synes De er for svak ovenfor barna, frøken Tellefsen. [...] Man *gjør* ikke barn no godt i virkeligheten med at være saa eftergivende og svak, ser De. De blir bortskjæmte og bløtagtige – se nu Bikku bare. Er der mening i, at en unge, som lever her oppe i denne deilige luften, midt paa freske fjellet, ser ut som han gjør –»

«De faar huske paa, frue, saa syk han netop har været – tander er han av naturen desuten –»
«Ja det er netop det. Den ungen skulde hærdes. [...] Det er jo rent umulig at bli forkjølet heroppe i denne herlige luften, som ikke fins baciller. Duppes i kulpen hver morgen, rulles i et grovt uldteppe og gnis, skrubbes riktig kraftig – og saa sætte tillivs en diger tallerken heit graut – det skulde Bikku, saa skulle De se for en kar han skulde bli –»
Frøken Tellefsen blaaste: «Ja jeg blander mig ikke op i, hvordan andre folk opdrager ungerne sine. Men disse barna her, som Biørn har betrodd til mig, dem steller jeg saan som min forstand tilsier mig – jeg sætter ikke Bikkus liv paa spil for nogennymotens ideers skyld, fru Hansen!» (s. 197-198).

Sjølv om fru Hansen tilsynelatande har lite erfaring med barn, har ho sterke meiningar om kva som er best for dei. For henne er svara på god barneoppdragning basert på teori, ikkje praksis. At dette er tilfelle vert avdekka av Aasta, som skuldar henne for å ha «nymotens ideer». I boka *De onde gamle dager: Barneoppdragelse gjennom tidene* viser Cecilie Winger korleis synet på barneoppdragning har endra seg opp gjennom tidene i både Noreg og verda (Winger, 2018). Her kjem det fram at starten av 1900-talet på mange måtar vegskilje når det kjem til syn på barnet og barneoppdragninga. Som ein del av den større profesjonaliseringa av husmorarbeidet publiserast det mange bøker om barneoppdragning, der ein på den eine sida finn teoriar som seier at barnet skal herdast gjennom lite merksemd og kjærleik, og på den andre sida dei som seier det motsette (Winger, 2018).²¹ Her finn ein tydeleg fru Hansen og Aasta på kvar si side.

Å duppe Bikku i kulpen for å herde han vert for mykje for Aasta. Heile denne ideen finn seg langt frå måten ein hittil har sett Aasta behandle han og dei andre barna på. For Aasta dreier ikkje barneoppdragning seg om kva som er best i teorien, men heller å kjenne barna og svare på dei individuelle behova dei har med kjærleik og omsorg. Når Bikku nå ser ut til å vere svekka etter sjukdommen føyer ho seg til det ho meiner er hans behov. Som eit svar på oppstyret og dei harde meiningane til fru Hansen, viser Aasta seg som ekstra omsorgsfull for barna i det fru Hansen og Torolf er ute av huset. Ho gir til dømes Laila smørbrød og mysost i staden for havregrauten fru Hansen har insistert på at ho skal ete. For Undset er moderlegheit ein eigenskap òg barnlause kvinner kan ha. I essayet «Noen kvinnesaksbetraktninger» frå 1912 skriv ho at til forskjell frå det biologiske moderskapet dreier ikkje moderlegheit seg først og fremst om kvinneleg fysikk og biologi, men heller måten ei kvinne viser sosial omsorg for dei svakare i samfunnet (Undset, 2004, s. 88). Slike eigenskapar konstituerer ei mor, og det er lite tvil om at ein kan sjå denne moderlegheita i Aasta.

²¹ Det som er interessant å merke seg er korleis det faktisk er den *kjærlege* oppdagininga som er dei «nymotens ideer», og som òg er den som seinare vil dominere i norsk barneoppdragning (Winger, 2018).

I «Adoptive Maternal Bodies: A Queer Paradigm for Rethinking Mothering?» argumenterer Park for at den ikkje-biologiske mora er under stadig overvaking (Park, 2006). Samfunnet vil alltid ha sine tankar om kva ei god mor er, og berre gjennom det å vere sosial heller enn biologisk mor aleine, vil ein med ein gong bryte med denne rådande ideen om det gode moderskapet. Eit gjennomgåande poeng i denne analysen vil vere at Aasta ikkje vert anerkjent som den mora ho både føler og viser seg som. Park argumenterer for at den ikkje-biologiske mora likevel kjenner til det ho kallar «the dominant social script for mothering», og dermed veit kva ho skal gjere og seie for å likevel verte oppfatta som ekte mor (Park, 2006). Eg vil argumentere for at ein kan sjå noko av dette i måten Aasta svarar for seg når fru Hansen kjem med skuldingane sine mot henne.

«[...] Jeg har naa ialfald stelt disse barna her i over to aar jeg, og Bikku har jeg hat fra den natten han kom til, og passet ham baade da han fikk tænder og alting og nu han laa i difterit – jeg var ikke av klærne i fem nætter – og pleiet ham og vaket hos ham rent alene – ja jeg kan godt si at jeg stred med døden om det barnet – ikke sandt ingenør? Jeg tænker De vet det, at jeg gjør ikkeno med Bikku, som ikke jeg tror er til hans bedste –» (s. 199).

Det Aasta kjem med her vert som ei melodramatisk forsvarstale. Ho kjenner på ei maktesløyse i møte med situasjonen, og kan difor ikkje uttrykke seg i eit vanleg register.²² Men ein ser òg at Aasta veit kva ho skal seie for å verke som ei god mor, og at det ligg eit medvit bak det affektive svaret ho gir. Ho vel å understreke det faktumet at det er ho som har hatt primæransvaret for barna dei siste åra, og dermed at det òg er ho som har vore der for dei når ting har skjedd. Ho trekk fram den oppofringa ho gjorde då Bikku var døden nær, og legg til at ho naturlegvis gjer det ho meiner er best for han. Aasta søker anerkjenning hjå ingenieren, som har vore vitne til korleis ho har stått på, og han stadfestar at ho har gjort sitt beste. Det er først når Aasta inviterer Torolf inn i samtalet fru Hansen til ei viss grad aksepterer dei svara Aasta gir: «‘Jaja snille dere – jeg bare sier min mening jeg. Ikke bli saa sint for det da, frøken –’» (s. 199). Fru Hansen demonstrerer heile tida den makta ho har som Aasta manglar. Med svaret sitt avfeiar ho heile situasjonen, og gjer Aasta til den skuldige som overreagerer. Ein kan sjå korleis Aasta vert nøydd til å forsvare morsarbeidet og moderskapet sitt på ein måte ei biologisk mor aldri ville ha måtta.

Fru Hansen er den som får Torolf til slutt, og slik vert ein igjen minna på dei sosiale forskjellane som heile tida er eit underliggende tema i forteljinga. Når nokon er tilsett i ein familie på den

²² Sjå til dømes *The Melodramatic Imagination* (Brooks, 1995)

måten Aasta er, vil det som nemnt alltid vere snakk om ujamne maktforhold. I dette tilfellet, som mange andre, er det òg forskjell i økonomisk og sosial bakgrunn. Når Torolf ikkje kan inngå eit forhold med Aasta dreier det seg ikkje naudsynt berre om mangel på kjensler og kjærleik. Den romantiske kjærleiken er heller ikkje til stades mellom fru Hansen og Torolf, og difor dreier den planlagde ekteskapsinngåinga seg om andre ting. Fru Hansen og Torolf kjem frå same sosiale bakgrunn, og eit ekteskap mellom dei vil vere fornuftig for begge to. Undset understrekar med dette mangelen på kjensler i moderne ekteskap. I samtalene mellom dei i fjellet åtvarar fru Hansen han mot å gå for Aasta – ho har nemleg ingen interesser. Han burde heller velje ei som henne.

« [...] Jeg synes du skulde forsøke at finne et kjækt, dannet menneske, som kunde være kamerat med dig og din fortrolige – dele dine interesser og snakke med dig [...] Naturligvis et fornuftig menneske, som ikke forlangte, du skulde sukke og sverme og bære dig for hende [...]» (s. 206).

Ekteskapet mellom Torolf og fru Hansen gir meining ut i frå det samtidige samfunnet sine tankar kring ektestanden. Ideelt sett er det ei kone som skal gjere både husarbeidet og morsarbeidet, og slik vert det nå. Fru Hansen tek på mange måtar over Aasta sin jobb, og vert med dette stemor for barna. Lesaren sympatiserer gjennomgåande med Aasta. Ein har sett henne som mor i arbeidet sitt, på same tid som ein har vorte kritisk til fru Hansen sine manglende moderlege eigenskapar. Til slutt ender altså barna opp utan ei mor, som eit resultat av sosial bakgrunn og forventingar.

4.6 Skuggesidene ved betalt morsarbeid

Det er særleg i den siste delen av forteljinga at Undset viser oss tydeleg nokre av skuggesidene ved det betalte morsarbeidet. Aasta har vorte sagt opp frå posten sin i ingeniørboligen, fordi det ikkje lenger er bruk for henne når fru Hansen skal bu der. Med dette blir vi minna om at Aasta berre er ein tilsett hjå Torolf. Når det ikkje er bruk for henne som husstyrerinne lenger kan han kvitte seg med henne, og då har ho heller ingen rettar. I det Aasta vert sagt opp må ho leite etter nytt arbeid: «Hun studerte avertissementerne i Aftenposten hver eneste dag, skrev billetter og sendte nedover, men fik aldri noget svar» (s. 207). Sidan Aasta er frøken frå eit lågare samfunnslag har ho ikkje noko stort økonomisk sikkerheitsnett, og på same måte som tidlegare vert ho nøydd til å gå direkte frå post til post. Som òg tittelen på forteljingssamlinga indikerer,

får ikkje Aasta ein lukkeleg slutt, men lid heller under sin eigne fattige skjebne.²³ Når Aasta etter ein månad på pensjonat omsider får seg arbeid hjå ei kristelegs sinna enkefrue, forstår vi at dette er noko anna enn det ho ønska seg. Trass at ho seier til seg sjølv at det er ein «noksa let og behagelig plads» (s. 216), skjønner ein at ho saknar barna og familielivet hjå Biørns. Hjå enkefrua er det både stille og lite selskap, og Aasta gjer ikkje lenger nytte av seg på same måte som før.

Her vil eg plukke opp igjen spørsmålet om novella kan sjåast som ein kritikk av betalt moderskap. «Begrepsforvirring» som Undset skriv som eit svar til Møller i 1919 viser, som tidlegare nemnt, tydeleg korleis ho stiller seg kritisk til forslaga om moderskapslønn. Det som er viktig å merke seg er at «Frøken Smith-Tellefsen» kom ut i 1912, altså sju år før den kjente polemikken mellom Undset og Møller fann stad.²⁴ Eg vil likevel hevde at dei grunnleggande argumenta Undset brukar i debattinnlegget sitt òg er lette å finne att i denne skjønnlitterære framstillinga. Heilt sentralt hjå Undset står nemleg åtvaringa mot å la familien verte ein bedrift styrt av økonomi (Undset, 2004, s. 335), noko som heilt tydeleg har vorte tilfelle for familien Biørn. Blant anna ser ein det i korleis den ektefellen, og dermed òg mora, som gir meining ut i frå det økonomiske perspektivet er ikkje den same som viser ei oppriktig lyst i moderskapet. Vi har sett at for Aasta dreier arbeidet seg om meir enn pengar, men ei husstyrerinne sitt moderskap er til sjuande og siste likevel berre ein arbeidskontrakt. Resultatet av dette vert at den gjensidige, emosjonelle involveringa mellom Aasta og dei tre barna ho er mor for òg reduserast til først og fremst å dreie seg om pengar og kontraktar. Husstyrerinna kan i utgangspunktet brukast og så sendast vidare, men i det Aasta vert bedt om å dra, viser Undset tydeleg korleis dette får store konsekvensar for både henne og barna kjenslemessig og personleg.

Det midlertidige moderskapet hjå familien Biørn ser ut til å ha sett spor i Aasta. På det nye rommet sitt har ho sett fram biletet av barna, og ho gret over dei kvar kveld:

Paa det vesle bordet foran vinduet stod fotografiene av Biørns barn [...] en gruppe av alle tre og et billede av hende selv med Bikku paa fanget. Hun graat litt over de fotografierne hver kveld. Hun kunde ligge lange timer i sengen og brænde lampe og bare tänke paa alt deroppe fra ingeniørboligen. Og taarene rant, blidt og vemodig (s. 217).

²³ Òg Hjå Rieber-Mohn er dette eit poeng. Han understrekar korleis den ulukkelege slutten viser til verkelegheita i samtidia (Rieber-Mohn, 1978).

²⁴ Det er òg verdt å merke seg at debatten hovudsakleg dreier seg om å gi betaling for det biologiske moderskapet. Trass dette står argumentasjonen som seier at familien ikkje skal drivast som ein bedrift.

Samstundes som ho er trist er minna gode, for gråten er både blid og vemodig. Vi veit at ho var glad i alle barna som ei mor, slik ho sjølv har sagt det tidlegare i forteljinga, og dermed kan ein også forstå kor vanskeleg separasjonen frå dei er.

Vidare er det nærliggande for meg å spørje kva for plass Aasta ender opp med å ha hatt i barna sine liv. I det Aasta reiser frå ingeniørboligen tar ho alt ho eig med seg: «Da Biørn kom tilbake fra Blaafjeld, var frøken Smith-Tellefsen og alle hendes eiendele forsvundet» (s. 215). Tidleg i forteljinga fekk vi vete at det var hennar ting som gjorde heimen til ein heimekoseleg heim, og nå vert brått alt dette borte saman med henne, og ho etterlet seg eit tomrom. Undset lar oss ikkje få vete kva som skjer i ingeniørboligen etter Aasta har reist. På same måte som Aasta, sit dermed lesaren igjen med usvarte spørsmål: Korleis reagerer barna på at ho er borte? Korleis får barna det med fru Hansen som stemor? Og får Aasta nokon gong sjå dei igjen? Ein kan anta at barna har hatt eit mor-barn-forhold til Aasta på same måte som ho har hatt til dei, og dermed vil kjenne på sorga over at ho er borte. Men det einaste lesaren faktisk veit sikkert er korleis Aasta oppfatta situasjonen rett før ho reiste: Særleg Laila, den eldste, hadde vore ulykkeleg over å miste Aasta – og det er dette Aasta har igjen å trøyste seg med.

Ein kan stille spørsmålet om Aasta kanskje kunne ha gjort meir for å unngå den ulukkelege slutten for både seg sjølv og barna. Undset framstiller ikkje Aasta som ei heltinne i forteljinga, men heller ei passiv kvinne som tek i mot det som kjem hennar veg. Aasta forblir immanent,²⁵ slik øg samfunnet ventar av henne. Ikkje ein gong når ei potensiell motstand mot Torolf si avgjerd hadde vore til det beste for barna ho elskar så høgt, greier ho å bryte ut av den undertrykte posisjonen sin. Forteljinga sluttar med at vi igjen får sjå Aasta si håpløyse i den nye livssituasjonen. Ho har gleda seg til selskap hjå enkefrua, men det heile endar i skuffelse. Etter ein liten augneblink med framtidshåp og smil medan ho pratar med ein pen og interessant mann, ber enkefrua henne om å ta oppvasken og skifte klede.

Frøken Smith-Tellefsens taarer dryppet ustanselig ned i opvaskvandet. Hun visste neppe selv, hvorfor hun følte sig saa haabløst fattig og ydmyget og forlatt, eller hvorfor hun graat saa fortilet, mens hun byttet paa sig det høihalsede sorte kjolelivet inde paa kammerset sit (s. 219).

²⁵ Immanens, slik det vert nyitta av Simone de Beauvoir i *Det annet kjønn*, viser til å verte verande der ein er utan å utvikle seg. I samfunnet har immanens har vore forbunde med kvenna, som ikkje sjølv har tatt kontroll over eigen situasjon, og slik vorte undertrykt. Mannen har vore forbunde med transcendens, som dreier seg om det overskridande og utviklande. Den undertrykte kvenna må, ifolge Beauvoir, sjølv ta ansvar for å verte fri gjennom transcendens (Beauvoir, 2000).

Nærast som ein konklusjon, er sitatet skilt ut i eit eige avsnitt der det rundar av forteljinga. Den fattige skjebnen til Aasta vert ytterlegare forsterka av den manglande sjølvinnssikta hennar i det ho ikkje sjølv veit kvifor ho føler seg håplaus og gret. Dei språklege avgrensingane vi allereie har vitna, gjer at ho heller ikkje greier å sette ord på eigne kjensler i denne situasjonen. Lesaren forstår likevel at det nok dreier seg om ein kombinasjon av sakin og skuffelse. Kjenslene den betalte mora kjenner på er genuine, og i forteljinga gir Undset rom for dei. På same tid gjer dei underliggende maktforholda og sosiale forskjellane at slutten ikkje vert lykkeleg for frøken Smith-Tellefsen. Å verte glad i barna kom altså òg med risiko om å miste dei.

4.7 Kva har Undset fortalt oss om den betalte mora?

Før eg går vidare vil eg konkret oppsummere kva Undset her har fortalt oss om den betalte mora. Mange barn, før og i dag, vil vekse opp med ei eller anna form for betalt morsarbeid i heimen sin, anten det er snakk om ei barnepike eller ein au pair. Med Aasta i «Frøken Smith-Tellefsen» viser Undset lesaren at arbeidsskildringa til den betalte mora legg opp til at ho skal utføre morsoppgåver, og at desse i neste omgang legg grunnlaget for eit mor-barn-forhold. Gjennom desse oppgåvene vert arbeidstakaren emosjonelt involvert, og barna vil svare på den omsorga dei mottek med å gjengjelde kjærleiken. Undset gjer det samstundes heilt tydeleg korleis den betalte mora alltid er underlagt ein arbeidsgivar, og at maktrelasjonane kan få konsekvensar for både henne og barna. Som ei anna økonomisk avgjerd, kan ho verte sagt opp på kort varsel, der verken husstyrerinna sjølv, eller barna det går direkte utover, har noko makt å stille opp med. Ei anna utfordring for den betalte mora er den tydeleg manglande forståinga frå andre vaksne om at det ho gjer er noko meir enn berre ein jobb. Som betalt mor står Aasta i ein sårbar situasjon der ho heile tida må forsvare seg sjølv, morskjenslene og moderskapet sitt.

5 Den omsorgsfulle pleiemora i «Thjodolf»

I forteljinga «Thjodolf» frå samlinga *De kloge jomfruer* (1918) er det pleiemora og hennar erfaringar som vert løfta fram. Særleg lar Undset lesaren utforske spørsmålet om kven som er mor. Hovudpersonen, Helene Johansen, vert pleiemor for vesle Thjodolf, og ser raskt på han som sin eigen. Men òg den biologiske mora hans, Fanny Erdahl, elskar sonen sin, sjølv om det er vanskeleg for henne å ta vare på han. Elisabeth Aasen kommenterer på korleis tittelen på samlinga viser til den bibelske likninga om dei kloke og därlege jomfruene (Aasen, 1985),²⁶ og allereie her legg Undset premissen for handlinga: I forteljinga posisjoneraast Helene og Fanny opp mot kvarandre, både som kvinner og som mødrer for Thjodolf. Medan ho eine har lengta etter eit barn i mange år, har ho andre vorte gravid som følge av ein affære med ein gift mann. Utgangspunkta deira for å ta seg av Thjodolf på ein god måte vert difor svært ulike, noko eg òg gjer til eit poeng i analysen min.

5.1 Komposisjon og forteljar

Forteljinga vekker raskt interesse hjå lesaren. Plassert i ei ramme, og før sjølve forteljinga startar, har Undset sett inn ei annonse:

Et friskt, velskapt 6 uker gammelt guttebarn av dannede forældre ønskes bortgit til bedrestillede barnløse mot betaling en gang for alle, der vil ta det som sit eget. Bill. Mrk. «Samvittighetsfuld» (Undset, 1918, s. 21).²⁷

Spesielt samtidslesaren vil raskt kunne kjenne henne att som ei typisk avisannonse. Nokon har fått eit barn som dei av ein eller annan årsak ikkje kan ta seg av, og difor søker dei nokon som kan ta det til seg. Det er eit interessant grep at Undset lar forteljinga starte med ei annonse, og med det plasserer forteljinga så tydeleg i røynda. Christine Hamm brukar dette som eit tydeleg argument for at Undset gjennomgåande i skjønnlitteraturen sin heilt eksplisitt siktar mot

²⁶ Likninga finn ein i Matteusevangeliet. Dei ti jomfruene tar med seg lampene sine for å møte brudgommen. Dei fem uforstandige tar med seg lamper, men ikkje olje, medan dei fem kloke har med både lamper og olje. Når brudgommen omsider kjem ute natta må dei uforstandige jomfruene difor heller ut og kjøpe olje. Brudgommen tar med seg dei fem kloke jomfruene inn på bryllaupsfesten, og dørene vert lukka før dei uforstandige jomfruene kjem tilbake (Matt 25:1-13).

²⁷ I dette og det påfølgande kapittelet vil eg vidare referere til førsteutgaven av *De kloge jomfruer* (1918) med berre sidetal.

pågåande debattar i samfunnet (Hamm, 2017). Både pleiebarn og pleieforeldre finst, og denne forteljinga kan dreie seg om historia bak ei slik annonse.

Forteljinga består av åtte delar, der Helene er perspektivberaren i sju av dei. Første del er derimot fortalt frå frøken Erdahl sitt perspektiv. Lesaren vert kasta inn i handlinga gjennom den innleiande samtalen mellom frøken Erdahl og Helene. Etter litt forstår lesaren kva det dreier seg om: Frøken Erdahl er ho som skal gi bort barnet ho har vorte ansvarleg for, og fru Johansen er ho som ønsker å ta guten til seg. Vi vert introdusert for karakterane gjennom samtalen, og allereie her får ein vete noko om kven dei er. Det er berre gjennom denne første delen lesaren får sett Helene utanfrå utan å verte påverka av kva ho sjølv tenker. At denne delen kjem først er kanskje òg med på å styre det inntrykket ein får av Helene etterkvart som ein får vete meir. Frå eit eksternt perspektiv i attgjevinga av den første samtalen, skiftar det til eit indre perspektiv i det frøken Erdahl skildrar Helene slik:

Hun skottet bort paa den fremmede – visste ikke riktig hvadslags menneske hun skulde si fru Johansen saa ut til at være. Hun var pen paa en maate, men svært blek i det smale ansigt, og huden sat stramt over kindbenene; de store, staalgraa øinene laa dypt, og den bleke, smallæbede mund var böjet ned i vikerne. [...] Et ordensmenneske ialfald, kunde frøken Erdahl se. [...] Rimeligvis var det stille, kristeligsindede mennesker – og velstandsfolk; de hadde sit eget hus, hadde fru Johansen nævnt. Det vilde nok være bra om hun kunde faa Thjodolf dit ja – (s. 24).

Vi får vete at Helene både verker ordentleg og er frå velstandsfolk, men likevel er det vanskeleg for frøken Erdahl å seie kven ho er. Den noko spente anledninga dei to møtast i gjer Helene stille og tilbakehalden i framtoningen si, men konklusjonen til frøken Erdahl er likevel at ho ville vere god til å ta seg av Thjodolf.

Frå slutten av første del og vidare i forteljinga, er som nemnt perspektivet tildelt Helene. Når det er Helene vi som lesarar får vete tankane og kjenslene til, er det naturleg at det òg er henne vi føler med. Forteljarmåten er spesielt effektiv for å vise det morsforholdet ho raskt får til Thjodolf. Den første kvelden med Thjodolf kan lesaren allereie merke ei endring i sinnstemninga til Helene: «[...] To ganger i løpet av natten maatte hun op, bytte paa ungen og lave istand en taateflaske til den. Men begge gangene var den rare fornemmelsen i hende, at hun vaagnet til noget godt» (s. 49). Når ho vaknar til Thjodolf i senga si vaknar ho til noko godt, ein motsetnad til korleis livet hennar har vorte skildra med melankoli hittil.

Vidare vil naturlegvis òg oppfatninga vi i neste omgang får av dei andre karakterane i stor grad verte farga av Helene sin bevisste eller ubevisste dom over dei. Fanny kjem inn som ein trussel for Helene, og det idylliske morsforholdet ho hittil har hatt til Thjodolf. Gjennomgåande i forteljinga kan ein sjå korleis Helene er kritisk i måten ho skildrar henne på. Ho nærast svartmalar Fanny sitt vesen, truleg fordi ho treng å rettferdiggjere seg sjølv som den beste mora for guten. Første gong dei møter kvarandre dømmer Helene henne slik: «Igrunden saa var hun ikke saa pen heller forresten. [...] Hun saa ikke ut som en der har lært at passe sig just, fordi om hun har været i uløkka →» (s. 55).

5.2 Helene er ufrivillig barnlaus

Helene sin bakgrunn ser ut til på mange måtar å vere avgjerande for avgjerda om å ta til seg eit pleiebarn. Den andre delen av forteljinga avdekker gradvis for lesaren detaljar om ei fortid som ser ut til å ha påverka Helene til å verte som ho er i dag, og korleis ho vert som mor. I det Helene går frå frøken Erdahl etter det første møtet, får vi vete at ho går rundt i byen i eigne tankar. Skildringane av byen er negativt ladd:

Uten at vite det sanset Helene alle gatens lyd – trikken som kom durende opfor bakke, den smaa pinglingen av bjelder paa hestene som slet tungt paa det leie føret og stigningen, den kolde og haarde klang av hakker paa fortaugets issvul, skolebørnenes gnelrende stemmer, naar de strøk forbi hende i flokker (s. 26).

Trikken durar, hestane slit og skulebarna sine stemmer er gneldrande. I det heile er byen uhyggeleg denne dagen, og det verker som denne ubevisste sansinga Helene gjer òg gjenspeiler noko i hennar indre. Undset viser her ei forståing av kroppen som avgjerande for korleis eit menneske erfarer verda og seg sjølv. På mange måtar kan denne forståinga likne den ein finn hjå Simone de Beauvoir, som seier at kroppen er ein situasjon, ikkje ein ting (Beauvoir, 2000).²⁸ Toril Moi skriv i sin *Hva er en kvinne?* at for Beauvoir er kroppen mennesket sitt perspektiv på verda, samstundes som den òg er engasjert i interaksjonar med omgivnadane (Moi, 1998, s. 102). Kroppen eins avgjer kva erfaring ein har av verda og av seg sjølv, i tillegg til at den avgjer korleis verda reagerer mot deg. Den kroppslege sansinga Helene gjer av omgivnadane sine viser oss at det finnes ein tomheit eller mørke i henne, men endå veit ikkje lesaren heilt kva det er

²⁸ Christine Hamm viser òg korleis Undset si kroppsforståing i romanen *Jenny* kan sjåast i samanheng med ideen om kroppen som situasjon slik den vert formulert av Merleau-Ponty og Beauvoir (Hamm, 2013).

som har prega henne. Plutseleg endar ho opp på gravplassen, og det uhyggelege vert ytterlegare forsterka: «Det skumret allerede, da kun kom til gravlunden. Sideveien tapte sig ind i taaken, hvit, uten et fotspor paa snedækket, mellem de to rader rimgraar bjerketrær. Skodden stod som en væg for og bak, da hun gik nedover» (s. 27). Vi forstår at det er dottera til Helene som er død.

Helene har vore mor tidlegare. Lesaren får vete at Tulla døydde for ti år sidan, rett etter fødselen. Morserfaringane hennar frå denne gongen ser ut til å vere avgrensa: «Og da hun kom tilbake til hjemmet sitt i Drøbak, saa var det næsten som det ikke skulde været virkelig noget av alt hun hadde oplevet paa fødselsstiftelsen – ikke at hun hadde hat en tulle heller» (s. 27). Ho har ikkje sørga ordentleg over dottera. Ingen andre enn ho sjølv og ektemannen Julius fekk sett henne eller vorte kjent med henne – på mange måtar har ho aldri eksistert. Helene har likevel vore gravid og bore Tulla gjennom graviditeten. Erfaringane ho har med seg frå graviditeten ser ut til å vere noko blanda. Frå at starten av graviditeten er prega av skam over at ho ikkje er gift, finn ho etterkvart på ei slags ro i det uvisste.

I hendes sind strømmet det nye sammen med følelsen av hendes eget forandrede legeme og de ukjendte fornemmelser. Hun prøvet at tänke paa det som forestod – paa at de bittesmaa tingene, hun hadde mellem hænder, skulde hun klæ paa en levende unge – men hun klarte det ikke. Hun greiet ikke hverken at grue sig eller glæde sig – hendes sjæl var oversvømmet av ro. Hun var stille, som en sund kvinne er det naar hun venter paa det, som ingen kan tänke ut paa forhaand eller skildre etterpaa – det som er ulikt alle hverdagens forunderlige og indviklede hændelser og fjernt fra hverdagens urolige og uklare følelser, men er enkelt og jevn som Vorherres egne mirakler (s. 36).

Helene føler seg ikkje førebudd på det som skal kome, og som hjå sikkert så mange andre kvinner, er kjensla av det ukjente i eigen kropp konstant gjennom graviditeten. Likevel verker det som det finnes ei trøyst i det at ein fødsel skal vere noko mirakuløst, noko opphøgd i forhold til alt anna i verda.

I skildringa av det komande underet meiner eg ein kan sjå Undset att i teksten. Både i skjønnlitteraturen og i sakprosaen hennar finn ein omtalar av moderskapet som nettopp eit mirakel. I «Efterskrift» frå *Et kvindestsynspunkt* drøftar ho kva som er forskjellen mellom mann og kvinne som ein del av likestillingsdebatten. Det er den fysiske utrustninga som avgjer kva stilling menn og kvinner skal ha i samfunnet. Kvinnna sitt arbeidsfelt er den private sfæren, og dreier seg i stor grad om «slektslivet og yngelpleien» (Undset, 2004, s. 354). I samband med dette kan vi sjå kva Undset faktisk meiner når ho omtalar ein fødsel som eit mirakel:

For at en kvinne føder et barn, vil jo bare si at alle hennes fysiske organer får lov til å funksjonere, men enhver noenlunde alminnelig og gjennomsnittlig kvinne føler sitt moderskap som et mirakel. Men mirakler er jo nettopp hendelser som føles overnaturlige, fordi de gjør brudd på alle våre fra dagliglivet ervervede forestillinger om tilværelsens uendelig kompliserte karakter (Undset, 2004, s. 359).

I sin analyse av moderskapet i *Kristin Lavransdatter* skriv Christine Hamm følgande om sitatet: «[Sigrid Undset] spør seg hvordan noe som er den naturligste saken i verden kan bli noe som forandrer en kvinnas liv fullstendig. Undset retter her blikket mot splittelsen mellom den intense personlige erfaringen og det mer dagligdagse fenomenet å være mor» (Hamm, 2013, s. 134). Ein fødsel er i og for seg berre ein biologisk prosess, ein del av kvardagen som kvinne. Men for kvenna som føder vil dette opplevast det som eit mirakel likevel. For kvenna som får eit barn vil fødselshandlinga vere livsendrande. Men for Helene vert dette forventa mirakelet, som ho har funne ro og trøyst i gjennom graviditeten, berre kortvarig. Barnet ho har vorte glad i og knytt til gjennom graviditeten mistar ho på ein traumatisk måte. Som ho sjølv tenker, er det som at det aldri har skjedd. Ho vert aldri mor: «Saa kom barnet og gik bort igjen, før moren riktig hadde naadd at begripe underet, før det var blit knyttet til hendes hverdagsliv ved hverdagen tusen omsorger og bekymringer. Hun kom tomhændt hjem til huset sit» (s. 36).

Situasjonen til Helene på tidspunktet kor handlinga i forteljinga går føre kan seiast å vere som ufrivillig barnlaus: «Men siden, etterhvert som aarene gik og hun ikke fik flere barn –. Og det blev mere og mere stilt og ødslig for hende» (s. 27). Sjølv om ho har ønska seg barn har ho ikkje fått fleire etter ho mista det første. Den kvinnelege kroppen hennar fungerer ikkje som den skal, og ho får dermed heller ikkje oppfylt verken eigne ønske eller møtt forventingane som ligg i det å vere gift kvenne ved starten av 1900-talet. Eit sentralt tema for forskinga på ikkje-biologisk moderskap er korleis den ufrivillig barnlause kroppen vil verte merka som «øydelagt», fordi den ikkje lev opp til dei forventingane samfunnet har til kvenna sine biologiske funksjonar (Letherby, 1999, Park, 2006). Stigmaet rundt den defekte kvinnekroppen vil opplevast på same måte for kvinner i dag, som for Helene for hundre år sidan. I Park sin artikkel «Adoptive Maternal Bodies: A Queer Paradigm for Rethinking Mothering?» understrekar ho korleis ulike former for moderskap i samfunnet ofte vert rangert etter verdi. Medan det biologiske moderskapet vert sett på som det beste og mest ekte, hamnar den ufrivillig barnlause kvenna nedst (Park, 2006).

Det er tydeleg at Helene sitt liv er djupt prega av lengselen etter eit barn. Samstundes som ho går rundt i gatene i byen tenker ho over dette:

Ja fru Lund hadde jo sagt sommetider, «har De hat noe leit, Helene, jeg synes De ser saa trist ut →», men det var ikke paa den maaten sagt allikevel at hun kunde fundet paa at snakke til fruen om noget som hun ikke engang kunde greie ut for sig selv ordentlig (s. 29).

Helene er trist for noko, men klarer ikkje å sette ord på det sjølv. Med utgangspunkt i kva ein nettopp har lese om både Thjodolf og Tulla, vil det vere nærliggande for lesaren å tenke at det har ein samanheng med den ufrivillige barnløysa, og den einsemda som følger. I denne delen av forteljinga gjentar Helene, nærmast som eit mantra til seg sjølv, at ho har det godt, og at ho ikkje har nokon rett til å klage: «For det vilde jo været rent en skam at klage paa det, saan som hun hadde det» (s. 29). Det er innøvd. Sjølv om det ikkje er sant, må ho seie det til seg sjølv som trøyst. Økonomisk sett har Helene det ho treng, men det vert tydeleg at livet består av meir enn økonomisk velstand når ho likevel kan vere så trist. Heller ikkje ektemannen Julius kan ho klage på, meiner ho. Men for lesaren er det tydeleg at heller ikkje han forstår henne og det ønsket ho har om å ta til seg eit barn. Han tek ikkje omsyn, og set heller seg sjølv først. Medan Julius sjølvrealiserer seg gjennom pengebruk, leven og moro, lid Helene som resultat under einsemda, og skuldar seg sjølv for det: «Uf – det var hende selv som var dum. Hun hadde saa litet visst at stelle sig med folk – altid saa var hun blit gaaende slik for sig selv» (s. 30).

Mot slutten av del to får lesaren vere vitne til det som kan kallast eit vendepunkt i Helene sitt liv. Med utgangspunkt i ein betrakting av fru Lund, der Helene arbeidde som yngre, innser ho korleis liva deira både er like og ulike.

Der gik en underlig het bølge gjennem Helene. Dunkelt og voldsomt følte hun det pludsleg – derinde sat en mor som hadde slitt, trofast og villig, slitt op for sine barn al den ungdom og kraft hun hadde fått til at leve livet med; nu sat hun og var rik av alt hun hadde git; børnene flokket seg om hende med tak og sine smaa gaver, nu hun var ferdig med sin gjerning og hvilte og ventet paa natten. Og herute stod hun som hadde slitt bestandig, fordi hun ikke kunde la være – og hun begjærte ikke andet end at faa slite for nogen, som var hendes eget hjertes kjære – det isnet gjennem hende, at hun kunde ikke la være at arbeide, og det var til varme og gavn for ingen. Hun og fruen derinde – Gud hadde gjort dem til hinandens like, og dog var den ene rik og den anden fattig; det var noget som ikke hadde at gjøre med ydre kaar og stand –.

Hun følte det som hendes hjerte skulde gaa istykker –. Nei, hun hadde ret til at klage – ! Hun hadde gått og sagt til sig selv i alle disse aarene, hun hadde det godt, de var jo velstandsfolk etter sin stand og stilling –. Hendes stand og stilling var den samme som fru Lunds, men hun var fattig, fattig, fattig – (s. 38-39).

I møte med fru Lund greier Helene for første gong å sette ord på kva som manglar i eige liv. Fru Lund har gitt alt ho hadde til barna sine. På ein slik måte berre ei mor kan, har ho slite og stilt opp for dei, og som eit resultat òg fått tilbake frå dei. Helene har òg slite, men ikkje for nokon ho er glad i. Slik livet er nå, kjem Helene sitt ønske om å arbeide for nokon ingen til

gode. Det er dette som er forskjellen mellom dei to – Fru Lund er rik på mellommenneskelege relasjonar gjennom moderskapet sitt, og Helene er fattig i mangelen på det. Med gjentakinga av ordet «fattig» i slutten av erkjenninga, understrekar Undset korleis mennesket sin fattigdom kan dreie seg som så mykje meir enn berre pengar.

For lesaren verker det som det er i denne augneblinken det vert heilt klart for Helene at ho må ta til seg Thjodolf. Ho innser at ho har rett til å ha det vondt i eigen situasjon, og at det som kan endre det er å «faa slite for nogen, som var hendes eget hjertes kjære» (s. 39). Her løfter Undset fram det ho meiner er verdien av moderskapet – det same som ho skriv om i «Begrepsforvirring» frå 1919. Som mor vil ein oppleve at alt arbeidet og slitet ved moderskapet er verdt det, fordi ein gjennom barna sine får opplevd «livsførelsens fortettelse til den høyeste intensitet alminnelige mennesker erfarer» (Undset, 2004, s. 336).²⁹ For Undset vil både sorger og glede forsterkast gjennom foreldreskapet, og ho viser til korleis foreldre, trass bekymringane det fører med seg, ikkje ønsker å unnvere det (Undset, 2004).

Er det slik at bakgrunnen til Helene og lengselen ho har etter eit barn videre kan legge eit grunnlag for henne som mor for Thjodolf? I *Det annet kjønn* viser Simone de Beauvoir korleis det ein gjerne har sett på som spesifikt kvinneleg eigentleg er sosialt bestemt (Beauvoir, 2000). Med den berømte setninga «Man fødes ikke som kvinne, man blir det» (Beauvoir, 2000, s. 327) seier ho at det ikkje er biologien som gjer ein til kvinne, men at kvinna heller oppstår som eit resultat av oppseding og sosialisering inn i eit samfunn der det eksisterer tankar noko spesifikt kvinneleg, og ein idé om kvinna som «den andre» i forhold til mannen. I kapittelet «Moren» er poenget at heller ikkje moderskapet er naturleg. Det finnes til dømes ingen morsinstinkt i kvinna som automatisk gjer henne til ei god mor for barnet sitt. For Simone de Beauvoir handlar det gode moderskapet om ulike kvinner sine ulike utgangspunkt, og korleis dette så i neste omgang vil prege måten dei opplever moderskapet og er mødrer på (Beauvoir, 2000). Når eg nå i dei to kommande delkapitla skal sjå på både Helene og Fanny som mødrer for Thjodolf, meiner eg at Beauvoir sine tankar kan vere fruktbare å ha med seg. På den eine sida finn vi Helene, der heile livssituasjon hennar ser ut til å vere klar for eit barn. I tillegg til gode fysiske forhold og midlar, er òg det emosjonelle og intellektuelle på plass gjennom lengselen til barnet og mognad i livet.

²⁹ I «Begrepsforvirring», som ho skriv som eit svar til Katti Anker Møller og hennar «Kvindernes fødselspolitikk» (1919), nyttar Undset dette som eit argument mot at moderskapet skal vere betalt. Å vere mor er ikkje eit arbeid, men medfører heller både arbeid og plikter. Dette arbeidet er foreldre villige til å gjøre, nettopp fordi ein gjennom barna kan oppleve ei evig «potensering av livsfølsen – i glede og sorger» (Undset, 2004, s. 336).

På den andre sida finn vi Fanny. Etterkvart som ein får vete fleire detaljar om henne og det meir kaotiske livet hennar, kan ein sjå korleis dei ulike bakgrunnane og situasjonane desse kvinnene finn seg i moglegvis òg kan vere med på å forklare noko av måten dei er mødrer på.

5.3 Helene som nybakt pleiemor

Når Helene vert pleiemor for Thjodolf får ho for første gong utført morsarbeid ovanfor eit barn. Sjølv om dei biologiske prosessane svangerskap og fødsel kan vere heilt grunnleggande for eit moderskap, er det ikkje slik i alle tilfelle. I rein biologisk forstand har Helene vore mor tidlegare, men heller ikkje ho sjølv har oppfatta dette som eit moderskap. Helene si forståing av og forventingar til moderskapet dreier seg først og fremst om det som skjer etter barnet er født. Det er som ein del av kvardagen moderskapet oppstår: «Saa kom barnet og gik bort igjen, før moren riktig hadde naadd at begripe underet, før det var blit knyttet til hendes hverdagsliv ved hverdagen tusen omsorger og bekymringer» (s. 36). Denne forståinga samstemmer i stor grad med Sara Ruddick sitt syn på kva moderskap er. For henne er moderskapet, som tidlegare nemnt, først og fremst morsarbeidet og morstenkinga (Ruddick, 1989), og krev inga biologisk forbinding mellom mor og barn. Ei mor er den personen som svarar på eit barn sine behov, gjerne med bakgrunn i kva ein tenker er den beste måten å gjere dette på. Det er ei slik ikkje-essensialistisk forståing eg vil legge til grunn når eg vidare skal sjå på kva måtar Helene er mor for Thjodolf.

Innleiingsvis meiner eg det er naudsynt å nemne at det å vere pleiemor i utgangspunktet ofte er ei form for betalt moderskap. Pleiebarnpraksisen var vanleg rundt inngangen til 1900-talet, og dreier seg om at barn vert plassert i private heimar, som eit alternativ til institusjonar når foreldra ikkje hadde høve til å ta seg av dei. Årsaker til å gje frå seg barnet sitt kunne til dømes vere fattigdom eller at barnet var født utanfor ekteskapet, og ofte skjedde det mot utbetaling av ein eingongssum eller eit månadleg beløp (Basso, 2012). I forteljinga får Helene og Julius utbetalat ein eingongssum for å ta til seg Thjodolf som sin eigen. Når Helene er hjå frøken Erdahl første gong vert prisen drøfta, slik som ved ein annan handel:

«Det er mand min da,» sa fru Johansen stilt som før. «Jeg skulde gjerne tat til mig en unge for ikkeno – men manden syns, naar de blir større da, saa skal en koste paa de og saan – og det er jo mange da som gjerne betaler optil etpar tusen for at faa sat de bort paa et ordentlig sted – bedre folk da. – Saa han syntes at femhundrede kroner maatte være det mindste, sa han –»

«Der var en kone herutenifra Vaaler, hu vilde tat'n for trehundrede –,» sa frøken Erdahl [...] (s. 23).

Julius har bedt Helene be om meir pengar, sidan det trass alt kostar mykje å fostre opp eit barn, og dei etterkvart uansett vert nøydd til å koste på han sjølv. Frøken Erdahl sitt svar impliserer at dersom dei ikkje vil ta han til den avtalte summen, finst det andre som vil «kjøpe» varen Thjodolf. For Helene verker betalinga å vere irrelevant – det er ikkje difor ho vil ha han: «Akkurat den ungen; ikke et eller andet bedremandsbarn, som forældrene vilde betale to tusen kroner for at faa bortsat, men den vesle fattige stymeren som var iveien, der han var» (s. 28). I tillegg til den kjærleiken vi etterkvart forstår at ho ønsker å gi, ser ein òg korleis ho er villig til å gå langt i det å skaffe pengar sjølv for å gi han det han treng. Ho trassar skamkjensla, og går til fru Lund for å be om å låne hundre kroner. Seinare syr ho for å tene opp pengar på ei bankbok til han. Når Helene tar Thjodolf til seg er det som sin eigen, akkurat slik det står i annonsen.³⁰

For Helene er tilknytinga ho kjenner til Thjodolf nærest umiddelbar. Skildringa av første gong ho samhandlar med barnet viser korleis morsinstinktet i henne slår inn, men òg korleis ho så fort byggar ein relasjon til han:

Helene sat igjen og saa paa den skrikende lille ungen. Om litt la hun, med smaa nølende bevægelser, muffen, haandvæsken og boaen paa bordet, og løftet med uøvet haandlag barnet op. Han var vaat – hun linnet om ham sjølet, han hadde over sig, og la ham paa fanget sit. Da hun snudde ham paa maven og rugget ham, holdt han op at skrike [...] Forsiktig tok hun med sin arbeidsru haand og støttet under det myke lille andsigt:
«El'n dutten te Helene da – likte'n sig naa da –.» (s. 25)

Helene sit aleine med Thjodolf i rommet når han tar til å grine. Me får vete at ho ikkje har mykje erfaring med spedbarn, fordi handlaget er uøvd. Likevel forstår ho kva ho skal gjere, og ho får

³⁰ Som eit historisk bakteppe til den usjølviske, gode pleiemora i «Thjodolf» finn ein den rake motsetninga i den profilerte «Pleiemødre-Sagen» frå 1901. Her vart dei fem kvinnene Anna Mathea Johansen, Martha Kristine Andersen, Severine Pettersen Hochst og Helga Mathilde Røed tiltalt for såkalla «englemakeri». Kvinnene skal ha tatt til seg pleiebarn mot betaling, men deretter ha gitt dei därleg stell og med vilje framskynda døden deira for å tene mest mogleg pengar (Norgeshistorie, 2018).

Det kan òg vere interessant å sjå denne delen av forteljinga opp mot den pågåande debatten om betalt moderskap. Både Ellen Key i Sverige og Katti Anker Møller i Noreg sto som pådrivarar for moderskapslønna (Key, 1905, Møller, 1974). Undset på si side stilte seg svært kritisk til dette, og åtvarar i det heile mot å blande politikk og familieliv, og la familien verte ein bedrift styrt av pengar. For Undset skal moderskapet dreie seg om «morshjertet» og uunværlig lyst, slik vi kan sjå at det gjer hjå Helene. Sjølv om innlegga til Undset og Møller ikkje vart publisert før 1919, og at saka til forskjell tek utgangspunkt i at staten skal betale mødrer for det biologiske moderskapet, meiner eg ein kan sjå nokre av dei meiningsane Undset seinare trekk fram att i vektlegginga av Helene si oppriktige lyst i morsarbeidet.

han til å halde opp med å grine. Dette er morsarbeidet Ruddick snakkar om i sin enklaste form. Barnet gråt fordi det treng noko, og som eit svar på dette kravet plukkar Helene han opp. Allereie denne første gongen viser ho seg som moderleg, og allereie denne gongen kallar ho han guten sin, «dutten te Helene». Etter det første møtet forstår Helene at det er Thjodolf ho skal ha: «Akkurat den ungen» (s. 28), og som det kjem fram i avsnittet over, står ho verkeleg på for å få han til seg.

Morsarbeidet er avgjerande for at vi som lesarar aksepterer Helene som mor. Når ho ikkje har biologiske band til barnet, er det gjennom det å elske han og ta seg av han morsforholdet oppstår. Handlinga i forteljinga går føre seg frå Thjodolf er seks veker, til han dør kring to og eit halvtårsalderen. Morsarbeidet vil heile tida tilpassast det einskilde barnet, og det er openbert at barnet sin alder på denne måten vil vere avgjerande for kva det både treng og får. Den første kvelden Thjodolf er hjå Helene vert delar av det konkrete morsarbeidet skildra.

Jøss, at det skulde være saa vanskelig at bytte paa en unge da. Helene kjendte sig træhændt. Og saa gav han sig til at skrike – hun kunde ikke skjonne – kanskje vaskevandet var for koldt – eller for varmt – hun dyppet og dyppet haanden. «Men aa el'e me'en da,» spurte hun med den samme sagte, forlegne stemme og klusset med baand og sikkerhetsnaaler. Vaat var hun blit tversigjennem forklædet og kjolen og alting, da hun vasket ham. Hun blev sittende paa krakken foran komfyren og holdt barnet paa fanget, mens det drak flasken sin. Det sovnet før det var helt ferdig, og Helene la det forsiktig bort i sengen sin og bredde paa det (s. 47).

Helene bytter på barnet, vaskar det, sørger for at det er varmt, gir det flaske, og legg det til å sove. Men samstundes som vi får vete at ho gjer dette, er det interessant at ein òg får eit innblikk i at ho synes det er litt vrient i starten. Medan ein kan påstå at alle vaksne menneske veit at eit barn treng desse tinga, kan usikkerheita likevel vere stor hjå ei nybakt mor når ho skal gjere dei i praksis for første gong (Ruddick, 1989). At Helene er usikker og klumsete i det ho bytar på sonen første gong bidrar til ei realistisk karakterskildring. Det gir mening at Helene ikkje er eit naturtalent når det kjem til å ta seg av eit barn, for ho har trass alt ikkje gjort det før. Undset viser med dette Helene som menneskeleg heller enn ei idealmor.³¹

Morsforholdet og morsarbeidet ser ein òg blant anna når Helene støtter Thjodolf i det å lære å gå og snakke. Dei første åra av livet er det mange grunnleggande ferdigheter som skal lærast, og ein tenker gjerne på det å stimulere og støtte denne læringa som oppgåver som tilhøyrar den

³¹ Å framstille moderskapet slik det faktisk er har òg vore eit mål for den etterkvart nokså utbreidde «momoir»-sjangeren. Sjå til dømes O'Reilly (2010).

primære omsorgspersonen til eit barn. Sjølv om alle barn lærer seg både å gå og snakke etterkvart, vekker det store kjensler hjå foreldra i det barnet når slike milepålar. Den harde starten på livet skal visstnok ha gjort at Thjodolf er sein, men når han nærmar seg halvanna år har han lært fleire ord. Ein vårdag lærar han seg òg å gå:

Hun bar barnet paa armen, og hun stilte ham ned paa det solvarme grus i gangen, sprang fort tre-fire skritt fra ham og satte sig paa huk. [...] Saa tok han medett mot til sig – med et litet hvin, som lignet svalernes, tomlet han de par skridtene bort til moren og faldt i hendes utbredte armer. Helene jublet og klemte ham indtil sig, og den vesle fyren jublet med av fryd over sin egen bedrift. De gjorde det omigjen og omigjen; Thjodolf blev mere og mere henrykt over den nye leken (s. 69).

Thjodolf lærer å gå på same måte som så mange andre barn. Mora sett han ned, og lar han gå bort til henne, igjen og igjen. Mora vert stolt, og stoltheita smittar over på Thjodolf som vert storglad over det han får til. Augneblinken dei deler her er både stor og spesiell for dei begge, og viser med det tydeleg den mor-son-relasjonen dei har.

Det er interessant å sjå korleis den i utgangspunktet «øydelagde», infertile kroppen til Helene vert som alle andre morskropper i samspel med barnet. I vektlegginga av det biologiske moderskapet vil mange også vektlegge den kroppslege kontakta mellom mor og barn som spesiell. Eit viktig poeng for Park, som vi allereie har sett, er derimot korleis også den ikkje-biologiske mora sine erfaringar av moderskapet vil vere sterkt kroppslege (Park, 2006). Etter barnet har vorte født, er ikkje forskjellane, verken når det kjem til type eller mengde kroppsleg kontakt, store mellom biologiske og ikkje-biologiske mødrer. På same måte som ei biologisk mor ville ha erfart det, ser ein korleis Helene held, matar, vaskar, støtter og klemmer sonen sin.

Det er heilt openbert at Helene finn lykke i moderskapet. Heile sinnsstemning hennar endrar seg i det ho får Thjodolf heim til seg, og med det vert mor. Det er han som er svaret på den intense lengselen, slik den har vorte skildra i dei første delane. Når ho må stå opp med han den første natta kjenner ho «at hun vaagnet til noget godt» (s. 49), og stemninga i forteljinga snur med dette brått til noko meir positivt. Lesaren får vete meir om første tida til Thjodolf hjå den nye familien, og livet skildrast med optimisme: Det går betre med guten, Julius og Helene. Når Helene ser føre seg framtida, ser ho Thjodolf som konfirmant. Livet hennar dreier seg først og fremst om Thjodolf nå, noko det verker som ho utelukkande berre har glede av. Etter han har vore der ei tid, innser Helene også sjølv at ho ikkje lenger saknar noko: «Der var saa meget morro og selskap i ungen nu at hun savnet ikke nogenting mere» (s. 68). Igjen kan ein sjå korleis dei

kroppslege erfaringane til Helene gjenspeilar situasjonen ho finn seg i, og denne gongen er det snakk om eit velbehag.

Morsforholdet Helene har til Thjodolf viser seg òg tydeleg i møte med andre personar i forteljinga. Helene er stolt, og difor interessert i å få vise guten fram. Dagen ho har henta han tar ho han med til butikken til fru Hansen for å få varmen i han. Allereie nå møter ho tre-fire koner som viser seg å vere svært nysgjerrige på kven Helene har med seg: «Saa begyndte de at spørre og grave. Helene likte slikt saa daarlig – hun hadde altid hat det paa det, at hun skulde holde sig for sig selv. Men ‘– han er da noksaa go lel –,’ sa hun med et smil som var litt brydd og stolt» (s. 45). Det verker nesten som Helene sjølv vert overraska over reaksjonen sin. Før har ho helst helde ting for seg sjølv, men nå er det noko i henne som ønsker å vise Thjodolf fram. Hans vesen og venleik reflekterer på henne, og ei slik moderlege stoltheit vitnar tydeleg om at ho ser på han som sin.

Det er eit mål for Helene å verte sett som mor. I skildringa av rutinane den første tida ser ein korleis ho har lagt inn ein søndagstur til byen for å vise seg fram:

[...] men søndag ettermiddag kjørte hun oftest en tur indover byen med ham; hun var noksaa kry av det pene, velstelte barnet – det var saavisst ingen av de fine familerne i byen hvis barnevogner var penere end hendes, med hjørner og kapper paa hodeputen og mellomverk paa lakenet og fint heklet teppe over lyseblaa satin, og gutungen med svanedunskanter baade paa kaapen og luen (s. 50).

Slik dette biletet av Helene som køyrrer den vesle guten framfor seg på ein søndag vert skildra, verker det heile næraast som eit oppstilt spel. Helene ønsker å verte sett som mor, og på søndagsturane har ho høve til å vise seg fram som nettopp det. Ho er kry av Thjodolf, men ho vil òg vise fram barnevogna og dei fine kleda hans. Som eg kjem tilbake til, er slike materielle ting sentrale for Helene si vurdering av det gode moderskapet, og gjennom den noko oppstilte søndagsturen kan difor andre òg anerkjenne henne som både ei god og ekte mor.

Å elske eit barn kjem med risiko å verte smertefullt, noko Undset viser gjennom Helene. Den emosjonelle involveringa og kjærleiken Helene har for Thjodolf vert ytterlegare forsterka for leseren gjennom den smarta ho uttrykker når ho mistar han. Helene mistar Thjodolf to gonger i løpet av forteljinga. Første gong er når Fanny har skjerpa seg og vorte gift, og ønsker å ta «sonen sin» tilbake. Å måtte gje frå seg barnet tilbake til den biologiske mora vil vere ei morserfaring spesifikk for pleiemora. Dette noko ei biologisk mor ikkje treng bekymre seg for,

netttopp fordi ho naturleg er den rettmessige mora til barna ho har født.³² Allereie i det Fanny fortel om planen om å ta Thjodolf tilbake kan ein sjå korleis Helene reagerer: «Helene sat maalløs. Hun var ikke i stand til at tänke en eneste tanke» (s. 72). Ho stiller spørsmål ved om det i det heile er lovleg, men innser raskt at ho står utan så mange val: Fanny er den «ekte» mora, og ho bør få sonen sin tilbake.³³ Helene vert nomen. Ho kjennar ikkje ordentleg på noko sorg, fordi ho uansett berre må akseptere situasjonen som den er. Som eit resultat trekk ho seg unna Thjodolf: «Helene kunde næsten ikke faa sig til at røre ved ham – det var som hun var ræd hun skulde bli endda mera glad i ham for hver gang hun tok i ham» (s. 74). Her ser ein korleis morskjærleiken gjer Helene vondt. Fordi ho er så glad i Thjodolf er det naturlegvis smerteleg å skulle miste han. Strategien til Helene vert å halde avstand den siste tida, slik at ho kan beskytte seg mot noko av dette vonde ved å ikkje verte endå meir glad i han enn ho allereie er.

Andre gong Helene mistar Thjodolf er når han døyr. Til forskjell frå å miste han til ein annan omsorgsperson, er dauden absolutt. Å miste eit barn til dauden er noko alle mødrer kan oppleve, og sorga og smarta vil ikkje vere avhengig av biologiske band. Helene er med Thjodolf i dødskampen. Thjodolf treng Helene, og ho vil òg vere der med han. I løpet av dei siste tre døgna vik ho ikkje frå han, og etterpå har ho blåmerke på armen der han har klemt seg fast. Helene sine tankar, ord og handlingar gjennom heile forteljinga har vist lesaren korleis ho elskar Thjodolf mest av alt. Likevel greier ho ikkje å grine når han er død: «Helene selv kunde ikke graate. Det var som sjælen var verket ut av kroppen hendes i de sidste dagene» (s. 95). For Helene opplevast det verre enn kva som kan uttrykkast gjennom gråt: Sjela har verka ut av kroppen hennar, og i det Thjodolf døydde har ho òg mista seg sjølv. Handlinga vidare viser at Helene beherskar seg i møte med dei andre i forteljinga. Ho arrangerer gravferda og har likfølget på middag, og tar seg ikkje tid til å sørge. Det er først når ho innser at Fanny har vorte gravid på nytt, denne gongen med Julius, at det vekker ein reaksjon i henne: «Helene skrek – et eneste langt, skarpt dyreskrik» (s. 100).³⁴ Undset samanliknar Helene med eit dyr – det har vorte for mykje, instinkta har teke over, og nå slepp ho alt laus i primalskriket. Det er ikkje

³² Den biologiske mora kan sjølv sagt òg miste omsorgsretten til eigne barn. I desse tilfellene er det oftast som ein følge av omsorgssvikt, der òg offentlege instansar er involvert. Poenget mitt her er at ho likevel ikkje treng å bekymre seg for at ei anna kvinne skal komme og påstå rettmessig moderskap til barna ho har født.

³³ Eg drøftar dette vidare i delkapittelet «Kven er mor?»

³⁴ At Fanny reagerer annleis på Thjodolf sin død enn Helene vil òg vere eit poeng i korleis ein oppfattar forskjellen i moderskapa deira. Denne tråden vil eg plukke opp igjen når eg ser korleis desse to kvinnene vert stilt opp mot kvarandre.

Julius og Fanny ho til slutt græt for. For Helene handlar det alltid om Thjodolf, og medan dei to andre brått har gått vidare og allereie erstatta han, sit ho aleine igjen i håpløysa. Den siste setninga i forteljinga viser igjen kor vondt ho har det: «Hun favnet om hodeputen som Thjodolf var død paa, krystet den indtil sig, og i yderste nød skrek hun paa Jesus og paa barnet sit» (s. 100). Det er berre smerte igjen, og Helene er igjen barnlaus og åleine i sitt eige liv. Ho er igjen den «øydelagde kvinna».

5.4 Den biologiske mora er ikkje den beste mora

Fanny Erdahl er til forskjell frå Helene biologisk mor. Det er ho som har gått gravid med Thjodolf, men etter fødselen har ho ikkje hatt noko av omsorga for han. Innleiingsvis nemnde eg korleis avisannonsa i starten av forteljinga gir ei kjensle av at «Thjodolf» like gjerne kunne vore den ekte forteljinga bak ei pleiebarnannonse. Ved òg å la Fanny få ei rolle i forteljinga, opnar Undset for å vise meir nyansert og inngåande korleis praksisen kring pleiebarn på starten av 1900-talet kunne gå føre seg. Fanny vert viktig for å vise fleire av dei spesifikke problemstillingane ved det å vere den biologiske mora som gir bort barnet sitt, men ho påverkar òg rolla til den ikkje-biologiske pleiemora på fleire måtar.

Som eit tydeleg bakteppe for forteljinga og framstillinga av Fanny, ligg Sigrid Undset sitt eige essay «Det fjerde bud» (1914). Den foreldreforståinga Undset legg til grunn her, er at det er foreldre si plikt å oppdra barna til å verte gode samfunnsborgarar. Måten ein som forelder skal gjere dette på er gjennom å sjølv etterleve god moral – altså å vere eit tydeleg førebilete for barna sine (Undset, 2004). Undset legg òg til at «[...] det er iallefall sikkert at det er alltid mere skjebnesvangert for barna dersom foreldrene preker én moral og praktiserer en annen» (Undset, 2004, s. 142). Å vere forelder dreier seg på denne måten for Undset heller om eit kulturelt ansvar enn om biologi. Framstillinga av Fanny i forteljinga viser heilt tydeleg korleis Fanny *ikkje* etterlever god moral, og med det heller ikkje viser seg som ein forelder for Thjodolf ut i ei slik forståing.³⁵

³⁵ Det same gjeld for så vidt òg for Julius. I tillegg til å ikkje etterleve god moral og vise seg som forelder slik, er det eit poeng i forteljinga at Helene ikkje ser på han som faren til barnet: «Hun tänkte aldrig paa Julius som Thjodolfs pappa, og hun visste ikke hvorfor hun ikke likte at han kaldte sig for det» (s. 52).

Allereie tidleg i forteljinga får vi vete om Fanny. Frøken Erdahl, tanta til Fanny, fortel om situasjonen hennar til Helene. Lesaren får kjennskap til at ho har vorte gravid som følge av ein affære med ein gift mann, og nå er det frøken Erdahl som sit med ansvaret for vesle Thjodolf. Det neste lesaren ser av Fanny er når ho kjem på uanmeldt besøk til Johansens for å sjå til sonen sin etter dei har hatt han der ei stund. Utan å nøle slepp Helene henne inn, og lar henne sjå til sonen sin, ete middag og gå søndagstur med dei. Etter dette kjem ho på gjentatte besøk, og tar seg godt til rette i familien. Fanny skildrast objektivt sett som pent kledd og vakker: «Damen var ung og pen, gulhaaret og fyldig. Fra parasollen fadlt der et svakt rosenkjær over ansigtet og det øverste av figuren. Hun hadde paa sig en hvit lerretsdragt som var noksaa kort i skjørtet, hvite strømper og sko» (s. 53). Som nemnt tidlegare, har ein som lesar tilgang til Helene sine tankar, og dermed òg dommar over andre personar i forteljinga. Helene opnar heimen sin og viser Fanny stor gjestfridom, men likevel forstår lesaren at ho ikkje nødvendigvis har så mykje til overs for henne. Fanny vert ein trussel for Helene. Ikkje berre i sin biologiske relasjon til Thjodolf, men òg i forholdet til Julius, som har latt seg sjarmere av den yngre, vakre kvinna. Ein kan sjå noko av Helene sin dom i observasjonane hennar av Fanny som skal gi Thjodolf mat:

Hun fik ham paa fanget og skulde gi ham havrevellingen hans; han var begyndt at spise litt velling med ske nu. Og hun lo av det han var saa grisk paa maten og av det hun var saa klønet; hun spilde paa bordet og paa smekken til gutten. Pludselig loftet hun forskräkket barnet i veiret og saa paa den sennepsgule flekken som var blit i fanget paa den hvite dragten – hun saa forbløffet paa Helene og paa Julius og paa ungen og paa flekken igjen; Helene maatte smile av hende, og Julius lo og klasket sig paa laarene. [...] Helene maatte gi Thjodolf maten hans. Og saa byttet hun paa ham og pyntet ham i den nye hvite kittelen og vaskehatten. Der var ikke maate paa morens henrykkelse, saa deilige som gutten var (s. 59).

For Helene er Fanny tilsynelatande mest opptatt av å le og kose seg. Ho sører mykje med grauten, og med det indikerast det at Helene ser henne som ei uerfaren mor. Det kan vere interessant å hugse tilbake på Helene sin første kveld som mor, der ho sjølv kløner det til med uovde hender. Lesaren har nett lese om denne kvelden, men for Helene ser det ut til å vere gløymd. Når Thjodolf ender med å bæsje ut den kvite drakta hennar, veit ikkje Fanny lenger kva ho skal gjere. Helene trer fram som den erfarne mora, og tek over både matinga og skiftet på han.

Fanny viser stor begeistring for sonen sin, og lesaren kan tru på at ho er glad i han. Helene lar henne ta del i morsarbeidet når ho er på besøk: «Og Fanny fik putte den rene, nystelte, søte lille

ungen i barnevognen og sat og rugget ham, til han sovnet» (s. 67), men likevel med innvendinga om at ho ikkje bryr seg like mykje om han som henne sjølv.

Hvad hun i det hele kom rækende slik etter, hadde Helene vondt for at begripe. Naar hun nu hadde git ifra sig gutten saa –. Det var forresten snøtt hun saa til ungen engang, naar hun var der – *saa* skulde hun bade, og *saa* skulde hun spasere, *saa* skulde hun finde blomster (s. 63).

Fanny tar del i dei hyggelege morsoppgåvene, men gjer elles som ho vil. Helene vert ståande igjen med ansvaret for Thjodolf når Fanny og Julius skal ut for å ro, og som dømet over viser, får Fanny rugge den reine Thjodolf i søvn, etter at Helene har tatt heile kveldsstellet på han. Sjølv om vi har sett Helene gjere morsarbeidet med stor glede, ser det ut som at ho irriterer seg over at den biologiske mora kan påstå å elske han mest, men så trekke seg vekk frå det reelle arbeidet for å sjølvrealisere seg gjennom bading, spasering og blomeplukking.

Det ser ikkje ut til at det frå starten av er planen til Fanny å få Thjodolf tilbake. Ho seier sjølv at ho skulle ønske ho kunne ha han hjå seg: «Hadde jeg endda kunne hat ungen min hos mig saa –» (s. 67). Fanny viser her innsikt i eigen situasjon. Ho forstår at livsrammene hennar ikkje er gode nok for Thjodolf, og dermed er det ikkje ei moglegheit å ha han hjå seg. Helene sine observasjonar tilseier òg at det går stadig därlegare med henne: «Sidste gang Fanny Erdahl kom ned og saa til barnet sit fik Helene forresten vondt av hende» (s. 64). Kleda hennar er ikkje lenger ordentlege, men heller slitt og umoderne. Ho har mista posten sin, og dermed har ho därleg råd. Helene og sonen høyrer ikkje frå henne verken til jul eller bursdag, og ho kjem ikkje tilbake før mange månadar seinare. Fordi ho har vorte gift, ønsker ho nå plutseleg å hente Thjodolf heim til seg. Dei betra livsrammene ligg etter det som er sagt til rette for at ho kan ha barnet hjå seg sjølv, og difor set ho det fram som eit krav at Helene nå skal gi han frå seg. Igjen viser Fanny medvit kring situasjonen sin, og korleis denne påverkar forholdet til Thjodolf: «‘Ja, det var dengangen det,’ Fanny blaaste litt. ‘Herregud, jeg visste jo ikke min arme raad, aa jeg skulde snu mig hen selv da. – Men naa er jo alltingen forandra naa –’» (s. 73). For Helene er dette, som drøfta, svært vondt, og verker å kome frå ingenstad. For Fanny, på den andre sida, er livet prega av lykke i det ho endeleg skal få sonen sin heim til seg.

Til grunn for Helene sitt val om å gi Thjodolf tilbake ligg det, som vi skal sjå seinare, ei forståing blant folk flest av at barnet alltid har det best hjå den biologiske mora si. Men når Helene skal søke råd vedrørande situasjonen hjå to gamle frøkner, vert nok eit aspekt ved situasjonen bringa

inn på banen – nettopp tanken om at Thjodolf kan redde Fanny frå den vanskelege skjebnen hennar. Den eine frökna seier det heilt eksplisitt:

«Men netop derfor,» faldt den anden dame, som var lærerinde, i. «Netop da. For det har man da *netop* set saa utallige eksempler paa – aa det kan rent være som et under at se, hvordan en letsindig, selv en *noksa* letsinding ung pike kan reddes, naar hun faar ha sit lille barn hos sig. *Ingenting* kan beskytte en kvinne fra at komme paa avveie som det at hun faar lov til at være mor for barnet sit –» (s. 75).

Det frökna påstår, er at det vil kunne vekkast eit morsinstinkt i Fanny når ho får ansvaret for sonen sin igjen, og at dette morsinstinktet skal få henne til å få orden på livet gjennom ansvarskjensla og det å sette barnet først. Undset sjølv nemnar òg denne vanlege tenkinga kring moderskap og kvinner i «Noen kvinnedaksbetraktninger» frå 1912. Essayet er skrive som eit svar til feministen Charlotte Perkins Gilman, og hennar påstandar om at blant anna ei allmennkvinneleg moderlegheit. Undset skriv følgande:

Det er gode kvinner og det er dårlige kvinner, og jeg har aldri sett noe til at en kvinnedaks fysiske fruktbarhet i ringeste måte er avhengig av hennes menneskeverd. Det hender at en kvinne blir et bedre menneske når hun får barn å ha ansvar for og holde av – men det hender også at hun ikke blir det (Undset, 2004, s. 89).³⁶

Undset sitt personlege standpunkt i saka er at gode, omsorgsfulle eigenskapar hjå ei kvinne ikkje automatisk heng saman med den reint fysiologiske fruktbarheita. Om ei kvinne er «god» er ikkje først og fremst avhengig av om ho har barn eller ikkje, men dreier heller om kven ho er på botn. Sjølv om ei kvinne får barn, betyr ikkje det at ho plutsleig får dei moderlege eigenskapane. Undset seier likevel at, ja, det kan skje at ei kvinne vert eit betre menneske av å få ansvar for eit lite barn, men det kan òg vere at det ikkje skjer. Elisabeth Aasen brukar det same essayet for å vise at Undset gjennomgåande skil mellom moderskap og moderlegheit (Aasen, 1985, s. 80). Medan moderskap her viser til det reint biologiske, viser moderlegheit til omsorgseigenskapane: «[I ‘Thjodolf’] er den dårlige jomfru, Fanny, den fruktbare – «barnefödersken», men moderligheten står barnløse Helene for» (s. 85).³⁷

³⁶ For Christine Hamm er det tydeleg at Undset er mot generaliseringar (Hamm, 2013). Det viser òg dette sitatet tydeleg.

³⁷ Liv Bliksrud viser til den same todelinga i morsforståinga til Undset i artikkelen «Feminisme og antifeminisme i Sigrid Undsets forfatterskap», og bruker her omgrepene «morskallet» om omsorgsaspektet (Bliksrud, 1981). Christine Hamm viser òg til det same i *Forelde i det moderne* (Hamm, 2013).

Det viser seg nemleg fort at ting ikkje vert betre når Fanny overtek omsorga for Thjodolf. Ho greier ikkje å gjere det grunnleggande morsarbeidet der ho svarar på barnet sine behov, og som resultat får ikkje Thjodolf den omsorga han treng når han bur med henne. Helene skildrar Thjodolf slik første gong ho ser han igjen: «Barnet stod mukkende stille med en finger i munden og saa paa hende. Og herregud som han hadde tapt sig – han var gulhvit i ansigtet, og det mørke krøllede haaret var ganske klamt av sved» (s. 81). Det er tydeleg at det går dårlegare med han enn før. Han er skitten, tynnare og sjuk. Fanny gir han rå mjølk fordi ho meiner det er det beste for han, men både Helene og lesaren veit at det kan vere direkte helsefarleg. Når Helene foreslår at ho skal ta han med til legen, kjem ho med unnskyldningar:

«Jeg syns naa De skulde ta og gaa til doktor me’n,» sa Helene, som sat og saa paa Thjodolf hele tiden. Fanny sa, hun hadde nok tænkt paa det. Men det var saa vondt for hende at komme ifra. Og saa var det pengene da –. Polikliniken, ja men det var saa tidlig paa morgenen. Og pengene – hun hadde saa vondt for at faa dem til at række (s. 82).

Ho har ikkje pengar, og i det heile er det vanskeleg for henne å få til. Som lesar sit ein med inntrykket at ho ikkje greier å prioritere sonen sin. Heller ikkje Fanny sjølv står det bra til med. Ho er òg dårleg kledd i skittent tøy, og heimen ser forfallen ut med døde plantar og rot. Helene forstår at noko er galt: «Hun var mere lik sig selv fra den tiden det hadde været daarligst med hende. Stakkar, der var vel et eller andet som ikke var saa greit – [...]» (s. 82). Undset viser heilt tydeleg korleis ting heller har vorte verre enn betre etter den biologiske mora fekk tilbake sonen sin, og tilbakeviser med det påstanden til frøkna om at dette ville verte til det beste. Fanny som type endrar seg ikkje når ho får omsorga for sonen sin.

Ein kan likevel argumentere for at det er ei moderleg handling av Fanny i det ho forstår at ting har gått for langt og ber Helene om hjelp når ho innser at dette er det beste for barnet. Ho er audmjuk når ho dukkar opp klissvåt og kald på trappa hjå Helene og ber henne ta guten tilbake: «‘Jeg hadde tænkt – jeg vilde be Dere ta igjen Thjodolf – for en stund – jeg er ikke god for at ha ham –,’ og hun brøt forover i hulken» (s. 87). Fanny forstår nå at ho ikkje greier å ta seg av han, men ein veit at det allereie har gått for langt. Ut i frå komposisjonen i forteljinga forstår vi at det er det dårlege stellet hjå Fanny som til slutt tek livet til Thjodolf. Nesten som eit frampeik mot denne tragedien, får vi fleire gonger høyre at doktoren har sagt til Helene at Thjodolf kjem til å klare seg så lenge ho held fram med det gode stellet av han: «‘Han er litt skrøpelig,’ sa doktoren. ‘Men med saant godt stel som De gir ham, frue – De skal se, han blir nok stor og kjæk; det er ikke noget De behøver at være saa ængstelig for –’» (s. 68). Det dårlege stellet hjå

Fanny har gitt Thjodolf ein «knekk», og sjølv etter han kjem tilbake til Helene vert han aldri heilt god igjen.

For meg vert det viktig å peike på ein kompleksitet i det som skildrast som Fanny sin situasjon. Det er ingenting i forteljinga som indikerer til oss at Fanny ikkje er glad i sonen sin som ei mor. Heller tvert i mot, fordi ho gjentatte gonger seier nettopp at ho er glad i han: «Aa kan De ikke skjønne [...] aa glad jeg er i ham som er hans egen mor» (s. 67). Men som vi har sett, greier ho ikkje å vere ei mor for han gjennom det å gi han den naudsynte omsorga. Fanny framstår på denne måten gjennomgåande i forteljinga som ei därleg mor for Thjodolf, spesielt samanlikna med Helene. Legg ein forståinga av foreldreskap frå «Det fjerde bud» til grunn, er det tydeleg at ho gjennom måten ho lever livet på heller ikkje oppfyller den sosiale plikta ho har som forelder – nemleg å gjere kulturarbeidet det inneberer (Undset, 2005). Men det som bør merkast er at medan ein les, får ein òg inntrykket av at det i stor grad er omstenda hennar som gjer til at ho ikkje greier å vere mor – anten om det dreier seg om ytre faktorar som det å ha arbeid og pengar, eller indre faktorar, som til dømes psykisk helse og mognad for oppgåva. På same måte som då Undset skreiv forteljinga i 1918, vil det òg vere slik i dag at mødrer som elskar barna sine, ønsker å ta vare på dei og ha dei hjå seg likevel ikkje greier det. Slik vert det ikkje snakk om å vere ei god eller därleg mor, men heller snakk om å meistre eller ikkje meistre oppgåvane det inneber å vere mor innanfor rammene av sin eigen livssituasjon.

5.5 Undset sine to kvinnetypar

Undset har skrive Helene og Fanny som to motsetningar, og ved å stille dei side om side som både kvinner og mødrer vert eigenskapane deira ytterlegare forsterka. I tidlegare lesingar av forteljingane har dette ofte vorte eit særleg fokusområde, sidan det er eit så framtredande trekk ved dei (Steen, 1982, Aasen, 1985, Bliksrud, 1988). Bliksrud meiner at Undset er inspirert av Carl von Linné sitt taksonomiomgrep, og ho vil vise korleis Helene og Fanny rett og slett står som representantar for kvar sin kvinnetype med ulikt forhold til eigen seksualitet (Bliksrud, 1988). Dei to kvinnene søker forskjellege typar kjærleik i liva sine. Medan Fanny søker den erotiske kjærleiken hjå menn, dreier det seg for Helene heller om å yte omsorg for andre. Konkret i forteljinga kan ein sjå det i relasjonen dei to kvinnene har til Julius. Allereie frå første besök oppstår det ei fascinasjon for Fanny i Julius. Han koser seg og ler når ho er på besøk.

[...] og Julius var tydelig noksaa kry over at gaa med den nydelige damen – for nydelig var hun med den røde parasol opslaat mot ettermiddagssolen; ansigtet og det øverste av dragten blev ganske lyserødt. Hun og Julius gik foran og pratet, og Helene fulgte stiltiende etpar skridt bakefter og trillet barnevognen (s. 59).

Fanny posisjonerast i par saman med Julius i front, medan Helene og Thjodolf går for seg sjølv bak. Denne oppstillinga vert gjentatt i forteljinga, og viser nettopp korleis det erotiske styrar Fanny, og omsorga og moderlegheita styrer Helene. Hjå Elisabeth Aasen er det eit poeng at òg utsjänadsmessig skildrast kvinnene ulikt (Aasen, 1985). Begge er pene, men dei har kvar si utstråling. Sitatet over skildrar den nydelege Fanny med både raud parasoll og raud farge i ansiktet. Til forskjell får ein tidleg i forteljinga følgande skildring av Helene frå advokat Lund: «Hun var forresten en type, som man mère saa i utlandet – i Frankrike og Italien hadde han ofte set nonner med den slags ansigter – bleke og rene, likesom forhårdede og sensible paa en gang» (s. 43). Det raude hjå Fanny signaliserer liv og lidenskap, medan Helene vert samanlikna med den reine nonna.³⁸

Korleis kvinnene er forskjellege viser seg òg i slutten av forteljinga. Fanny kjem i gravferda til Thjodolf saman med Julius. Ho har grine mykje, og treng både trøyst og støtte: «Da mulden fra prestens skuffe faldt rislende ned mellom kransene paa kisten, maatte Helene ta moren under armene; det saa ut som Fanny skulde gaa over ende, og hun stønnet som et dyr i nød» (s. 95). Slik lesaren har vorte kjent med Fanny framstår den fysisk overdrivne reaksjonen melodramatisk. Den sørgande (biologiske) mora får anerkjenning for sorga si. På same måte som ingen stiller spørsmål ved at Helene tilsynelatande ikkje sørger, er det heller ingen som på reagerer på den ekspressive sorga til Fanny. Julius tar henne til og med i forsvar ovanfor Helene: «Det har nok vært stridt for a, dette herne –» (s. 98). Det er den biologiske mora det skal vere trist for, ikkje pleiemora. Øg Helene anerkjenner at Fanny har det vondt, men fordi ho må ha hatt «noget vondt hvilende paa sig ogsaa før dette med Thjodolfs død kom til» (s. 94). Helene har forstått at Fanny er gravid igjen, og avslører at dette i like stor grad bidrar til den valdsame reaksjonen hennar. Som ei motsetnad til den melodramatiske sorga til Fanny, sit Helene si sorg så djupt at ho ikkje greier å uttrykke henne. Uansett kva ho prøver så lausnar ho ikkje. Ho har til og med laga same middag som ho skulle hatt i konfirmasjonen til Thjodolf: «Helene visste neppe selv, hvorfor hun hadde valgt det netop – det var kanskje for at prøve vække smerten tillive og kjende, at hendes hjerte var ikke ganske dødt, at hun kunde graate endda naar hun mindtes alt hun hadde drømt for ungen sin» (s. 95).

³⁸ Ein liknande kontrast finn ein mellom Cesca og Jenny i *Jenny* (Undset, 1911).

Fanny si sorg ser ut til å vere midlertidig. Ho kan alltid flytte kjærleiken sin over til ein ny mann, og slik verte lykkeleg igjen. Helene sin observasjon av paret Fanny og Julius etter gravferda viser at ho allereie har gjort det: «To mennesker kom op bakken. De gik tæt indtil hinanden. Nogen skridt opover, og saa stanset de, tok om hinanden og klemte sig tæt sammen» (s. 96). Biletet av dei viser den erotiske kjærleiken som kjenneteiknar Fanny sitt vesen. For Helene vil derimot ikkje sorga over å ha mista Thjodolf gå over. I sin analyse av forteljinga formulerer Elisabeth Aasen det slik: «Når Helene til slutt utstøter sitt dyreskrik, er det fordi hun er ribbet for alt. Det er barnet hun skriker etter, ikke den utro ektemann. Henne dyreskrik er myrsnipe-morens, hun som vil verne ungen sin» (Aasen, 1985, s. 83). I motsetnad til Fanny gav Helene all kjærleiken ho hadde til Thjodolf, og når han er borte kan han ikkje erstattast av nye relasjonar.

Som eg har peika på i tidlegare i analysen, elskar både Helene og Fanny Thjodolf som ein son, men dei greier ikkje begge å ta vare på han like godt. Gjennom den stadige vekslinga i kven som har morsansvaret for han, viser Undset lesaren heilt tydeleg kor han får best stell. Som leser samanliknar ein dei to mødrane kontinuerleg, og sympatiserer med Helene. Barnekleda vert eit påfallande gjennomgåande tema i stellet av Thjodolf. Helene ilegg desse stor betydning, ved at ho ser ut til å vere så opptatt av dei. Etter Thjodolf har fått ein ny omsorgsperson følger òg ei skildring av kleda hans, og på den måten gjer Undset dei næra til eit slags symbol på den varierande omsorga Thjodolf får. Ein ser det første gong når Helene gir ein dom over kleda han har med seg frå frøken Erdahl: «Hun rev op klærne hans, som hun hadde faat med fra frøken Erdahl i en kurv, og saa paa det. Fysch, så stygt det var vasket og strøket!» (s. 46). Like etter, som ein kontrast, finn Helene fram sine eigne barneklede. Helene har barneklede frå før av. Desse vart sydd til dottera, men har aldri vore i bruk. «Av og til stanset hun og saa nøiere paa et enkelt plagg, som var særlig forsiggjort med pene blonder og læg» (s. 46). For Helene er det kleda som skal vise at ho er ei egna mor for Thjodolf. Det er frå hennar synsvinkel handlinga vert fortald og kleda skildra, og slik er det hennar tolking av betydninga av desse vi som leserar vert presentert for. Hjå frøken Erdahl var kleda stygt vaska og stroke. Det er ikkje skadeleg for eit barn om kleda ikkje er perfekte, men for Helene er dette viktig, og ho nytta det som et argument ovanfor seg sjølv om at ho er best egna til å ta seg av Thjodolf.

Når ein vidare i forteljinga får sjå korleis det har vorte med kleda medan Fanny har hatt omsorga for han ei stund, viser dei derimot beint fram korleis han har vorte utsett for omsorgssvikt. «Han hadde den pene blaau søndagskittelen paa, og den var saa skitdden foran at den var rent tallet,

det ene buksebenet sakk helt ned på støvlekanten. Om halsen hadde han fastbundet et gammelt silketørklæde» (s. 83). Det er det same antrekket Helene kledde han i den første søndagen Fanny kom på besøk. Nå er kleda er heilt øydelagde, og har nok ikkje vorte bytta på ei stund. Helene skildrar dei seinare som at det berre er smular igjen. Denne gongen er det lite tvil hjå lesaren om at Thjodolf har det betre hjå Helene enn Fanny. Når Fanny ikkje ein gong maktar å bytte klede på sonen kan ho ikkje ha omsorga for han, og Undset viser med dette korleis den sosiale mora i dette tilfellet er den beste for barnet.

Her vil eg plukke opp trådane frå Beauvoir, som seier at ulike utgangspunkt for kvinner vil gjere at dei stiller seg til moderskapet på ulike måtar. Basert på det eg har sett på hittil i analysen er det tydeleg at moderskapet for Helene nærast vert ei form for sjølvrealisering. Moderskapet er oppriktig ønska, noko som spesielt viser seg i innsatsen ho gjer for å få Thjodolf til seg.³⁹ Helene forstår sjølv av livsrammene hennar er gode: Ho har ein ektemann, eit hus og elles det ho treng. Dei grunnleggande behova er dekka, og det skapar overskot til eit barn. For Fanny står det annleis til. Barnet legg berre til på dei byrdene ho allereie ber på. Ho er ikkje gift, graviditeten er ikkje planlagd, og barnefaren er ikkje villig til å hjelpe. Ho er ung, og eig ikkje noko av større verdi. I tillegg skildrast ho som den typen kvinne som lar seg styre av erotikken, og mindre av ansvarskjensler. Det er dette som utpeikar seg som eit av dei viktigaste poengna til Undset i forteljinga: Nettopp at ikkje alle kvinner er like eigna som mødrer. I «Thjodolf» er det den sosiale, ikkje-biologiske mora som viser seg å vere den mest moderlege. Trass dei sosiale forventingane om korleis ei mor skal vere, og korleis ei kvinne skal verte i det ho vert mor, greier ikkje Fanny å ta ansvaret og vise tilstrekkeleg omsorg for sin eigen son. Årsaka er at utgangspunktet hennar, både sosialt og som kvinnetype, ikkje legg til rette for det.

5.6 Kven er mor?

Hovudkonflikten i forteljinga kan på mange måtar seiast å dreie seg om kven som er mor. Thjodolf har to mødrer: Den biologiske som har født han, og den sosiale som fostrar han opp. Som vi har sett, viser Undset med forteljinga korleis den sosiale mora, Helene, står fram som den meist eigna til morsoppgåvane. Likevel er forteljinga fullt av tydelege motstemmar. Desse

³⁹ Her meiner eg òg at Helene skil seg tydeleg frå Aasta i «Frøken Smith-Tellefsen». Moderskapet etterlengta for dei begge to, men medan Aasta forblir immanent i den mogleg avgjerande augneblinken, viser Helene seg som transcendent i det ho trassar både mannen sin og samfunnsnormene for å verte mor for Thjodolf.

representerer eit meir essensialistisk syn på moderskapet, som seier at det berre er den biologiske mora som faktisk er mor. Denne konflikten kjem tydeleg fram i det Fanny har kravd å få Thjodolf tilbake. Argumenta Fanny nyttar er nettopp skiljet mor og pleiemor:

«[...] Men De kan da begripe, De kan ikke negte en mor at faa igjen sit eget barn, kan De vel skjonne, naar forholdene forandrer sig slik at hun kan ha det selv –» [...]

«Naturligvis saa forstaar jeg at det blir litt saart for Dem i førstningen,» sa Fanny. «Men kjære, De er da bare hans pleiemor – det er da ikke som han var Deres egen. De som selv er saa glad i ham, De maa da kunne sætte Dem ind i hans virkelige mors følelser –» (s. 73).

For Fanny er det openbert at ei biologisk mor alltid vil vere meir glad i barnet sitt enn det ei ikkje-biologisk mor kan vere. Den same vektlegginga av biologien finn vi hjå bipersonar i forteljinga. Helene søker råd, men svara ho får går alle ut på det same, Fanny har størst rett til barnet: «Men moralsk ialfald kunde hun da umulig anse sig berettiget til at forholde en mor hendes barn» (s. 75). Helene møter lite forståing for eigen situasjon blant andre. Det ser ut til at Helene vert akseptert som pleiemor, men ikkje *mor*. Det verker uforståeleg for dei kvifor Helene ikkje berre kan ta til seg eit nytt pleiebarn etter Thjodolf, sidan det uansett er så mange trengande. Medan dei baserer seg på opinionen, har Undset latt lesaren få innblikk i Helene sine tankar og kjensler. For Helene sjølv er det lite tvil om korleis ho elskar Thjodolf som sin: «Helene saa paa det bleke lille barnet – *hendes* unge, hvad saa alverden sa, om den anden aldri saa meget hadde født ham til verden» (s. 83). På denne måten vert pleiemora sine opplevelingar og kjærleik for barnet løfta fram gjennom heile forteljinga.

Rolla «mor» er på ein eller annan måten alltid avhengig av rolla «barn». Difor er det òg interessant å sjå korleis Thjodolf sjølv ser på dei to kvinnene. Han er for ung til å forstå sin eigen situasjon og det at han har to mødrer. Han gløymer dei når han ikkje ser dei på ei stund: Fanny medan han bor hjå Helene, og Helene når han bur hjå Fanny. Det er ho som er til stades og gjer det daglege morsarbeidet for han på eit gitt tidspunkt som er mor for han i augneblinken. Undset viser oss dette ved å la Thjodolf rope på «mamma» i desperasjon to gonger i løpet av forteljinga. Første gong er når Fanny skal ta han med seg vekk frå Helene og heim til seg sjølv: «Men gutten skjønte det ikke; han hadde jo ingen forståelse av at han skulle reise hjemmefra [...] Vinduet sto aapent. Helene hørte at gutten begyndte at graate – de var nede i bakken. Mamma, ropte Thjodolf. Helene stod klemt ind i kroken og saa ikke ut» (s. 77). Denne gongen er det Helene han ropar på, men neste gong, når han ligg sjuk, er det Fanny han vil ha: «Men han vilde ikke ligge med henne; han graat og ropte paa mamma, saa tilslut maatte Helene bringe

ham ind til Fanny» (s. 88). For Thjodolf er det ikkje samfunnet sine idear om moderskapet som bestemmer kven som er mor, men heller eit barn si eiga oppfatning av nærliek og omsorg.

Til slutt vil eg trekke fram språket, som gjennomgåande og tydeleg peikar på kompleksiteten i spørsmålet om kven som er mor. Snart etter at Thjodolf har vorte henta av Helene kan ein sjå korleis ho kallar seg sjølv mammaa hans:

«Ja da du, paasan,» sa hun og husket gutten, naar hun tok ham op for at stelle ham. «El'e dutten min i dag da – el'u guldklumpen til mamma di, du da» - hun trykket ham indtil sig og klasket haanden hans mot sit eget kind: «dakar mamma – tan'n klappe mamma i dag da –»
Men naar Julius var hjemme, snakket hun aldrig saan til ungen – sa aldrig mamma om sig selv (s. 52).

Samstundes som ho ser på seg sjølv som mor, ser ut som at ho held tilbake i andre sitt nærvær. Nemninga «mor» er ladd. Helene sjølv har nok ei forståing av at andre ikkje vil forstå henne som mor for guten på dette tidspunktet, og det ser nesten ut som at ho skammar seg litt over å kjenne seg som mora hans allereie på eit så tidleg tidspunkt. Når ein på neste side kan lese om Fanny sitt første besøk hjå familien forsterkast dette. Fanny introduserer seg naturleg nok som mora til Thjodolf, og deretter omtalar den personorienterte tredjepersonsforteljaren henne som «moren»: «‘Og saa lik som’n er pappan sin, De -,’ morens stemme skalv litt. Den barnløse følte noget som et sting i sit hjerte. Hun tidde stille» (s. 56). Helene, som på dette tidspunktet har starta å sjå seg sjølv som mor, vert igjen redusert til den barnlause i møte med den biologiske, «ekte», mora. I møte med andre personar i forteljinga er det alltid Fanny som er «moren», men det er eit poeng at forteljaren bruker nemninga om begge to. At vi i tillegg allereie har sett korleis Thjodolf sjølv ser begge som mor, viser oss difor at det ikkje vert galt å kalle dei begge for mor. Trass dei ulike Morsegenskapane deira, er det ikkje målet for Undset vise oss at Fanny *ikkje* er mor, men heller å vise oss at barnlause Helene *øg* er mor.

5.7 Kva har Undset fortalt oss om pleiemora?

Det som er særleg interessant med forteljinga om «Thjodolf» er korleis Undset med utgangspunkt i den ufrivillig barnlause Helene viser oss korleis moderskapet for så mange kvinner vil vere sårt etterlengta. Den infertile kvinnekroppen vil vere merka som avvikande og øydelagt i eit samfunn som fremmer det biologiske moderskapet som norm, men med Helene viser Undset korleis dette vert mindre viktig i det ho vert mor. Morserfaringane ho gjer seg som

mor til eit pleiebarn er nesten heilt like dei ei biologisk mor ville gjort seg. Undset presenterer samstundes lesaren for ei utfordring spesifikk for pleiemora, eller fostermora, som vil vere eit tilsvarande omgrep i dag: Som pleiemor er moderskapet berre midlertidig, og ho risikerer heile tida å miste barnet ho er mor for til den «ekte» mora. Om ein ser til dagens situasjon, er det ofte eit mål at barnet skal tilbakeførast til dei biologiske foreldra sine, fordi dette skal vere til det beste for dei begge.⁴⁰ Den nære tilknytinga og kjærleiken mellom pleiemor og barn vil slik kunne verte sett til side i vektlegginga av det biologiske. Med forteljinga viser Undset oss tydeleg korleis ulike utgangspunkt gir ulike føresetnadalar for moderskapet, men at for det vesle barnet sjølv, er det først og fremst ho som elskar det og utfører morsarbeidet som opplevast som mor.

⁴⁰ I barnevernslova § 5-7 står det at «Barneverns- og helsenemnda skal oppheve et vedtak om omsorgsovertakelse når det er overveiende sannsynlig at foreldrene kan gi barnet forsvarlig omsorg». Vidare står det i § 8-3 at «Dersom hensynet til barnet ikke taler mot det, skal barnevernstjenesten legge til rette for at foreldrene kan få tilbake omsorgen for barnet» (Barnevernsloven, 2023).

6 Stemora sine utfordringar i «Gunvald og Emma»

Frå same samling som «Thjodolf» kjem òg «Gunvald og Emma». I *De kloge jomfruer* (1918) skriv som nemnt Sigrid Undset om dei to kvinnetypane ho meiner eksisterer, noko som òg har vore eit særleg fokusområde for tidlegare lesingar av forteljingssamlinga (Steen, 1982, Aasen, 1985, Bliksrud, 1988). I tillegg til dette inneheld «Gunvald og Emma» eit tydeleg portrettet av ein samansett familie, der spørsmålet om forholdet mellom biologi og ikkje-biologi i familierelasjonar står sentralt. I forteljinga lar Undset lesaren møte fleire typar foreldre, og dermed gjer òg fleire forskjellege foreldre-barn-relasjonar seg gjeldande. I arbeidarfamilien Ruud er det faren, Gunvald, som har hovudansvaret for dei fire døtrene, Mathilde, Helga, Nelly og Guldborg. Mora til barna, Klara, skildrast som uansvarleg, og har i tillegg vore alvorleg sjuk lenge før ho dør av svulst. Forteljinga handlar vidare om at Gunvald gifter seg på nytt med den kjærlege Emma Evensen, og korleis ho på denne måten vert ein ny del av familien. Stemora Emma er interessant å sjå på som ein del av prosjektet som dreier seg om framstillingar av den ikkje-biologiske mora. Eit viktig anliggande for analysen min vil vere korleis lesaren i løpet av forteljinga får sjå Emma i tre forskjellege omsorgsroller ovanfor barna: Vi får sjå korleis ho trer fram som omsorgsfull før ho får morstittelen, i stemorrolla i det ho vert gift, og til slutt òg som biologisk mor. «Gunvald og Emma» er ei kompleks forteljing i den forstand at familierelasjonane og -dynamikkane er så mange, men det er samstundes òg her forholdet mellom biologi og ikkje-biologi tematiserast gjennom dei utfordringane familien og det nygifte paret støytar på. I «Gunvald og Emma» er parallellane til Undset sitt personlege liv mange. Berre to år før Undset skriv *De kloge jomfruer* flyttar dei tre stebarna hennar inn med henne og ektemannen, og livet på dette tidspunktet er i stor grad prega av å navigere det nye livet som storfamilie beståande av «våre» og «dine» barn (Slapgard, 2007, s. 188).

6.1 Komposisjon og forteljar

Som i dei to andre forteljingane eg har analysert, er forteljaren i «Gunvald og Emma» ein personorientert tredjepersonsfoteljar med skiftande perspektiv. I starten av første del av forteljinga er det frøkna til Mathilde som er i fokus. Frøken er berre med i forteljinga dei første par sidene, og det verker som at funksjonen hennar er å etablere det grunnleggande temaet for forteljinga, nemleg dei to forskjellege kvinnetypane ein finn hjå Undset: «Frøken var av de kvinder som føler kjønnet i sig som en drift til at leve for nogen, og Klara var en av de som

føler sit kjøn som en ret til at leve av nogen» (s. 104). Seinare er det Emma som tek over rolla som den kvinna som lev *for* nokon. Resten av forteljinga er det Gunvald og Emma som vekselvis får perspektivet, noko som får følger for korleis lesaren sympatiserer med dei ulike karakterane. I artikkelen «Omkring Sigrid Undsets tidlige samtidsskildringer» peikar Ellisiv Steen på dette når ho skriv om samtidsskildringane til Undset: «Det er ikke tvil om hvor Sigrid Undsets sympati ligger. – Hun ser Klara-typen like klart i dens amoralske lettlivethet, hensynsløse livsevne og også i dens tragedie. Men typen er alltid iakttatt utenfra, aldri skildret innenfra slik som f.eks Selma Brøter og frøken Smith-Tellefsen» (Steen, 1982, s. 44). Medan Emma, som representant for sin kvinnetype får perspektivet, skildrast Klara berre utanfrå.

At perspektivet vekslande tildelast Gunvald og Emma får vidare òg ein annan viktig funksjon – nemleg at lesaren får innsikt i begge sine perspektiv og kjensler. Dette gjer seg spesielt gjeldande i det det oppstår konflikt mellom dei i ekteskapet deira. Døma er henta frå to forskjellege stader i forteljinga, men begge dreier seg om det same: Gunvald har skulda Emma for å ville dottera Mathilde vondt, noko som har utvikla seg til ein større krangel mellom dei.

[Emma:] Men hun hadde pleiet tænke, naar han saa hvor hun strævet og strævet for at vise hun vilde dem allesammen saa inderlig vel – saa maatte han vel engang –. Og saa sa han hun bar sig som hun hadde kjøpt og betalt dem allesammen (s. 166).

[Gunvald:] Egenmægtig, det var hun – og langsint ogsaa, saa det ut for. Men hun var snil – og bra – svært fornuftig og paa mange maater [...] Nogen opdragelse maatte unger ha, det var saa det, og han hadde jo litet stunder til at se etter slikt. Det var kanskje ikke saa let for Emma heller altid; hun hadde jo meget at staa i – (s. 177).

Kommunikasjonen mellom ekteparet er gjennomgåande sviktande – dei greier verken formidle intensjonar eller unnskyldningar til kvarandre. Likevel får lesaren vete at som årsak bak Emma sine handlingar ligg kjærleiken ho har til familien, og at Gunvald trass det umiddelbare utbrotet etter ei stund tenker meir rasjonelt over saka. Når Undset lar begge hovudkarakterane sine stemmer komme fram på denne måten, vert enkelte av dei utfordringane som kan oppstå i ein samansett familie tydeleggjort.

Mykje av den tidlegare forskinga nemner korleis Undset i forteljingane sine skriv om menneske frå lågare samfunnssjikt enn ho gjer i romanane (Rieber-Mohn, 1978, Steen, 1982). I «Gunvald og Emma» er klasemedvita til stades allereie frå start. Igjen er det frøken som kjem med klar tale:

[...] hun var ikke noget dumt menneske. Hun forstod godt, hvor vanskelig mange av elevernes mødre hadde det. Skal en arbeiderkone med mand og mange unger – skolebarn og smaabarn – holde det pent og ordentlig i et hjem paa ett værelse og kjøkken, saa maa hun arbeide en god del mere end det som folk i andre kaar regner for rimelig for et menneske, det visste frøken godt (s. 103-104).

Allereie på den første sida uttrykkast ein særleg sympati for arbeidarfamilien. I artikkelen «Fortellinger og mødre, fedre og barn: Sigrid Undsets reaksjon på debatten om De castbergske barnelovene» viser Christine Hamm at Undset er veldig bevisst korleis familiepolitikk er nært knytt til klassespørsmål (Hamm, 2017). Hamm trekk blant anna fram Undset sitt svar til Katti Anker Møller i «Begrepsforvirring» frå 1919 som eit døme på dette. Her peiker Undset på dei ugunstige buhøva til arbeidarfamilien som årsak til lidinga deira: «Det nyttar i denne forbindelse lite å snakke om den økonomiske bedring i arbeiderklassens kår, sålenge *boligvilkårene* for en så stor del av vårt folk er som de er» (Undset, 2004, s. 341), noko som viser tilbake til både sitatet over og generelt handlinga i forteljinga. Undset lar ikkje lesaren gløyme at det er arbeidarklassen vi har med å gjere. I tillegg til Gunvald sine små betraktnigar kring livet som far i ein arbeidarfamilie, er det språket til karakterane som konstant vert ein påminnar om den sosiale bakgrunnen. Mathilde svarar følgande på frøken sitt optimistiske syn på sjukehuset: «‘Aassaa vil a’ke paa sykehus’, aassaa’n pappa, han sier det, at dem har det ikke noe godt paa sykehus’, saa’n vil heller hu skal være hjemme [...]» (s. 105). Sosiolekta, men òg den skepsisen familien Ruud viser til helsevesenet, bidrar til den realistiske karakterbygginga.

6.2 Gunvald: Ein far som gjer morsarbeid

Allereie frå starten av forteljinga, i samtalen mellom Mathilde og frøken, får lesaren vete at det er Gunvald som ber den største arbeidsbyrda i heimen:

«Synes du ikke selv, Mathilde, at du burde tänke paa din mor og ikke gjøre hende unødig bryderi – passe litt paa tøiet dit, saan stor pike du er nu –»
«Det er’n pappa som har sydd detta,» sa Mathilde.
«Er det din pappa –?» Er din mor syk endda da?» spurte frøken (s. 105).

Fordi Klara er sengeliggande og alvorleg sjuk er det Gunvald som må ta seg av både henne og jentene. Mathilde fortel vidare: «‘[...] – Frøken, ’n pappa, han vasker a mamma hver morran før’n gaar paa arbeid! Aassaa steller’n i stand til vors. Det er’n pappa som steller i stand flaska te a Guldborg [...]» (s. 105). Med bakgrunn i dette vil eg argumentere for at det arbeidet Gunvald

gjer i familien kan karakteriserast som morsarbeid. Morsarbeidomgrepet, slik det har vorte formulert av Sara Ruddick, er ikkje avhengig av kjønn, men dreier seg heller om kven som svarar med omsorg på eit barn sine ulike behov (Ruddick, 1989). Gunvald ordnar kleda deira, trøystar dei og finn mat til dei.⁴¹ Til forskjell skriv Ruddick at fedrar si oppgåve historisk sett har vore «to provide material support for child care and to defend mothers and their children for external threat» (Ruddick, 1989, s. 42). Gunvald gjer òg dette, noko ein blant anna ser ved at han drar på arbeid på fabrikken kvar dag for å forsørge dei. Det må gjerast heilt klart at Ruddick sine omgrep er historisk avhengige, og at skilnaden mellom mors- og farsrolla på mange måtar er viska bort i den moderne familien i Noreg i dag. Årsaka til at eg likevel vil bruke denne forståinga og argumentere for at Gunvald gjer morsarbeid ovanfor barna sine, er at han så tydeleg har vorte nøydd til å ta på seg eit arbeid ein elles ikkje hadde venta av ein mann i samtidia hans. Måten frøken reagerer på Mathilde sine opplysningar på viser dette: «Frøken tänkte, ja hun hadde vist hørt at fru Ruud skulde ha saan sjeldan bra mand» (s. 106).

Christine Hamm kommenterer òg den spesielt driftige Gunvald. Ho meiner at Undset med «Gunvald og Emma» viser nettopp det at menn kunne vere like gode omsorgspersonar som kvinner (Hamm, 2017). Hamm skriv at forteljinga på denne måten må sjåast i samanheng med debatten mellom Undset og Møller, der Undset klagar Møller for å sjå arbeidarklassemenn som berre bedriftseigarar i familielivet (Hamm, 2017, s. 267). I «Begrepsforvirring» frå 1919 skriv Undset følgande om Møller sine påstandar: «Det er jo allerede i og for seg en helt sinnssvak misforståelse at det fenomen hun har iakttatt og som hun har spunnet sine spekulasjoner over – familiens nuværende mislige økonomiske posisjon sammenlignet med enslige individer – angår kvinnene mere enn mennene» (Undset, 2004, s. 334). Poenget hjå Hamm vert med dette at Undset med karakteren Gunvald allereie året før fekk vist at òg mannen kan ta omsorgsansvar i familien, og at Undset gjennomgåande kommenterer og nyanserer det ho skriv om i sakprosaen sin gjennom skjønnlitteraturen (Hamm, 2017).

Gunvald ser derimot ut til å slutte å utføre morsarbeid i det han vert gift med Emma. Når ho kan fylle rolla er det ikkje lenger naudsynt at han gjer det, og dei tradisjonelle kjønnsmönstera gjer seg på nytt gjeldande i familien. I forbindning med Emma sitt morsarbeid får lesaren òg høve til å sjå nokre av manglane hjå Gunvald, nemleg korleis han er ettergjevande og blind for dottera Mathilde, som «stod farens hjerte nærmere end de andre» (s. 123). Mathilde er

⁴¹ Det kjem òg fram i forteljinga at han innimellom får hjelp av nabokona Laura til noko av dette.

sannsynlegvis ikkje den biologiske dottera til Gunvald, noko han sjølv òg er klar over fordi ho vert født for tidleg etter ekteskapsinngåinga: «[...] vesle Mathilde kom til, fem maaneder efter de var blit gift [...] Der var tanker som Gunvald selv ikke vilde slippe indpaa sig. Barnet var kommet fortidlig, sa Klara – han kunde jo selv se, saa ørlitet og ussett det var» (s. 109). Årsaka til at ho står i ein særstilling hjå han verker å vere at ho liknar mora si: «Hun var lik sin mor, syntes han – og ikke nogen anden» (s. 110). Det spesielle forholdet Gunvald har til Mathilde meiner eg er med på å vise to av dei sentrale temaa i forteljinga som eg kjem tilbake til seinare i analysen: Det første er korleis spørsmålet om biologi og ikkje-biologi verker å vere ganske komplekst for familien. Det andre dreier seg om det nokså forskjellege forholdet Gunvald har til dei to kvinnene, Klara og Emma.

6.3 Den biologiske mora si avgjerande rolle

Klara er ikkje ein aktiv figur i handlinga i forteljinga, men vert sentral gjennom rolla som begjæringsobjekt for Gunvald og som ein viktig motsats til Emma. Klara er ein del av den bakgrunnshistoria lesaren vert introdusert for innleiingsvis. Vi får vete at det er forholdet til Klara som skal ha øydelagt dei potensielt gode framtidsutsiktene til Gunvald:

Ruuds sat godt i det og var svært agtede og ansete folk, og de hadde nok ikke gjort sig smaa forhaabninger om Gunvalds fremtid – [...] – gutten var bra begavet; pen var han og, og en snil gut hadde han været alle sine dage. Og saa skulde det ske at han kom op i det med Klara Andersen –. (s. 107)

Paret skal ha gifta seg allereie då Gunvald var nitten år. Klara har allereie på dette tidspunktet eit rykte på seg å fly etter både gutter og menn, ho skal ha vorte gravid, og sett bort eit barn. Gunvald si tiltrekking til henne er likevel så sterk at han ikkje har anna val enn å gifte seg: «Han var saa glad i hende at han var næsten ræd. Naar han hadde hende i armene sine, var det som han druknet og døde i lykke –» (s. 110). Paret får raskt fleire barn, men det viser seg at Klara framleis er lik seg sjølv. Ho ser verken ut til å meistre morsarbeidet eller husstallet. Mot slutten av livet skuldast det sjukdommen, men allereie før dette står heimen i forfall:

Men i Klaras stue til gaten fik de to fag heklede gardiner, hun hadde etter svigermoren, hænge til det saa ut som de var tunge av skidt, og i de fire majolikapotter stod der gjerne nogen gule, dødende stranter – satte hun en avlægger, saa kom den sig aldrig, og kjøpte hun en plante en gang imellem, saa døde den saa fort hun hadde faat den i huset (s. 107).

Ikkje berre er ho ikkje husleg, men ho tar til og med livet av det ho tar i. Den fokuserte Gunvald tar henne likevel i forsvar, og understrekar at ho trass alt er snill: «Et og andet smaatteri hadde der jo været med hende [...] Bedre kunde de jo hat det, hvis Klara hadde været flinkere – noget tak var der nu engang ikke i hende, men hun var da snil →» (s. 112).

Vi får ikkje vete så mykje spesifikt om Klara som mor utover at det er lite tak i henne, og at leilegheita og barna er skitne som ein konsekvens av dette. Som vi har sett, delegerer ho arbeidet til Gunvald, som ser ut til å ta sin del av byrda med glede: «Gunvald var glad i den vesle jentungen – Klara satte ham til at stelle den, gaa med den om natten naar den skrek, og saan» (s. 110). Klara vert alvorleg sjuk med svulst og magesår berre eit halvt år etter den yngste dottera vert født, og klarer etterkvart ikkje å ha barna i nærleiken av seg fordi ho er i så store smerter. Når Klara dør er døtrene elleve, ni, fire og eitt år gamle, og hugsar difor Klara som mor i varierande grad. Som vi skal sjå er Klara likevel heile tida til stades i bakgrunnen av forteljinga, og ho påverkar på mange måtar Emma og den morsrolla ho etterkvart skal tre inn i.

6.4 Moderlegheit er uavhengig av moderskapet

Med Emma viser Undset oss korleis moderlege omsorgsevner kan vere uavhengige av både det biologiske moderskapet og morsrolla. Allereie frå første gong lesaren treff på Emma får ein eit intrykk av ho som spesielt omsorgsfull. Dette er når Mathilde har stukke av heimanfrå etter Klara sin død, og Gunvald er på desperat leit etter ho. Gunvald kjenner med ein gong tillit til henne: «Gunvald følte pludselig slik tillid til hende at han gav sig til at snakke» (s. 131), og ho gir Gunvald trøysta han treng i situasjonen: «Emma snakket ut til ham, opmunrende og beroligende» (s. 132). Emma etablerast med det same som husleg, i det ho set i gang å steike karbonadar til han og oppmodar han til å ete godt: «Kan du ikke komme ind da, Gunvald – faa dig en karbonadekake – jeg tænker du trænger til litt jeg, slik som du har fart og flyi hele natta» (s. 132).

I den same scena tek Emma på seg ansvaret for å få Mathilde heim igjen. «Er'e noen som har greie paa a Mathilde, saa vet du at jeg faar visst det – [...] du kan væra saa tryg paa det, jeg skal nok faa fat paa ungen for dig, jeg» (s. 133). Som lova, finn Emma ut kor Mathilde finn seg, og drar sjølv ut for å hente henne. Emma kjenner verken Gunvald eller Mathilde noko særleg på dette tidspunktet, men ho viser tydeleg korleis ho bryr seg om dei på ein svært medmenneskeleg

måte. I det ho leverer Mathilde frå seg kjem ho med ei oppmoding til Gunvald: «‘Du faar ikke væra for steng ve a da,’ bad Emma flere ganger. ‘Hu er reint vetskræmt stakkar – hu har nok vært uløkkelig, hu og, stakkar –’» (s. 134). Emma viser at ho forstår både Gunvald og Mathilde si side av saka, og at målet hennar er at begge skal ha det godt. Emma kjem nærest inn i forteljinga som ein meklar for den sørgeande familien.

Emma skildrast som ei sjølvstendig kvinne. Økonomisk sit ho godt i det, ho eig sitt eige hus og driv butikk – begge deler arva etter mora. Faren hennar skal visstnok ha vore av fint folk, men han døydde før ho vart født, og mora Anette har difor oppdratt henne aleine samstundes som ho både har starta og drive butikken. Emma skildrast vidare som kjapp i munnen: «[...] og noksaa kjap i munden ogsaa – det hændte jo ikke sjeldan i forretningen at fyrer, baade kjørere og kunder, forsøkte sig med en galant spøk eller litt nærgaaenhet, og Emma svarte med en kvikhet og gjorde ikke noget oppstyr for slikt [...]» (s. 137), noko som ifølge Gunvald kan ha vore med å bidra til at ho har skremt vekk potensielle friarar: «[...] saa var det vel fordi de var ræd hende» (s. 138). Trass den økonomiske sjølvstenda ho anerkjenner å oppleve som einsleg kvinne i si samtid, verker det å vere eit sterkt ønske i henne om å verte gift og få barn. Emma er i starten av trettiåra, og det verkar som at den ugifte statusen hennar kan vere litt sår for henne: «Forresten, hvad gifting angik – det saa ikke rart ut med det, der var nok ingen som vilde ha hende, saa det ut for –» (s. 138). På same måte som Aasta er Emma ei peppermø som bryt med den etablerte samfunnsnorma, og det er eit ønske for henne å endre på eigen situasjon.

Emma bygger fort relasjoner til barna til Gunvald. Ho gir dei både sukkertøy og sjokolade når dei er innom henne i butikken, og tar dei med på turar ut av byen.

Efterat Emma hadde hentet Mathilde hjem dengangen, begynte Ruuds barn at handle hos hende. Hun hadde altid noget godt at stikke til dem, og især naar vesle Guldborg var med, saa maatte Emma altid ha fat i den ungen, løfte hende op og kjæle med hende. Hun var nu saa sjeldan sot og god og, Guldborg (s. 137).

Emma er glad i ungar, noko som viser seg i den oppriktige gleda ho finn i vesle Guldborg. Etter den gongen ho henta Mathilde heim, ser det ut til at òg dei to har utvikla eit godt forhold. Emma kallar Mathilde for «Tilla mi» (s. 140), og lærer henne å strikke sokkar – ein praktisk kunnskap ei jente ofte lærer av ei eldre kvinne. I samtale med Gunvald ser det ut til at Emma ser noko i «problembarnet» Mathilde som andre tilsynelatande har vanskelegare for å sjå:

«[...] Jeg har lovt at læra Mathilde detta – den kvelden du vet,» sa hun sagte, da barnet var gaat. «Jeg snakka ve a da vi gik hjem. Det er bare det om at gjøra at hu faar lyst for at ta sig til nogen tingen, hu er saa snil igrunden, Mathilde atte –» (s. 140).

For å hjelpe Mathilde meiner Emma det handlar om å finne noko ho kan ha lyst til å gjere, og det har Emma klart å få til med strømpestrikkinga. Det ser ut som at Emma kan vere den kvinnelege oppdragaren og førebiletet Mathilde treng for å komme på betre spor igjen.

6.5 Morsrolla: Ei rolle som krev ansvar

Det er eit interessant grep ved forteljinga at lesaren ikkje vert introdusert for Emma før eit stykke ut i handlinga. Sjølv om òg Emma er ein av tittelkarakterane, er det Gunvald som er den gjennomgåande karakteren frå start til slutt. Komposisjonen understrekar eigentleg på mange måtar realiteten av det å komme inn i ein familie som ny stemor. Når lesaren møter Emma for første gong har ein allereie lese om og etablert bakgrunnshistoria til familien Ruud. I det nokon trer inn i stemorrolla vil ein alltid verte del av ein familie med allereie eksisterande dynamikkar og felles historie, og ved å la lesaren få innblikk i desse før Emma kjem inn i biletet, opnar Undset for å vise nokon av dei spesifikke utfordringane ved nettopp familiar med slike sterelasjonar. Det viser seg vidare i forteljinga at bakgrunnshistoria til familien Ruud er mykje av årsaka til konfliktar som oppstår i den nye familien.

I det Emma har gifta seg med Gunvald, og med det fått stemor-tittelen, har òg ansvarsområda hennar endra seg. Frå å kunne gi barna godteri og det dei vil ha, har ho nå eit ansvar for å regulere dette. Medan målet tidlegare var å glede barna med sukkertøy og sjokolade, har det plutselig vorte eit anliggande for henne at dette er usunt for barn. Sjølv om den første tida hjå Emma verker å vere god for familien, ser omveltingane ut til å vere større enn barna hadde sett føre seg.

Der var meget som var gjilt, de fik deilig mat, saa meget de vilde ha, men det blev ikke sukkertøy og chokolade fra morgen til kveld, slik som de hadde ventet – Emma trodde ikke det var sundt for børn. Og de nye hvite kjolerne som hun hadde lovet dem, fik de, med lyserøde strømper og silkebaand til, men hvad børnene ikke hadde tænkt over paa forhaadnd, det var at stedmoren forlangte de skulde være forsiktig med det fine nye tøiet. Saar var der det at Emma likte ikke de kom paa gaten; de skulde holde sig i gaarden og i den vesle haven, og der var der igjen planter de skulde være forsiktig med og ikke brække, og havesenger som de ikke maatte traakke i. Og etter som betagelsen ved at bo i det fine, koselige hjemmet fortok sig, ble det svært leit og brydsomt at der var saa meget de ikke maatte ænse – (s. 146).

Emma krev blant anna at jentene passar på kleda sine, held seg i hagen og er forsiktige med plantene hennar. Ut i frå det ein har lese til nå, kan ein påstå at barna ikkje er vane med foreldre som utøver disciplin på denne måten. Dei har i større grad kome unna med å gjere som dei vil, og heimen dei kjem frå skildrast som heilt annleis enn slik det er hjå Emma:

I det hjemmet de kom fra hadde der ikke været større overflødighet av stas. Hvad Klara hadde hat av pyntesaker, var blit slaat sund og brukket istykker for länge siden [...] De tingene som fandtes, hadde børnene haandert hver eneste dag – kokt i og vasket op og pudset og dunket i gulvet, og al snak om forsiktigheit hadde bare været snak (s. 146).

I det Emma får ei morsrolle ovanfor barna, kan det sjå ut som at forståinga hennar av moderskapet dreier seg om nettopp det å disciplinere og sørge for at jentene held seg anstendige. I forteljinga får vi også vite noko om korleis Annette, Emma si mor, oppdrog dottera si. Det er sannsynleg at foreldrestilen til Emma kan sjåast i samanheng med erfaringar frå eiga oppvekst: «Emma hadde maattet hjelpe sin mor i butikken og kjøkkenet, helt siden hun var ganske liten. Annette holdt datteren svært strengt og var noe paa hvem hun var sammen med. Altid net klædd, vandkjæmmet, ferm og veslevoksen av væsen» (s. 137). Emma har ingen eigne morserfaringar i det ho trer inn i den nye rolla som stemor, og slik gir det mening at dei erfaringane ho har med seg er basert på opplevelingane av si eiga mor.⁴² At Emma ser ut til å verte same type mor som si eiga mor var,⁴³ vil eg argumentere for at er med på å forsterke det arv og miljø-perspektivet som allereie er til stades i forteljinga gjennom dei nokså deterministiske forbindingane mellom mora og dottera Klara og Mathilde.

På same måte som i dei to føregåande analysekapitla, er det tydeleg korleis Sigrid Undset sitt essay «Det fjerde bud» frå 1914 kan gjere seg gjeldande i lesinga av «Gunvald og Emma». I essayet står formaninga om foreldra si oppdragarolle sentralt, med utgangspunkt i påstanden om at foreldre er dei som skal gjere seg fortent respekt frå barna sine (Undset, 2004). Barna skal formast til samfunnsborgarar av foreldra gjennom oppdraginga og kulturarbeidet, og det er det at foreldra sjølv viser ansvar som i sin tur skal utvikle barnet sitt instinkt om kva som er rett og gale (Undset, 2004, s. 141). Undset skriv følgande: «At det er foreldrenes rett å forby sine unger det de anser for farlig for barn og om fornødent tukte dem til lydighet – ja folk skal

⁴² Forholdet døtrer får til mødrane sine i det dei sjølv vert mødrer er eit tema for mor-dotter-forskinga. Fischer skriv blant anna at det er gjennom delte erfaringar ved moderskapet at mor-dotter-relasjonen vert reproduksjon i generasjon etter generasjon (Fischer, 1986).

⁴³ I *The Reproduction of Mothering* skriv Nancy Chodorow blant anna følgande: «Women, as mothers, produce daughters with mothering capacities and the desire to mother» (Chodorow, 1978, s. 7).

ha fått sine naturlige instinkter temmelig meget ruinert når de kan dra det i tvil» (Undset, 2004, s. 138). Når Emma held tilbake på sukkertøyet og Annette krev hjelp i butikken, er det tydeleg at Undset skriv desse som representantar for den oppdragande idealforelderen.

Emma held fram med å vise den same omsorga for familien som ho gjorde før ekteskapsinngåinga, og ho gjer det spesielt gjennom å utføre typiske husmorsplikter. Som vi har sett gir ho jentene nye klede, og ho steller i stand god mat til familien: «‘Detta var jamen godt,’ sa han, naar han var kommet hjem fra arbeide og Emma satte frem varm mat paa kjøkkenbordet. Paa den blaablomstrede voksduk stod hans halve øl og ventet; korketrækkeren var lagt frem sammen med kniv og gaffel» (s. 152). For dagens lesar vert det nærast komisk kor perfekt og idyllisk alt verker i denne scena: Kona som set fram varm mat i sekundet ektemannen kjem heim, og ølet står allereie oppstilt. Som eg òg kjem tilbake til seinare i analysen, er det gjennom omsorga for dei ho er glad i Emma viser sin kjærleik.

Gunvald sine observasjonar av det nye familielivet viser at Emma er god med barn. Ho fortel dei historier om både sin eigen barndom og om familien og slekta til barna.

Men alt i alt var det fuldt op av nyt og morsomt for børnene. Gunvald selv hadde mange ganger morro av at høre paa det, naar hun snakmed dem. Som f.eks. en søndag ettermiddag, de hadde været gift i fire uker [...]

Gunvald hadde lagt ned avisen og sat med haand under kind og hørte paa – smilte litt. Der var et underlig blekt lys i hans sind denne tiden. Der var som han var kommet tilbake til sin barndoms verden – saa nær moren og faren og det gamle hjem. Og saa langt, langt bort fra sin manndoms liv (s. 149).

Når Emma fortel til barna føler Gunvald at han er tilbake til sin eigen barndom si verd. Til forskjell frå livet han har levd saman med Klara, bringer det nye livet saman med Emma med seg ein familiær og nostalgisk atmosfære. Måten Emma fortel til og samhandlar med barna på bringer fram minna om hans eigne foreldre, og understrekar med dette dei moderlege trekka ved henne. Forlenginga av dette sitatet viser oss at Gunvald forstår at det er eit slikt familieliv menneske ofte lengtar etter. Men samstundes som han anerkjenner korleis Emma er «saa snil og bra og flink med børnene» (s. 151), forstår han òg korleis han sjølv har ei større tiltrekking til Klara og det han kallar hans «manndoms liv». Denne interne konflikten i Gunvald vil eg plukke opp igjen og drøfte i slutten av analysen min.

Forholdet Emma har til dei ulike barna ser ut til å vere veldig avhengig av alderen deira. Dei to yngste jentene hugsar naturlegvis mindre av si biologiske mor enn det dei to eldste gjer, og med dette vil det truleg vere lettare for dei å akseptere ein ny morsrelasjon. Nelly og Guldborg bruker nemninga «mamma» om både Emma og Klara. Trass ei forståing av at det er Klara som har født dei, viser det oss at òg Emma vert akseptert som ei mor gjennom rolla si. Her snakkar dei både om «mamma» og «a mamma som var død»:

Og mens de hoppet og danset omkring ham opover mot hjemmet, fortalte de, a mamma hadde været paa landtur med dem til gravlunden. Og de hadde hat med planter og pyntet gravene – paa graven til a mamma som var død, hadde de sat en baldame og forglemmeigi utenom den, og siden hadde de været paa gravene til bedstefar og bedstemor og mammas mor [...] (s. 155)

Som i dei to andre forteljingane eg har sett på, er det gjennom det sjuke barnet morskjærleiken får vist seg i si tydlegaste form. Guldborg ligg på sjukehuset etter å ha fått i seg lut, og medan Emma besøker henne i visitida på sjukehuset reflekterer ho over den morskjærleiken ho kjenner for henne.

Saa det var godt hun hadde Guldborg. Guldborg husket ingen anden mamma, Guldborg hadde hængt etter hende støtt og stadig hjemme [...] Hun var saa glad i Guldborg at hun syntes umulig en kunde være gladere i sin egen unge. Hun var saa glad i Guldborg, at hun kom til at graate, naar hun tänkte paa det (s. 173).

Gjensidigkeit i kjærleik ser ut til å ha stor betyding for kva Emma føler for det enkelte barnet, og dette vert lettare oppnåeleg når ho slepp å konkurrere om den. Det er eit viktig poeng for Emma at Guldborg ikkje hugsar den biologiske mora si, og med det kan elske Emma fullstendig som ei mor. Til gjengjeld klarar òg Emma å elske henne utan etterhald, akkurat slik som ho ser føre seg å elske sitt biologiske barn.

Forholdet mellom Emma og Mathilde, som er i starten av tenåra, ser ut til å vere av ein anna karakter enn forholdet til dei yngre jentene. Før ho vert stemor, har Emma på mange måtar teke Mathilde under venga si og vist henne forståing. Fordi Mathilde slektar på Klara, er ho «rastlös og upaalitelig» (s. 122), og vert skildra som både lat og gutegalen. Om den første tida hjå den nye familien får vi vete at Mathilde meiner stemora forlanger altfor mykje av henne:

Det laa ikke for det barnet at finae sig tilrette med hyggen og velværet hos Emma i længden – sletikke længer ena til der blev stillet krav til hende selv om at yde noget til det heles trivsel. Endda gik det nogenlunde med hende og stedmoren; hun hadde iallfald ikke vaaget at mukke

endda, men det var just ikke litet surt det fjæset hun satte op, naar Emma bad hende gjøre noget i huset – og gjøre det ordentlig (s. 153).

Dei endringane i krav og forventingar som kjem med at Emma nå har fått ei morsrolle passar ikkje Mathilde, som nok er lite vant med ein slik morsskikkelse frå før. Igjen vert det aktuelt kva forventingar ei mor har til ei dotter, når Emma sitt svar på Mathilde si latskap er: «‘[...] Trur du jeg fik lov av mora mi til at sitte og læse morro midt paa blanke eftermiddagen, du kanske –’» (s. 154).

Konflikten som oppstår mellom ekteparet Gunvald og Emma i samband med Mathilde og framtidia hennar, viser andre sider ved det moglege mor-dotter-forholdet dei har. Mathilde er ferdig med folkeskulen, og spørsmålet vert dermed kva ho skal gjere etterpå. Ho gjer det for dårleg til å fortsette på skule, og difor har Emma sendt eit brev til ei venninne for å høyre om ho kan få post som tenestepike hjå henne i Sigdal. Konflikten oppstår i det Emma viser svarbrevet til Gunvald, og han reagerer både på at ho har tatt seg fridommen til å sende brevet bak ryggen hans, og måten Emma tilsynelatande har skildra Mathilde på for den framande: «‘Har’u skrivi te’ a da,’ spurte Gunvald og saa i brevet igjen. Der stod noget om ‘halvvoksne smaapikers vidløftigheter behøver jo ikke at betyde større’ – Og Gunvald rynket panden, ‘det ser ut for at du har git Mathilde et fint skudsmaal og –’» (s. 158). Det viser seg derimot at årsaka til at Emma har gjort som ho har gjort, er at ho har ferska Mathilde i å snike seg ut om natta for å møte menn. I motsetnad til kva Gunvald trur, har altså Emma gjort dette ut i frå kjærleik til barnet: «‘[...] og jeg har sitti og venta te hu kom hjem, og jeg har snakka og formant, og hu har lovt saa pent, men naa tänkte jeg det var bedst at faa jentungen bort før uløkka var ute –’ » (s. 161).

Emma har sett noko i Mathilde sin oppførsel som Gunvald ikkje har sett, og ein kan stille spørsmålet om kvifor det er slik. Vi har fått vete at Gunvald er svak for Mathilde, og dermed vil ei mogleg forklaring vere at han umedviten overser realiteten av oppførselen hennar: «Endda saa var det saan, at skulde en si, noget av børnene stod farens hjerte nærmere end de andre, saa maatte det nok være Mathilde. Men hun var nu ogsaa flink til at gaa ham under øinene [...]» (s. 123). Samstundes meiner eg òg at situasjonen tydeleg talar for Emma som ei mor for jenta. At ho har ferska Mathilde vitnar om ei moderleg årvakenheit, og ho viser seg handlekraftig i det ho har valt å ta på seg ansvaret for henne og framtidia hennar, sjølv om ho veit det kan skape gnissingar i forholdet til Gunvald.

Etter den store krangelen med Gunvald, slår Emma fast for seg sjølv at kjærleiken ho har hatt for dei eldste barna har svunne hen:

Hun var ikke glad i Mathilde længer – og ikke i Helga heller. Hun stelte paa klærne deres, hun gav dem pyntesaker, og hun kokte kaffe til dem, trakterte med kaker og sat og fortalte og smaaapratet saa de blev i godt humør. Hun kunde ikke la det være, men hun ærgret sig over det selv, og straks de var borte fra øinene hendes, syntes hun, uf, hun var lei dem [...]. At hun ikke kunde la være at mase og gjøre sig bekymringer for deres skyld – de brød sig ikke noget om hende. Nelly var glad i hende, men bare der var den mindste ugreie med ungen, saa tænkte Emma – ja nu begynder hun og (s. 171).

Det Emma seier her er nesten sjølvmotsigande. Det verker heller som at ho ergrar seg over at ho er glad i dei når ho ikkje får igjen frå dei på same måte som ho gir: «Hun længtet bare efter at høre gode og kjærlige ord for slitet sit; hun længtet saa saart etter at nogen skulde bry sig litt for hendes skyld» (s. 172). Ho greier ikkje la vere å «gjøre sig bekymringer for deres skyld» (s. 171), ho ordnar klede for dei, gir de gåver, kaffi og kaker. Problemet for Emma vert at ho ikkje greier å *ikkje* bry seg, sjølv om ho nesten skulle ønske det:

Hun følte selv, hvor uløselig bundet hun var til disse fremmede menneskene som nu fyldte hendes hjem. Om de aldrig saa litet brydde sig om, hvordan hun hadde det, hun kunde aldrig la være at bry sig om hvordan de hadde det (s. 173).

For Emma opplevast det næraast som ei kjærlekssorg – ei sorg over å elske andre meir enn ein sjølv vert elsa tilbake. Om ein igjen ser til kjærleiken Emma kjenner for vesle Guldborg, ser ein tydeleg korleis denne vert styrka ved at ho veit at Guldborg ser på henne som mora si. På same måte oppstår avstanden til dei eldre jentene ved at ho veit at dei hugsar og er lojale til Klara.⁴⁴ Lesaren får ikkje vete meir om ei forsoning mellom Emma og jentene, som i den påfølgande avslutninga får mindre plass i forteljinga i det sonen til Emma vert født. Som ein etterverknad av Guldborg si ulykke vert det likevel hinta om at Mathilde har skjerpa seg, og den bekymringa ho ytrar for Emma som er i fødsel kan òg vere med å indikere til lesaren at ho faktisk bryr seg tilbake: «‘Aa gid aa gid, det er saa fært – aa pappa, hu dør visst – hu skriker og hu skriker.’ Mathilde storgraat selv» (s. 176).⁴⁵

⁴⁴ Eg vil minne om kva Undset skriv i eit brev til Ragna Nielsen 8. oktober 1917: «Det er ofte saa fortvilet vanskelig at være stedmor for store barn, som dessuten har sin mor i live, stadig er sammen med hende og under hendes påvirkning» (gjengitt i Slapgard, 2007, s. 188). Her er ser ein korleis dei litterære skildringane av stemora sine erfaringar moglegvis kan ha samanfall med Undset sine eigne.

⁴⁵ Det må likevel merkast at Emma si gjennomgåande og grunnleggande bekymring for å *ikkje* verte elsa tilbake på same måte som ho elskar sjølv ikkje er fullstendig irrasjonell. Medan bekymringa i relasjon til barna kan drøftast, er det ganske klart at Gunvald ikkje greier å elske Emma på same måte som han har elsa (og sannsynlegvis framleis elskar) Klara.

For meg kan det verke som at noko av den skuffelsen Emma opplever i stemorrolla kan dreie seg om kva forventingar ho har hatt til moderskapet. Vi veit at Emma har sett føre seg eit liv med barn, og med det kan ein nesten ta for gitt at det er som biologisk mor. Som det kjem fram av teorikapittelet, viser mykje av faglitteraturen om ikkje-biologisk moderskap oss at det i samfunnet rår ei dominerande oppfatning av det biologiske moderskapet som norm. Fordi det biologiske moderskapet er så nært knytt til kvinnelegheit, er det òg naturleg at dette er noko mange kvinner har sett føre seg som ein del av livet som kvinne (Letherby, 1999). Antropologen Pamela J. Downe nemner i artikkelen «Stepping on Maternal Ground: Reflections On Becoming An ‘Other-Mother’» korleis det å verte stemor på ingen måte ser ut til å vere eit mål for kvinner på same måte som det å verte biologisk mor er (Downe, 2001, s. 35). Ein kan vidare slå fast at det er forskjellar på å verte biologisk mor gjennom graviditet og fødsel, og det å verte stemor gjennom eit nytt ekteskap. I mange tilfelle, slik som hjå Emma, vert ein som stemor i større grad kasta inn i moderskapet både brått og plutselig. Som vi både har sett og skal sjå, er det store forskjellar i det å vere mor for fleire barn i tenåra og å vere mor for eitt spedbarn. Dersom forventingane Emma har hatt til moderskapet har vore som biologisk mor til eit spedbarn, gir det mening at ho kan oppleve skuffelse i morsrelasjonen til eldre barn, som attpåtil yter henne motstand. At vi i slutten av forteljinga får sjå Emma som biologisk mor er med på å styrke denne antaka.

Emma har sannsynlegvis vore noko naiv ved inngåinga til moderskapet. Den familiekvarden Emma har sett føre seg før ho vart gift og mor har aldri vore realistisk, fordi både kvarden og familielivet faktisk inneheld mange utfordringar: «[...] og i sit hjerte hadde tænkt med saart savn, hvor godt de hadde det, de som hadde snille, ordentlige mænd og pene, friske børn –» (s. 173). Ho ser heller ikkje ut til å ha teke heilt innover seg at relasjonane i familien heilt naudsynt vil endre seg i det ho vert mor. Som eg allereie har vore inne på, vert det nærast eit sjokk for barna i det dei flytter inn hjå Emma og må forholde seg til nye reglar og forventingar. Ei naturleg følge av det at Emma oppfører seg som ei mor for barna vert at dei òg tilbake behandlar ho som ei mor. Frå at ho sto i ein nærast opphøgd posisjon hjå jentene før, møter ho heller ein naturleg, familiær motstand hjå dei nå. Det vil vere eit poeng at mange av dei kjenslene Emma kjenner på i stemorrolla, er kjensler alle mødrer vil kunne kjenne seg att i. Forskjellen vert dermed at det i rolla som stemor finst rom for å skulde på mangelen på biologiske band som utslagsgivande årsak.

Det kan sjå ut som at Emma sjølv har internalisert nokon av samfunnet sitt stigma kring det ikke-biologisk moderskapet. Dette viser seg i gleda ho føler på i det dei andre mødrene på sjukehuset aksepterer henne som mor for Guldborg, heller enn «bare» stemor, slik ho sjølv føler det.

Ingen av dem visste hun bare var stedmor til Guldborg, og de trøstet hende saa pent. Emma hadde en dunkel, bevæget følelse av at hun blev indviet i et trofasthetens og modets søsterskap, og hun gik ind i det med en underlig stille andagt i sindet (s. 174).

Downe skriv at det er vanleg for stemødrer å ville passere som «normale», det vil seie biologiske, mødrer (Downe, 2001). Ei stemor vil ofte oppleve si eiga rolle som ei morsrolle, samt ha ei forståing av den kjærleiken ho har til barna som ei morskjærleik. Årsaka til at det likevel kan vere vanskeleg å verte akseptert som mor i samfunnet er sannsynlegvis samansett. Downe trekk blant anna fram korleis stemora hamnar i skuggen av den biologiske mora, og hamnar i ein sekundær posisjon fordi samfunnet og heteronorma har vanskeleg for å akseptere to mødrer for eit barn (Downe, 2001, s. 35). I dette tilfellet er den biologiske mora død: Emma er den einaste mora for Guldborg som desse kvinnene har vitna, noko som potensielt kan forklare kvifor dei aksepterer ho som «ekte» med ein gong.

Det er òg interessant å sjå korleis Emma rett før dette har observerte dei andre mødrene som er på sjukestova, og skildra dei med stor beundring:

Og de var saa snille og kjække og taalmodige; de hadde saa vondt for at komme hjemmefra, de fleste, og saa meget ekstra slit naar de gik tilbake etter denne stunden ved børnenes sykeseng, men de var saa ømme og milde og fulde av opmuntring til sine smaa, mens de sat der. Og de viste saan deltagelse for hinandens børn, at Emma blev ganske ydmyk (s. 174).

Eg vil seie at Emma på mange måtar passar inn i den oppfatninga ho sjølv har av den gode og oppofrande mora. Emma er òg ei av dei mødrene som besøker barnet sitt på sjukehuset kvar dag, sjølv om ho har andre forpliktingar på heimebane. Måten ho trøystar Guldborg på er utan tvil øm, mild og oppmuntrande: «Emma sat med barnets haand i sin. [...] Emma kjælte for den og smaanakket, fortalte om hjemmet og pappa og søstrene og vesle Olaf til fru Hansen, og om folk og barn og hunder og katter i gaten [...]» (s. 170). Men spesielt den beundringa Emma har over kvinnene si «deltagelse for hinnandens barn» (s. 174) er påfallande. For det første viser situasjonen oss tydeleg korleis moderskaplege handlingar kan gå på tvers av biologiske grenser i mange samanhengar. For det andre er det òg interessant å lese utsegna til Emma nesten som

ein slags ubevisst metakommentar til eigen situasjon – ho er ei kvinne som med heile seg tek seg av og er glad i nokon andre sine barn – og det bør beundrast.

6.6 Betydinga av biologi

I forteljinga får vi også sjå Emma som biologisk mor, og med det får Undset høve til å ytterlegare seie noko om nyansane i forholdet mellom det biologiske og ikkje-biologiske moderskapet. Vi veit at Emma er glad i barn, og har sett føre seg eit liv som mor: «Ja det hadde hun da greie paa, at giftet hun sig nogen gang, saa vilde hun da ønske hun fik stua fuld» (s. 138). I det ho giftar seg med Gunvald vert ho stemor for dei fire døtrene hans, ei rolle ho for det meste både meistrar og set pris på, men framleis har ho ikkje opplevd dei biologiske aspekta ved moderskapet. Emma vert gravid når paret har vore gift i rundt åtte månadar, og ho meldar frå om nyhenda til Gunvald med stor lykke: «Aa jeg er saa gla, saa gla» (s. 157). Som eg allereie har vore inne på, er det nærliggande å tru at Emma har sett føre seg det biologisk moderskapet, med alt det inneber, som ein del av framtida si.

I samband med graviditeten vert igjen problemstillinga om legitimitet til det ikkje-biologiske moderskapet tydeleggjort: Det er først nå Emma skal verte «ekte» mor for eit barn. I brevet frå venninna står det: «‘det glæder mig saa, at du selv snart skal faa et barn og at du er saa lykkelig for det [...]’» (s. 158). Sjølv om Emma fungerer som ei mor for jentene, er dei ikkje hennar eigne. Det viser seg å vere ei sentral utfordring for Emma i forbindning med det ikkje-biologiske moderskapet at barna ho er stemor for alltid først og fremst vil vere ektemannen sine barn. I samanheng med krangelen om Mathilde seier Gunvald det tydeleg at ho ikkje har noko bestemmingsrett over barna hans «‘[...] og trur du det at du skal raa med mig og mine unger akkurat som du hadde kjøpt og betalt kontant for vors allesammen – saa kan vi skilles for min skyld naar du vil [...]’» (s. 162). Som ei forlenging av dette kan ein sjå korleis Gunvald er tilbakehalden til den nye graviditeten:

Gunvald syntes hun kunde huske paa han hadde en hel flok unger i forveien, og hun maatte da for fan ikke vente han skulde ta dette akkurat som der aldri var født en unge til verden før i verden. Hun var i den syvende maaned nu og svært tyk allerede; Gunvald ble næsten flau, for han skjønte hun syntes denne tilstanden hendes var et slikt mirakel (s. 159).⁴⁶

⁴⁶ Eg drøftar Undset sin bruk av omgrepet «mirakel» i samhøve med moderskap og barnefødslar i kapittelet om «Thjodolf».

Dette står i stor kontrast til korleis han har stilt opp for han og Klara sine døtrer, som han i si tid tok i mot og har oppføstra med stor farskjærleik. Òg for Emma sjølv opplevast nok denne babyen på mange måtar som det første barnet hennar, særleg når Gunvald så tydeleg i krangelen legg tydeleg vekt på at døtrene er *hans* barn. Når Emma drar heimanfrå i affekt ser ein korleis ho tenker på familien som todelt, med Gunvald og jentene som éi eining og ho og babyen som ein annan: «‘Stakkars gutten min, stakkars veslegutten min – han pappa er likegla med dig og mig han –’» (s. 164). Babyen er guten *hennar*, og ho opplever at barnefaren er likegyldig til dei begge fordi han allereie har sine barn. Ho kjenner på dette tidspunktet babyen tydeleg som ein del av sin eigen kropp, noko som truleg òg med på å forsterke kjenslene av ei spesiell foreining mellom dei to.

Det ser altså ut som at biologien spiller ei rolle for både Gunvald og Emma i forbindning med foreldreskapet. Som eg allereie har nemnt i samband med drøftinga av Emma som stemor, kan det sjå ut til at spørsmålet om biologi nyttast som ei forklaring på det som vert vanskeleg eller utfordrande i den nye, samansette familien. Det er likevel fleire fleirtydelegeheter i forteljinga som gjer det vanskeleg å forstå eksakt kva rolle den kan seiast å spele. Det er ikkje lenge etter denne hendinga Emma kunngjer for seg sjølv at ho umogleg kunne vore meir glad i sitt eige barn enn ho er i Guldborg, og vi veit at Gunvald heller ikkje er biologisk far til Mathilde, som han likevel både elskar og forsvarar så inderleg som si eiga. Det kan for meg verke som at det heile kan sporast tilbake til Klara, og den spesielle posisjonen ho framleis står i hjå Gunvald. Gunvald lar ikkje Emma ta del i noko som minner han om Klara, og reagerer med ein gong ho nemner henne: «‘Ti stil!’ Han slog knytnæven i bordet. ‘*Du* er saa god du holder kjeft om a Klara, du [...]’» (s. 162). Jentene, og kanskje særleg Mathilde, er Klara sine, og difor vil han ikkje tillate Emma å vere mor for dei. Reaksjonen Gunvald får når Emma seier ho trur ho får ein gut kan vidare forklare noko om kvifor han er tilbakehalden til graviditeten. Òg her spelar minna om Klara ei sentral rolle:

Det rørte ved noget saart i ham – det tredje barnet til Klara hadde været en gut, en dødfødt gut, og han hadde været saa bedrøvet for det ikke levet. Han visste ikke om Emma kjendte til dette – det gjorde hun vel neppe. Ialfald, han følte det paa sig, med Emma kom han til at faa gutter som levet, og han tänkte paa den stakkars gutten til Klara (s. 157).

Det er interessant korleis graviditeten til Emma på mange måtar gjer at Gunvald vert konfrontert med det han sannsynlegvis allereie er klar over – at Emma har dei moderlege evnene som Klara mangla.

Når fokuset for avhandlinga er det ikkje-biologiske moderskapet kan det vere lett å oversjå dei biologiske aspekta ved det. Det er heilt klart at moderskapet ikkje treng å vere biologisk, men eit barn har likevel alltid eit biologisk opphav. Gjennom Emma sitt biologiske moderskap i forteljinga får lesaren òg skildringar av dei spesifikt biologiske morserfaringane. I denne delen er det Gunvald som har perspektivet, og situasjonen vert slik observert utanfrå. Morganen etter at fødselen har starta, ser han korleis denne pregar kroppen hennar:

Hun var paa benene da han stod op næste morgen – hadde kokt kaffe og sat og skar skolemat til børnene. Endda det var glohett paa kjøkkenet og i stuen, sat hun og kulsket, med et stort sjal om sig. Der var noe ubestemmelig forandret over hendes ansigt – trækkene var likesom opløste, og farven sat i flekker (s. 176).

Sitatet viser tydeleg Emma som mor for både jentene og babyen samstundes. Sjølv om det begynner å verte temmeleg vondt for henne, set ho jentene framfor seg sjølv – på same måte som alle andre mødrer kan verte nøydde til å gjere. Ting vert ikkje sett på pause fordi Emma skal føde, og ein vert minna om at ein fødsel eigentleg berre er ein del av kvardagslivet.

Det viser seg likevel at fødselen vert spesielt tøff for Emma, noko som på mange måtar vert eit vendepunkt for både forteljinga og for forholdet til Gunvald og Emma. Gunvald vert svært bekymra for Emma, og etterlyser henne oppi all praten om den nyfødde guten: «Disse kvindfolkene brød sig bare om ungen. Han hadde da været ræd for Emma – men hende snakket ingen om længer» (s. 180). I redselen for å miste henne verkar det som at Gunvald innser at han elskar Emma òg, om så på ein annan måte enn han har elskar Klara. Han har forstått kor mykje Emma faktisk har gjort for familien hans: «Hun var snil mot børnene og igrunden. Nogen opdragelse maatte unger ha, det var saa det, og han hadde jo litet stunder til at se etter slikt. Det var kanskje ikke saa let for Emma heller altid [...]» (s. 177), og det betyr noko for han. Frå å kjenne ei konstant misstemming mot kona si, skildrast gjensynet etter fødselen som at «det bølget varmt op i ham» (s. 180).

Slutten av forteljinga får nesten funksjon som ein epilog, der lesaren får vete korleis det går med familien ei stund etter at vesle Gustav har vorte født. Ein får inntrykket av at det næraast har vorte gjenopprettat ei form for harmoni i familielivet i det guten vart født. Undset skildrar ein sommardag veka etter sankthans. Emma ammar sonen sin på trammen, medan Gunvald hyppar poteter og Guldborg og Nelly hoppar tau med nabojentene. Eg har tidlegare argumentert for at Emma sin skuffelse av familielivet dreier seg om at forventingane hennar ikkje har vorte

møtt, men i slutten kan sjå korleis desse endeleg møtast i spedbarnet. Emma strålar som spedbarnsmor: «‘Aassaa sitten og føl ’n hadde jot den fine blusen sin – fy!’ Emma rynket brynene strengt. Gutten saa opmerksomt paa moren og rynket panden igjen. Og Emma faldt over ham med kys» (s. 181). Frå vesle Gustav får Emma foreløpig tilbake det ho gir. Vi får vete at Gunvald trass alt det føregåande har vorte glad i sonen sin: «Han var baade glad i gutten sin og kry av han. Fru Hansen hadde faat ret i det – han var blit et sjeldent pent barn [...]» (s. 181). Ein kan likevel få kjensla av ei viss ambivalens hjå Gunvald. Medan Elisabeth Aasen skriv at «Historien har en lys slutt» (Aasen, 1985, s. 88), er det eit sentralt poeng for Bliksrud at hjå Gunvald skildrar det episke forløpet i forteljinga ei kjenslemessig uttørking som er omvendt proporsjonal med den sosiale lykka han opplever (Bliksrud, 1988, s. 175). For meg viser slutten med dette på mange måtar eit realistisk bilet av familielivet. Samstundes som det finst eit indre sagn i Gunvald og ei underliggende bevisstheit i familien om utfordringar dei står ovanfor, kan likevel denne enkeltscena skildra som harmonisk. Lesaren veit at kvardagen ikkje er perfekt, men likevel er det mogleg å leve eit liv ein er nøgd med.

6.7 Dei to kvinnetypane: Hore og madonna

Det tydlegaste temaet i forteljinga er korleis dei to kvinnene, Emma og Klara, står som representantar for to ulike kvinnetypar. Som òg var tilfellet for «Thjodolf» frå same samling, er det her den tidlegare forskinga på forteljinga har sitt fokus. Ellisiv Steen kallar det «den evig gamle kontrast mellom ‘madonna’ og ‘skjøge’ som i varianter har gått igjen i alle tiders litteratur, som den gjør det i livet» (Steen, 1982, s. 43). Som òg frøken seier innleiingsvis i forteljinga, dreier det seg om å anten føle kjønnet i seg som ei drift for å leve *for* nokon eller *av* nokon (Steen, 1982). Elisabeth Aasen viser til den same todelinga i ein artikkel med tittelen «Kloke og dårlige jomfruer: Forhold til arbeid, kjærlighet og barn» (Aasen, 1985). Ho skriv at det er «forholdet til ‘bruksverdien’ av eget kjønn bestemmer deres atferdsmønster», og at dette er aller tydelegast i «Gunvald og Emma» (Aasen, 1985, s. 81). Kanskje lengst inn i ein analyse av temaet går Liv Bliksrud i *Natur og normer hos Sigrid Undset* (Bliksrud, 1988). Ho les forteljinga som eit klart uttrykk for inkongruens mellom «kultur» og lidenskap, der hovudkarakteren Gunvald står mellom Emma som representant for dyden og Klara for lasta. Bliksrud si lesing av slutten viser tydeleg korleis dyden i dette tilfellet ender med å gi tapt for lasta – at kulturen gir tapt for naturen når Gunvald gjennomgåande heilt til slutten set kjærleiken til Klara høgast (Bliksrud, 1988).

Allereie fysisk skildrast dei to kvinnene som rake motsetnadar. Klara skildrast som stygg, med negativt ladde ord: «sløvt», «grumsede», «blasse».

Naar hun sat slik i ro, var det lille skarpe ansigtet underlig dødt og sløvt under det tunge, teatersvarte haar. Det var slapt i musklerne allerede, de brune øinene var grumsede og dorske, og den store, blasse mund løs og utflytende. [...] bakom øientærnerne var de smaa jeksler borte, og naar hun smilte og viste det blanke hvite bit og de sorte huller bak, lignet hun et dyr der vil bite og æte op (s. 110).

Emma på si side skildrast som vakker. Ho er «ren og appetitlig» og «fast og fyldig»:

Emma var omrent hans jevnaldrende – hun var fyldt tredve aar, men hun saa svært ung ut der hun stod bak disken sin, ren og appetitlig i blaastripet kjole og hvitt smekkfoklæde. Solen skinnet paa hendes haar, som var det peneste ved hende [...]. Ellers var hun tæt og lubben, med rød og hvit hud, graaaktige øine og en næse som var litt utkløpet i tuppen likesom, men munden var pen, rød og fast og fyldig (s. 131).

Aasen peikar òg på antrekket til Emma som openert symbolsk: Ein sjukepleiaruniform med blåstripete kjole og kvitt forkle som utstrålar den omsorga ho har i seg (Aasen, 1985, s. 88). Medan Klara er eit «dyr der vil bite og æte op» (s. 110), oppfattar Gunvald heller Emma som «en liten tam fugl som hoppet og kvidret rundt ham» (s. 142). For Gunvald ligg forskjellen mellom dei to kvinnene i erotikken. Bliksrud skriv at medan Klara rører ved det heilt inste hjå Gunvald rører Emma berre ved dei ytste laga (Bliksrud, 1988). Gunvald vert trollbunde av Klara som strålar av seksualitet: «Naar han var alene med hende, inde pa kammerset deres, saa var hans sind saa fyldt av det, at der var ikke plass til bevissthet om noget andet. Han kunde sitte som forhekset og bare glane paa konen sin» (s. 110). Emma har derimot ikkje den same seksuelle utstrålinga. Gunvald føler på skam over ha lyst på henne: «Naar han kom til at tänke paa Emma paa den maaten, naar han hadde lyst til hende, saa skammet han sig – han kunde likesom ikke føle sig sikker paa at det var *det* hun mente» (s. 141). I ekteskapet med Emma er det framleis minna om Klara som skin sterkest, og som vi har sett er det òg her mange av utfordringane oppstår.

For Emma visast kjærleik i omsorg, og her er det Klara som kjem til kort. Emma tenker det heilt eksplisitt sjølv: «Og hun visste ikke om nogen anden slags kjærighet end den, hvis væsen det er at styre og raade en liten verden, drage omsorg for alting i den, tänke for og dægge og gi –.» (s. 167). Slik gjerast òg moderskapet til eit tema i relasjon til dei to kvinnetypane. Som eg òg har skrive om i teorikapittelet, understrekar Aasen korleis Undset så tydeleg skil mellom moderskap og moderlegheit: «Og det er nettopp omsorg, ‘moderlighet i videre forstand’, som

er grunntema i *De kloke jomfruer»* (Aasen, 1985, s. 80). Øg før ho vert biologisk mor viser Emma seg som moderleg for Gunvald sine barn. Ho gir dei omsorg og kjærleik, steller i stand klede og mat til dei, og leker og snakkar med dei. Klara er mor, men ho er ikkje moderleg: «Hun kunne nok sette barn til verden, men omsorg og moderlighet lå ikke for henne» (Aasen, 1985, s. 87). Slik ho skildrast i forteljinga set ho gjennomgåande seg sjølv først. Ho greier verken å halde i stand hus eller barn, og oppgåvane delegerast vidare til ektemannen. Det er, som sitert frå Steen innleiingsvis, tydeleg at det er hjå Emma Undset sin sympati ligg – ho vert skildra innanfrå medan Klara berre skildrast utanfrå (Steen, 1982, s. 44).

Det er nærliggande å stille spørsmålet om kvifor det er slik at Gunvald likevel vel Klara. Det er tydeleg for både han og lesaren at Emma fungerer betre i familielivet enn det Klara nokon sinne gjorde. Om ein går til psykoanalysen kan ein finne ei mogleg forklaring i hore/madonna-komplekset: At menn seksuelt føretrekk den forneda hora framfor den respekterte partnaren sin. Sigmund Freud formularar det slik: «Where they love they do not desire, and where they desire they cannot love» (Freud, 2006, s. 253). Men mindre ein skal oversjå den sterke kjærleiken Gunvald kjenner for Klara til fordel for berre erotikk, er ikkje forklaringa tilfredsstillande. Undsetforskaren Liv Bliksrud meiner at det dreier seg om at ei ny verkelegheitsforståing er i ferd med å bryte gjennom i Undset sitt forfattarskap (Bliksrud, 1988, s. 176). Undset sitt eige omgrep «det virkelig virkelige»⁴⁷ meiner Bliksrud viser til «en slags eksistensiell grenseerfaring som melder seg i forbindelse med livets meste elementære fenomener, som fødsel, erotikk og død» (Bliksrud, 1988, s. 178). Medan «kulturmennesket» Emma fortrenger denne dimensjonen i seg sjølv, opplever Gunvald nettopp dette i møte med Klara (Bliksrud, 1988).

Forteljinga om Gunvald og Emma er som nemnt kompleks når det kjem til alle dei forskjellelege relasjonane den viser fram og tematiserer. Det at Gunvald heile tida set den eigenrådige, uansvarlege og avdøde Klara framfor den omsorgsfulle og moderlege Emma ligg som eit konstant bakteppe for den familiodynamikken som oppstår og endrar seg i det han giftar seg på ny. Det er vanskeleg for Emma å finne sin plass i familien som stemor når det allereie har eksistert ei mor der tidlegare, og der minna om henne alltid vil vere til stades. Sjølv om Klara er død, må Emma på ein eller annan måte greie å definere morsrolla si som eksisterande ved

⁴⁷ I sin heilskap viser sitatet til Emma sine tankar etter ho har dratt heimanfrå i stor fortviling: «Men inderst inde visste hun, at det hun hadde oplevet de timerne der paa løkken, det var *det virkelig virkelige* –. Og fra nu av vilde alt i livet være anderledes –.» (s. 169, mi utheving).

sida av hennar – slik òg stemorforskinga viser at kan vere vanskeleg (Downe, 2001). I «Gunvald og Emma» viser Sigrid Undset tydeleg kva utfordringar som kan gjere seg gjeldande for ein familie med ste-relasjonar, der det ser ut som at den dominerande diskursen kring familie og biologi er sentrale delar av det som gjer familiekvardagen vanskeleg.

6.8 Kva har Undset fortalt oss om stemora?

I innleiinga viste eg til tal frå Statistisk sentralbyrå som tilseier at minst ein av ti barnefamiliar i Noreg i dag vil ha minst eitt særkullsbarn (Statistisk sentralbyrå, 2022a). Det betyr at det å vere steforelder er noko mange opplever, og slik kan Undset si framstillinga av stemora i «Gunvald og Emma» òg vere aktuell i dag. Det er interessant korleis stemorrolla ikkje naudsynt er noko ei kvinne ser føre seg i framtida på same måte som eit biologisk moderskap. Å verte mor som stemor er heller ein konsekvens av å gå inn i nye kjærleiksrelasjonar med nokon som har barn frå før. Med Emma viser Undset likevel korleis stemorrolla vil kunne opplevast som eit fullstendig moderskap for kvenna det gjeld, og Emma går tydeleg inn i rolla som både omsorgsgivar og oppdragar. I neste omgang vil ei potensiell utfordring vere at ikkje andre ser det på same måte. I forteljinga er det tydeleg at både Gunvald og dei eldste barna held tilbake i kva avgjerdssområde Emma skal ha, og det vert opplevd som vanskeleg for stemora å vere glad i barn som er lojale til ei biologisk mor. Dette er ein påfallande skilnad mellom stemora Emma og kvinne i dei to andre forteljingane, som i seg sjølv er sikrare i sin kjærleik barna, uavhengig av kva motstand og motstemmer dei møter. Årsaka ser ut til å vere korleis familien sjølv vektlegg betydinga av biologi. Gjennomgåande viser Undset oss at familiehistorikk, tidlegare erfaringar og ulike forventingar vil vere sentrale utfordringar for samansette storfamiliar.

7 Avslutning

I dei tre novellene «Frøken Smith-Tellefsen», «Thjodolf» og «Gunvald og Emma» skriv Undset om kvinner som har uttalte morsforhold til barn dei ikkje har biologiske forbindingar til. Det overordna spørsmålet for oppgåva har vore korleis Undset framstiller desse i forteljingane sine. Forteljarteknikken lar lesaren komme tett på moderskapserfaringane dei gjer seg, og slik gir òg Undset desse kvinnene ei stemme. Framstillinga påverkar oppfatninga lesaren får av kvinnene, og felles for dei tre forteljingane er nettopp korleis Undset får lesaren til å sympatisere med hovudkarakteren ved å gi dei perspektivet. Ho lar blant anna kvinnene sjølv uttale seg om kor høgt dei elskar barna, og alle tre kvinnene seier på eit eller anna tidspunkt i forteljingane at dei sjølv kjenner seg som mødrer for barna. Dette vert ståande som avgjerande for at ein oppfattar dei som mødrer.

Ved sida av dei konkrete fråsegna og tankane, er det morsarbeidet dei utfører òg eit tydeleg argument for å lese dei tre kvinnene som mødrer. Analysane av novellene har i stor grad lent seg på Sara Ruddick sitt moderskapssyn, der det er morsarbeidet heller enn biologi som definerer kven som er mor (Ruddick, 1989). Med utgangspunkt i dette har eg vist at Aasta, Helene og Emma alle tre tydeleg svarar på behova til barna dei tek seg av. Vi kan til dømes sjå det i måten Aasta steller den sjuke Bikku, Helene lærar Thjodolf å gå, og Emma gir jentene klede og ordentlege måltid. Andre ting som konstituerer eit moderskap er emosjonell og kroppsleg nærleik. Både Brakman og Scholz og Park gjer det til eit grunnleggande poeng i sine artiklar om ikkje-biologisk moderskap at det eksisterer ein dominerande idé om at det berre er gjennom graviditet slike naturlege band mellom mor og barn kan verte donna (Brakman & Scholz, 2006, Park, 2006). På same måte som desse teoretikarane manar til, viser Undset med forteljingane at det ikkje er naudsynt med biologiske forbindingar for skape nærleik mellom mor og barn. Kanskje særleg tydeleg vert dette i relasjonane kvinnene har til dei yngre barna: Aasta med Bikku, Helene med Thjodolf, og Emma med Guldborg.

I alle tre analysane mine har eg peika på at ein kan sjå Undset sin eigen sakprosa, og då kanskje særleg essayet «Det fjerde bud», som eit bakteppe til det ein les i novellene. For Undset er det å vere forelder eit kulturarbeid, der det å lære bort og å etter leve god moral står sentralt (Undset, 2004). Oppdragarfunksjonen hamnar med dette i sentrum, noko som òg kjem fram i novellene. Undset framstiller dei tre kvinnene som mødrer i tråd med sitt eige syn på foreldreskap – eit syn som legg til grunn det sosiale, ikkje det biologiske.

Det er påfallande korleis Undset bringer inn andre kvinner som tydelege kontrastar til hovudkarakterane, der dette i alle tre forteljingane får som funksjon å styrke inntrykket ein har av kvinnene som mødrer. I «Frøken Smith-Tellefsen» er det fru Hansen, ein fjern slekting, som påstår å vere best skikka til å ta seg av barna på grunn av dei familiære banda, medan det i både «Thjodolf» og «Gunvald og Emma» er det den biologiske mora som får ei rolle i forteljinga. Igjen vert bodskapen klar: For Undset er det ikkje biologiske band som avgjer i kva grad ei kvinne er moderleg. Ho skriv om det i essaya sine, og med skjønnlitteraturen viser ho korleis det er tilfelle. Akkurat her er Undset sitt syn på moderskap utan tvil i samsvar med det dei tre feministiske moderskapsteoriane frå seinare utpå 1900-talet vektlegg som heilt sentralt. På same måte som Simone de Beauvoir i 1949, Sara Ruddick i 1989 og Patrice DiQuinzio i 1999, viser Undset ei ikkje-essensialistisk forståing av moderskapet med forteljingane sine allereie i 1912 og 1918.

Det er interessant å sjå korleis dei tre forteljingane samstundes gjer det tydeleg at det ikkje er eit mål for Sigrid Undset å skildre den perfekte mora. Sjølv om ho har vist dei som omsorgsfulle, kjærlege og oppdragande, er det mykje ein kan innvende mot hjå både Aasta, Helene og Emma: Er til dømes Aasta for ettergivande som kostnad av å verte likt? Er Helene for opptatt av å verte sett som ei god mor av andre? Og er Emma for rask med å erklære at ho ikkje er glad i barna som gir henne motstand? Hjå Undset er det realistiske heile tida til stades, og i forteljingane viser ho til erfaringar frå det verkelege liv i det ho lar den ikkje-biologiske mora møte på utfordringane både livet og moderskapet bringer med seg. I analysen av «Thjodolf» gjorde eg det blant anna til eit poeng korleis Undset lar Helene vere uøvd i handlaget når ho bytter på sonen første gonge. I novellene vert kvinnene vist som mødrer gjennom kvardagslege handlingar, og med det gir Undset lesaren høve til å sjå at dei er som andre mødrer heller enn idealskikkelsar.

Eit mål for lesinga har vore å identifisere erfaringar spesifikke for desse kvinnene som ikkje-biologiske mødrer. Tydelegast vert det, at ved sidan av å vere som andre mødrer, greier det ikkje-biologiske moderskapet seg i stor grad om det å ikkje møte anerkjenning for det ein er. Dette er eit tema for teorien (Letherby, 1999, Downe, 2001), og kjem òg tydeleg fram i Undset sine forteljingar. I alle tre forteljingane møter dei ikkje-biologiske mødrene tydelege motstemmar som seier til dei at dei ikkje er mødrer. Det var òg her eg starta oppgåva mi med å sitere det som vert sagt til pleiemora Helene – nemleg at den biologiske mora er meir glad i barnet sitt enn ho moglegvis kan vere. Heilt eksplisitt lar Undset det verte sagt at samfunnet si

oppfatning av ei mor er ho som har født eit barn, heller enn ho som tek seg av det med omsorg. Temaet for novellene vert tydeleggjort på denne måten, og for lesaren bidrar det til ei styrka kjensle av at det er dei usette eller oversette ikkje-biologiske mødrene Undset her løftar fram.

At dei biologiske mødrene får ein plass i forteljinga, får igjen ein viktig funksjon i det at dei illustrerer ytterlegare av dei utfordringane som dei sosiale mødrene møter. Sjølv om det ikkje vil vere slik for alle ikkje-biologiske mødrer, påverkar den biologiske mora i stor grad situasjonen til den sosiale mora i forteljingane. I «Thjodolf» kjem ho fysisk på døra og krev sonen tilbake, medan ho i både «Frøken Smith-Tellefsen» og «Gunvald og Emma» er død. Sjølv den døde biologiske mora spelar ei avgjerande rolle, fordi ho av barna sjølv vert hugsa som mor. For både Aasta og Emma er det vanskeleg og sårt at dei eldste barna først og fremst er lojale til ei anna kvinne, og slik viser Undset at rolla som ikkje-biologisk mor består i stadig å forhandle kor mykje plass ein kan ta i barna sine liv. Vidare ser ein nemleg òg korleis dei biologiske fedrane ut til å påverke måten barna behandlar dei ikkje-biologiske morsfigurane sine på. I både «Frøken Smith-Tellefsen» og «Gunvald og Emma» held faren tilbake i anerkjenninga av høvesvis Aasta og Emma som mødrer, og med det kanskje både opnar dei for og tillet dei at barna gjer opprør.

Det er verdt å nemne at samstundes som nokre av utfordringane er spesifikke for kvinnene som ikkje-biologiske mødrer, er andre av dei i utgangspunktet allmenne for mødrer. Det som er påfallande i forteljingane er korleis desse likevel opplevast som spesifikt vanskelege for dei sosiale mødrene. Når det oppstår motstand i relasjon til barna, skuldar dei med ein gong på mangelen på biologiske band som eit forsvar av eige moderskap. For meg viser dette tilbake til korleis den ikkje-biologiske mora står i ein sårbar situasjon, der ho alltid kan verte klaga for moderskapet sitt. Den dominerande diskursen kring moderskap seier at sosialt moderskap ikkje er sidestilt det biologiske, og det er denne diskursen som er årsaka til at det ikkje-biologiske moderskapet kan vere prega av ambivalens. Dei kjenslene kvinnene i forteljingane kjenner på i relasjon til barna dei er mødrer for, samstemmer ikkje med det dei har vorte opplært av samfunnet til å oppleve.

Undset skriv ikkje ein utprega lykkeleg slutt for nokon av kvinnene. Dette viser naturlegvis til den realistiske tradisjonen ho er ein del av, men samstundes er det kanskje òg her ein tydelegast kan snakke om ein samfunnskritikk i skrivinga. Kvinnene, som ho har skildra som gode og omsorgsfulle ovanfor dei rundt seg, vert sjølv ulykkelege i forsøka sine på å realisere det

etterlengta moderskapet. Det ikkje-biologiske moderskapet er prega av å vere midlertidig. Når det ikkje ligg biologiske band til grunn aukar sannsynet for at ytre faktorar kan både forstyrre og avbryte dei mor-barn-relasjonane som er bygde. Spesielt i «Frøken Smith-Tellefsen» og «Thjodolf» vert det tydeleg. For Aasta er moderskapet berre ein arbeidskontrakt som tar slutt når ei anna kvinne kan ta over oppgåvene gjennom ekteskap, og Helene mistar sonen sin fordi ho gir han tilbake til den biologiske mora som ender opp med å ta livet av han. Moderskapa deira bryt med samfunnsnormene, og difor må dei i sin tur òg vike for desse. Igjen ser ein korleis samfunnet sin moderskapsdiskurs får konsekvensar for både kvinnene og barna dei tek seg av.

Eg vil løfte fram igjen Patrice DiQuinzio for å argumentere for kvifor det Undset gjer med desse tre forteljingane er av feministisk interesse. I innleiinga viser eg til eit sitat frå DiQuinzio som seier at moderskap som tema er unekteleg knytt til det som angår kvinne, anten ho har barn, ønsker barn eller ikkje (DiQuinzio, 1999). Problemet for feminismen når han skal snakke om moderskapet er at ein lett kan hamne i den fella det er å snakke om det på ein essensialistisk og reduserande måte, og slik indikere at alle kvinner både skal ønske å verte mødrer og i sin natur vere gode på dette. Patrice DiQuinzio skriv korleis løysinga på moderskapet sitt problem er å verte presentert for eit breitt utval av mødrer og morserfaringar, for slik å opne moderskapsforståinga til å inkludere fleire verkelege kvinner (DiQuinzio, 1999). Det er dette Undset gjer med skjønnlitteraturen sin når ho skildrar det betalte moderskapet til Aasta, erfaringane Helene gjer seg som pleiemor, og Emma som vert stemor. Undset viser breidda i den ikkje-biologiske mora sin situasjon når ho gjennom tre forskjellelege noveller presenterer lesaren for tre forskjellege kvinner og moderskap på ein realistisk og nyansert måte.

For Undset sjølv er skrivinga òg politisk i den grad ho skriv seg opp mot pågåande debattar. Moderskapet var eit aktuelt tema i samtida hennar, og spesielt i sakprosaen sin går ho hardt ut mot dei med andre synspunkt. Innlegga i kvinnesaksdebatten var med på å gi Undset eit stempel som antifeminist, men nærmare undersøkingar av desse i samanheng med skjønnlitteraturen viser oss igjen at dette ikkje kan seiast å vere tilfelle. Tvert i mot viser Undset si interesse i dei ikkje-biologiske mødrene sin situasjon at ho kanskje til og med var forut si tid når det kom til eit inkluderande moderskapsomgrep. Prosjektet tar høgd for at den moderne teoriseringa kring ikkje-biologisk moderskap ikkje openbert kan knytast til Undset si skriving. Det er heller ikkje målet. Målet har vore å vise korleis Undset allereie for hundre år sidan kunne avdekke og reflektere kring problemstillingar og utfordringar knytt til det å vere ikkje-biologisk mor. Likskapane i det Undset framstiller som sentrale aspekt ved sine sosiale mødrer sine situasjoner

og det som er tema i den moderne faglitteraturen, er påfallande. Bodskapen hjå begge er utvilsamt at ikkje-biologiske mødrer òg er mødrer, og at både morserfaringar og morsoppgåver er uavhengig av biologi. Eg meiner at undersøkinga av Undset si framstilling av dei ikkje-biologiske mødrene i forteljingane hennar kan bidra som nok eit motargument til den gamle førestillinga om at Sigrid Undset var ein antifeminist. I forteljingane sine skriv Undset om mødrer som elles ikkje vart sett eller høyrt, og gir dei slik ei stemme både før og i dag.

Litteraturliste

- Agerholt, A. C. (1937) *Den norske kvinnebevegelsens historie*. Oslo: Gyldental
- Anker, N. R. (1946) *Min venn Sigrid Undset*. Oslo: Aschehoug
- Barnevernsloven (2023) *Lov om barnevern*. (LOV-2021-06-18-97). Henta frå [https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97?q=Lov%20om%20barnevern%20\(barnevernsloven\)#KAPITTEL_1](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-97?q=Lov%20om%20barnevern%20(barnevernsloven)#KAPITTEL_1)
- Barone, L., Carta, A. & Ozturk, Y. (2020) Social-emotional functioning in planned lesbian families: does biological versus non-biological mother status matter? An Italian pilot studiy, *Attachment & Human Development*, 22(2), s. 143-156
- Basso, A. (2012) Englemakersene, Tobias. *Tidsskrift for Oslohistorie*, 21, s. 4-17
- Beauvoir, S. (2000) *Det annet kjønn*. Oslo: Pax forlag
- Bliksrud, L. (1981) Feminisme og antifeminisme i Sigrid Undsets forfatterskap, i Mæhle, L. (red.) *Norsk litterær årbok 1981*. Oslo: Det norske samlaget
- Bliksrud, L. (1988) *Natur og normer hos Sigrid Undset*. Oslo: Aschehoug
- Bliksrud, L. (1997) *Sigrid Undset*. Oslo: Gyldental
- Bliksrud, L. (2005) Norsk utakt. Sigrid Undset i litteraturvitenskapen. *Norsk Litteraturvitenskaplig Tidsskrift*, 8(1), s. 72-81
- Brakman, S. & Scholz, S. J. (2006) Adoption, ART, and a Re-Conception of the Maternal Body: Toward Embodied Maternity, *Hypatia*, 21(1), s. 54-73
- Brooks, P. (1995) *The Melodramatic Imagination. Balzac, Henry James, Melodrama, and the Mode of Excess*. New Haven: Yale University Press
- Chodorow, N. (1978) *The Reproduction of Mothering: Psychoanalysis and the Sociology of Gender*. Berkely: University of California Press
- Coles, P. (2015) *The Shadow of the Second Mother: Nurses and nannies in theories of infant development*. London: Taylor & Francis
- DiQuinzio, P. (1999) *The impossibility of motherhood. Feminism, individualism, and the problem of mothering*. New York: Routledge
- Downe, P. J. (2001) Stepping on Maternal Ground. Reflections On Becoming An «Other-Mother», *Journal of the Association for Research on Mothering*, 3(1), s. 27-40
- Engelstad, C. F. (1940) *Mennesker og makter: Sigrid Undsets middelalderromaner*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Engelstad, I. (1984) *Sammenbrudd og gjennombrudd: Amalie Skrams romaner om ekteskap og sinnessykdom*. Oslo: Pax

- Erikson, J. (1977) Angrepet som forvandlet seg til et forsvar. Om kvinnelighet, kjærlighet og kjernefamilie i Sigrid Undsets Jenny, i Bonnevie, M. B. (red.) *Et annet språk: Analyser av norsk kvinnelitteratur*. Oslo: Pax
- Firestone, S. (2003) *The Dialectic of Sex: The Case for Feminist Revolution*. New York: Farrar, Straus and Giroux
- Fischer, L. R. (1986) *Linked Lives: Adult daughters and their mothers*. New York: Harper & Row Publisher
- Freud, S. (2006) Concerning the Most Universal Debasement in Erotic Life, i *The Psychology of Love*. London: Penguin Books, s. 250-261
- Gilman, C. P. (1884) Of Duty Bound, i Markham, J. K. (2014) *The Complete Poetry of Charlotte Perkins Gilman, 1884-1935. Together with Commentary and Notes*. New York: Edwin Mellen Press
- Gilman, C. P. (1892) [2015] *The Yellow Wallpaper*. London: Penguin Books
- Gilman, C. P. (1898) *Women and Economics. A Study of the Economic Relation Between Men and Women as a Factor in Social Evolution*. Boston: Small, Maynard & Company
- Gilman, C. P. (1911) [2001] *The Man-Made World; or Our Androcentric Culture*. London: Humanities Press
- Hagemann, G. (2005) De stummes leir? 1800-1900, i Blom, I & Sogner, S. (red.) *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*. Oslo: Cappelen akademisk forlag, s. 157-254
- Hagen, E. B. (2004) *Litteraturkritikk: En introduksjon*. Oslo: Universitetsforlaget
- Hamm, C. (2013) *Foreldre i det moderne: Sigrid Undsets forfatterskap og moderskapets grammatikk*. Trondheim: Akademika
- Hamm, C. (2017) Fortellinger om mødre, fedre og barn. Sigrid Undsets reaksjon på debatten om De castbergske barnelover. *Edda*, 104(3), s. 262-276
- Haslund, E. (1982) Sigrid Undset - En antifeminist?, i Johnson, P. E. (red.) *Sigrid Undset i dag*. Oslo: Aschehoug, s. 11-33
- Hellesund (2001) *Den norske peppermø: Om kulturell konstituering av kjønn og organisering av enslighet. 1870-1940*. [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Bergen
- Hellesvik, S. (2003) *Vi har spadd i samme have i aar: Sigrid Undset: Fattige skjæbner og Nini Roll Anker: De Vaabenløse* [Hovudoppgåve]. Universitetet i Oslo
- Ingebrigtsen, J. N. (2022) Mine, dine og våre barn: Slik unngår du arvekonfliktene, *VG*, 22. mai. Henta 06/05/2023 frå <https://www.vg.no/dinepenger/familie/i/jayrrn/mine-dine-og-vaare-barn-slik-unngaar-du-arvekonfliktene>

- Johansen, K. (1998) *Hvis kvinner ville være kvinner: Sigrid Undset, hennes samtid og kvinnespørsmålet*. Oslo: Aschehoug
- Key, E. (1905) *Kærlighed og Ægteskab*. København/Kristiania: Gyldendalske Boghandel Nordisk Forlag
- Knudsen, S. (1985) Om at bedrive metaphor, i Granaas, R. C., Knudsen, S., Aasen, E. & Aareskjold, S. *Kvinnesyn – tvisyn: En antologi om Sigrid Undset*. Oslo: Novus forlag, s. 49-76
- Krane, B. (1970) *Sigrid Undset: Liv og meninger*. Oslo: Gyldental norsk forlag
- Kristeva, J. (1986) Stabat Mater, i Moi, T. (red.) *The Kristeva Reader*. New York: Columbia Press
- Kumano-Ensby, A. L. & Flyum, O. (2014) Året som fosterforeldre ble vår verste tid, *NRK*, 25. februar. Henta 06/05/2023 frå https://www.nrk.no/dokumentar/xl/brennpunkt_-brustne-hjerterom-1.11543423
- Letherby, G. (1999) Other than mother and mothers as others: The experience of motherhood and non-motherhood in relation to ‘infertility’ and ‘involuntary childlessness’, *Women’s Studies International Forum*, 22(3), s. 359-372
- Macdonald, C. L. (1998) Manufacturing Motherhood: The Shadow Work of Nannies and Au Pairs, *Qualitative Sociology*, 21(1), s. 25-53
- Melby, K. (2005) Husmortalid. 1900-1950, i Blom, I & Sogner, S. (red.) *Med kjønnsperspektiv på norsk historie*. Oslo: Cappelen akademisk forlag, s. 255-332
- Meyer, D. D. (2006) Parenthood in a Time of Transition: Tensions between Legal, Biological, and Social Conceptions of Parenthood, *The American Journal of Comparative Law*, 54(4), s. 125-144
- Mohr, T. (1968) *Katti Anker Møller: En banebryter*. Oslo: Tiden Norsk Forlag
- Moi, T. (1998) *Hva er en kvinne? Kjønn og kropp i feministisk teori*. Oslo: Gyldental
- Møller, K. A. (1974) *Moderskapets frigjørelse. To foredrag – fra 1915 og 1919*. Oslo: Tiden norsk forlag
- Mørkhagen, S. (1995) *Kristins verden: Om norsk middelalder på Kristin Lavransdatters tid*. Oslo: J. W. Cappelens forlag
- Naper, C. (2009) Kampen om Sigrid Undset. Eller hvem har rett til å tale når estetiske dommer skal felles?, i Sejersted, J. M & Vassenden, E. (red.) *Norsk litterær årbok 2009*. Oslo: Det norske samlaget, s. 161-180

Norgeshistorie (2018) *Dom i pleiemødre-saken*. Henta 03/02/2023 frå

<https://www.norgeshistorie.no/kilder/industrialisering-og-demokrati/K1518-dom-i-pleiemødresaken.html>

O'Reilly, A. (2010) The Motherhood Memoir and the «New Momism»: Biting the Hand That Feeds You, i Podnieks, E. & O'Reilly, A. (red.) *Textual Mothers/Maternal Texts. Motherhood in Contemporary Women's Literatures*. Waterloo: Wilfrid Laurier University Press, s. 203-214

Oftestad, B. T. (2003) *Sigrid Undset: Modernitet og katolisisme*. Oslo: Universitetsforlaget

Park, S. M. (2006) Adoptive Maternal Bodies: A Queer Paradigm for Rethinking Mothering?, *Hypatia*, 21(1), s. 201-226

Pedersen, J. (2021) Pleiemoren som utfordring i Sigrid Undsets novelle «Frøken Smith-Tellefsen», *Gymnadenia*, 2021. Henta 30/08/22 frå <https://www.undset.no/jennie-pedersen/>

Podnieks, E. (2021) 'The Synergy Between You': Mothers, Nannies, and Collaborative Caregiving in Contemporary Matroethnographies, *Life Writing*, 18(3), s. 337-354

Podnieks, E. & O'Reilly, A. (2010) *Textual Mothers/Maternal Texts. Motherhood in Contemporary Women's Literatures*. Waterloo: Wilfrid Laurier University Press

Rich, A. (1976) *Of Woman Born: Motherhood as Experience and Institution*. New York: W. W. Norton & Company

Rieber-Mohn, H. (1978) Gjensyn med fattige skjæbner, i Beyer, E. (red.) *Kvinner og bøker. Festskrift til Ellisiv Steen*. Oslo: Gyldendal, s. 149-165

Rieber-Mohn, H. (1982) *Sten på sten: Fem blikk på Sigrid Undset*. Oslo: Aschehoug & co.

Ruddick, S. (1989) *Maternal Thinking: Toward A Politics of Peace*. New York: Ballantine

Skram, A. (1892) *Forraadt*. Kjøbenhavn: Schubothes

Slapgard, S. (2007) *Sigrid Undset: Dikterdronningen*. Oslo: Gyldendal

Solberg, O. (1997) *Tekst møter tekst: Kristin Lavransdatter og mellomalderen*. Oslo: Aschehoug

Statistisk sentralbyrå (2022a) *12307: Familier med barn etter familietype, statistikkvariabel, år og region* [Statistikk]. Henta 06/05/2023 frå

<https://www.ssb.no/statbank/table/12307/tableViewLayout1/>

Statistisk sentralbyrå (2022b) *06683: Adopsjoner, etter adopsjonstype, statistikkvariabel og år* [Statistikk]. Henta 06/05/2023 frå

<https://www.ssb.no/statbank/table/06683/tableViewLayout1/>

- Statistisk sentralbyrå (2023) 13939: *Barn og unge med tiltak i løpet av året og per 31. desember, etter region, tiltakskategori, statistikkvariabel, år og alder* [Statistikk]. Henta 06/05/2023 fra <https://www.ssb.no/statbank/table/13939/tableViewLayout1/>
- Steen, E. (1959) *Kristin Lavransdatter: En kritisk studie*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Steen, E. (1982) Omkring Sigrid Undsets tidlige samtidsskildringer, i Johnson, P. E. (red.) *Sigrid Undset i dag*. Oslo: Aschehoug, s. 34-61
- Tigersted, C. (2022) Bonusfamilier i lovløst terreng, *NRK*, 5. september. Henta 06/05/2023 fra <https://www.nrk.no/ytring/bonusfamilier-i-lovlost-terreng-1.16077088>
- Undset, S. (1911) *Jenny*. Kristiania: H. Aschehoug & co.
- Undset, S. (1912) *Fattige skjæbner*. Kristiania: H. Aschehoug & co.
- Undset, S. (1918) *De kloge jomfruer*. Kristiania: H. Aschehoug & co.
- Undset, S. (1919) *Et kvindest-synspunkt*. Kristiania: H. Aschehoug & co.
- Undset, S. (2004) *Essays og artikler. 1910-1919*. Oslo: Aschehoug
- Widerøe, T. (2017) Den sosiale mor som biologisk mor, *Tidsskriftet for Den norske legeforening*, 2017(14-15)
- Winger, C. (2018) *De onde gamle dager: Barneoppdragelse gjennom tidene*. Oslo: Humanistisk forlag
- Winsnes, A. H. (1949) *Sigrid Undset: En studie i kristen realisme*. Oslo: H. Aschehoug & Co.
- Øverland, R. (1973) *Sigrid Undsets novellesamling «Fattige skjæbner»: en motiv- og tema-analyse* [Hovudoppgåve]. Universitetet i Bergen
- Aasen, E. (1985) Kloke og dårlige jomfruer. Forhold til arbeid, kjærlighet og barn, i Granaas, R. C., Knudsen, S., Aasen, E. & Aareskjold, S. *Kvinnesyn – tvisyn: En antologi om Sigrid Undset*. Oslo: Novus forlag, s. 77-102

Samandrag

Student: Sara Hjelmaas Matland

Rettleiar: Christine Hamm

Tittel: Den ikkje-biologiske mora

Undertittel: Sosiale mødrer i Sigrid Undset sine forteljingar

Denne masteravhandlinga tar føre seg tre av Sigrid Undset sine forteljingar. I «Frøken Smith-Tellefsen» fra *Fattige skjæbner* (1912) og «Thjodolf» og «Gunvald og Emma» fra *De kloge jomfruer* (1918) skriv Undset om kvinner som er mødrer for barn dei ikkje har født sjølv. Gjennom ein personorientert tredjepersonsforteljar vert dei ikkje-biologiske mødrane sine erfaringar og utfordringar løfta fram, og Undset viser med dette tydeleg ei forståing av moderskapet som noko sosialt heller enn noko biologisk. Moderskap som tema er gjennomgåande i forfattarskapet, og har i tidlegare lesingar vorte tolka som ideologifremmande og antifeministisk. Ved å undersøke korleis Undset framstiller dei ikkje-biologiske mødrane i forteljingane sine, meiner eg å vise korleis desse hundre år gamle skjønnlitterære refleksjonane kring dei ikkje-biologiske mødrane sin situasjon òg kan vere aktuelle i dag.

Forteljingane vert lesne opp mot både den samtidige moderskapsdebatten og nåtidige moderskapsteoriar, samt nyare forskingslitteratur frå ulike forskingsfelt som seier noko om ikkje-biologisk moderskap. Med omgrep frå Simone de Beauvoir, Sara Ruddick og Patrice DiQuinzio viser eg korleis ein kan forstå kvinnene i forteljingane som mødrer, blant anna gjennom det viktige morsarbeidet dei gjer. Det viser seg at forskjellane mellom morserfaringane ei biologisk og ei ikkje-biologisk mor gjer seg ikkje nødvendigvis er så store som ein gjerne har sett føre seg. At Undset òg gir rom for dei biologiske mødrane i forteljingane, viser oss tydeleg at det ikkje er biologi, men heller omsorg og oppdragarevne som avgjer moderlegheit.

I analysane av dei tre forteljingane viser eg vidare korleis Undset løftar fram mange av dei same utfordringane som den moderne faglitteratur om ikkje-biologiske moderskap peikar på. At dei ikkje-biologiske mødrane ofte ikkje vert anerkjent eller sett som mødrer, er eit gjennomgåande poeng i både teorien og skjønnlitteraturen, og difor argumenterer eg òg for at det Undset gjer med desse forteljingane er av klar feministisk interesse. Gjennom hovudkarakterane Aasta, Helene og Emma presenterer ho oss for tre forskjelle ge moderskap, og ho gjer dette på ein realistisk og nyansert måte som på mange måtar vil vise til verkelege kvinner sine situasjonar.

Abstract

Student: Sara Hjelmaas Matland

Tutor: Christine Hamm

Title: The non-biological mother

Subtitle: Social mothers in Sigrid Undset's short stories

This MA thesis examines three short stories written by Sigrid Undset. In “Frøken Smith-Tellefsen” from *Fattige skjæbner* (1912), and “Thjodolf” and “Gunvald og Emma” from *De kloges jomfruer* (1918), Undset writes about women who mother children they have not birthed themselves. Through a third person limited point of view narrator, the non-biological mothers' experiences and challenges are highlighted, and Undset clearly shows an understanding of motherhood as social rather than biological. Motherhood is a consistent theme in Undset's writings and has previously been interpreted as ideologically promoting and anti-feminist. By examining how Undset portrays the non-biological mothers in her stories, I intend to show how these hundred-year-old fictional reflections on the situation of the non-biological mothers also can be relevant today.

I read the stories in the context of the contemporary motherhood debate and modern motherhood theories, as well as recent research literature from various fields that all say something about non-biological motherhood. Using terms from Simone de Beauvoir, Sara Ruddick, and Patrice DiQuinzio, I show how the women in the stories can be understood as mothers, for example through the important mothering work they do. My research shows that the differences between the mothering experiences of the biological and the non-biological mother are not as substantial as initially expected. The fact that Undset also makes room for the biological mothers to take part in the stories, shows us that it is not biology, but rather care and guardianship that define the maternal.

In my readings of the three stories, I show how Undset points to many of the same challenges as the modern-day literature concerning non-biological motherhood. A consistent point in both theory and fiction is that the non-biological mothers often are not recognized, nor seen as mothers. Therefore, I also argue that Undset's representation of mothers in her stories are of apparent feminist interest. Through the main characters Aasta, Helene and Emma, Undset realistically nuances three different experiences of motherhood, which in several ways reflects the situations of real women.

Oppgåva si profesjonsrelevans

I denne masteroppgåva har eg gjort lesingar av tre forteljingar av Sigrid Undset: «Frøken Smith-Tellefsen» frå *Fattige skjæbner* (1912) og «Thjodolf» og «Gunvald og Emma» frå *De kloge jomfruer* (1918). Undset vann nobelprisen i litteratur i 1928, og er ein av Noregs mest internasjonalt kjente forfattarar. Likevel viser det seg at ho etterkvart lett har vorte oversett, både i litteraturvitenskapen og til dels i skulen. Under norskfagets relevans og verdiar vert det blant anna trekt fram korleis faget er sentralt for utvikling av kulturforståing, blant anna ved å gi elevane tilgang til kulturen sine tekstar (Utdanningsdirektoratet, 2020). Å løfte fram Undset sitt forfattarskap i norskundervisinga, til dømes gjennom bruk av desse forteljingane, er ut i frå eit slikt perspektiv i seg sjølv verdifullt.

Vidare kan ein sjå korleis det i kompetansemåla til vg3 står at eleven skal kunne «analysere og tolke romaner, noveller, drama, lyrikk og sakprosa på bokmål og nynorsk fra 1850 til i dag og reflektere over tekstene i lys av den kulturhistoriske konteksten og elevens egen samtid» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Her er det tydeleg korleis masterprosjektet mitt vert direkte relevant. I tillegg til å presentere ein grundig analyse av tre noveller, har eit poeng for meg vore korleis skjønnlitteratur kan verte lese som ein del av den konteksten han er skriv i. I oppgåva mi gjer eg blant anna dette ved å sjå korleis Undset skriv seg opp mot kvinnediskutantane i samtida si. Eit anna viktig anliggande for oppgåva mi har vore nettopp å vise korleis Undset si skjønnlitterære skriving òg kan vere relevant i dag. Temaet for oppgåva mi, ikkje-biologiske familierelasjonar, er aktuelt i dagens samfunn og vil direkte angå mange av elevane ein møter i skulen. Under kjernelementet «Tekst i kontekst» står det at «Elevene skal lese tekster for å oppleve, bli engasjert, undre seg, lære og få innsikt i andre menneskers tanker og livsbetingelser» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Det skjønnlitterære primærmateriale eg har basert oppgåva mi på inviterer lesaren til engasjement og innleving, gjennom blant anna ein forteljar som gir tilgang til hovudkarakterane sine tankar og erfaringar.

Norskfaget dreier seg òg i stor grad om å skive, noko ein kan sjå både i kompetansemåla og under «Grunnleggende ferdigheter» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Her vil eg påstå at masterarbeidet i seg har vore utviklande for meg som ein framtidig lærar som skal støtte elevane i slikt arbeid. Gjennom arbeidet med masteroppgåva har eg hatt høve til å gå i djupna på eit avgrensa tema, og presentere dette som ei omfattande skriftleg oppgåve. Erfaringane frå det siste året som masterstudent vil eg ta med meg inn i skulen når eg skal utøve lærarprofesjonen.

Tilhøyrande litteraturliste

Utdanningsdirektoratet (2020) *Læreplan i norsk* (NOR01-06). Henta 08/05/2023 frå
<https://data.udir.no/kl06/v201906/laereplaner-lk20/NOR01-06.pdf?lang=nob>